

Årsmelding og årsrekneskap 2022

Tekstversjon av digital utgåve publisert på:

https://pub.framsikt.net/2022/vindafjord/mr-202212-årsmelding_og_årsrekneskap_2022/



Innhold

Kommunedirektøren sine kommentarar	3
Økonomiske nøkkeltal og analyse.....	5
Personal og organisasjon.....	19
Investeringer	30
Oppfølging av klima.....	39
Status overordna mål og strategiar.....	46
Oppfølging av vedtak og oppdrag	51
Oppfølging av planer	58
Samfunns- og befolkningsutvikling	59
Kommunen sine rammeområde	71
Årsrekneskap	151
Vedlegg.....	180



Kommunedirektøren sine kommentarar

Vindafjord kommune si årsmelding for 2022 vert med dette lagt fram. Håpet var at 2022 skulle bli eit år for "normalisering" etter to år som var svært prega av Covid-19. Når året no er omme, kan vi trygt konkludere med at resultatet ikkje heil vart slik.

Året starta med at restriksjonane som hadde prega samfunnet gjennom pandemien vart oppheva. Dei fleste i samfunnet var vaksinert, og Covid-19 vart ikkje lenger rekna for å vera ein like alvorleg sjukdom. I denne fasen vart det ein auke i sjukdomstilfelle i samfunnet, noko som igjen førte til eit auka sjukefråvær og blant dei kommunalt tilsette. I denne perioden vart det likevel levert gode tenester frå Vindafjord Kommune, mellom anna fordi mange tilsette tok ekstravakter og utførte overtidsarbeid. Dette var mellom anna mogeleg fordi KS og organisasjonane inngjekk ein tidsavgrensa avtale om kompensasjon for slikt arbeid. Sjølv om regjeringa gav uttrykk for at kommunane skulle få kompensert utgiftene med Covid-19-pandemien, var det ikkje før i desember Vindafjord kommune kunne vere trygge på omfanget av kompensasjon for desse kostnadane. Samla sett for 2022 fekk kommunen kompensert omlag 90% av kostnadane med pandemien.

24. februar 2022 endra tryggleikssituasjonen i Europa seg. Russland invaderte Ukraina, og det var igjen krig i Europa. Krigen medfører ei bølgje av flyktningar frå Ukraina til øvrige land i Europa, og sjølv om nabolaanda tok imot dei fleste av desse flyktningane, kom det omlag 35 000 flyktningar til Noreg frå Ukraina gjennom 2022. Vindafjord Kommune vart oppmoda om å auke mottaket av flyktningar frå 10 til 55, noko som vart gjort gjennom året, og som sette press på både integreringstenesta (som og har ansvaret for Etne kommune ettersom Vindafjord kommune er vertskommune for NAV Etne Vindafjord), men og på tenester som barnehage, skule og helse.

Sjølv om det for Vindafjord kommune sin del var talet på flyktningar som var det mest synlege biletet på den endra situasjonen i Europa, så var det og merkbart at vårt naboland i nordaust gjennomførte ein invasjon i Ukraina. Det vart eit auka fokus på å tryggje naudsynt infrastruktur, det vart ein auka fokus på mogelege radioaktive utslepp frå atomkraftverk i Russland og det vart ein auka fokus på mogeleg spionasje frå andre land. Sjølv om dei fleste av desse utfordringane vert handtert av overordna mynde, så har kommunane og ulike roller i dette arbeidet. Dette vert koordinert av statsforvaltaren i Rogaland, og med jamlege møter med kommunane.

Hausten 2021 såg Europa ein kraftig auke i energiprisane, som ein følge av at Russland reduserte gassseksporten til Europa. Dette gjorde seg og utslag i høge energiprisar i Noreg i siste del av 2021 og gjennom heile 2022. For Vindafjord Kommune sin del såg vi ein kraftig auke i kostnadane til straum gjennom 2022, og ved slutten av året enda forbruket langt over det som låg til grunn ved budsjettet for 2022. I tillegg var det merkbart for våre tenester, mellom anna for NAV, at dei høge energiprisane gav utslag i økonomien til mange av innbyggjarane i kommunen, og mellom anna vart det utbetalt langt meir sosialstønad enn tidlegare år.

Gjennom pandemien vart rentene, både i Noreg og i resten av verda, sett kraftig ned. I 2022 gjekk styringsrenta frå 0,5 % ved inngangen av året til 2,75 i desember. Renteauken gjorde seg og utslag i dei kommunale rentekostnadene, og sjølv om kommunen, gjennom aktiv forvaltning av låneporteføljen, ikkje fekk like stor auke i renteutgiftene som endringa i styringsrenta skulle tilseie, så var det merkbart auka kostnadar for kommunen i 2022. I tillegg hadde øvrige prisar ein kraftig auke gjennom 2022, med ein inflasjon på opp mot 7 % i løpet av året. Saman med eit lønnsoppgjer som og vart høgre enn det som låg til grunn ved budsjettet for 2022 medførte dette ein auka kostnad for kommunen gjennom året.

I 2022 vart ein langvarig prosess med ein ny barnehage- og skulebruksplan avslutta med kommunestyret sitt vedtak i kommunestyret i juni. I forkant av dette vart det gjennomført ein omfattande



høyringsprosess med 409 høyringssvar, og ein serie med folkemøte i dei 9 bygdene gjennom våren. Dette var ei sak som skapte stort engasjement både i kommunen og i organisasjonen, og som var svært tidkrevjande for delar av organisasjonen, men det vart gjennomført sin ein omfattande og open prosess der alle fekk høve til å legge fram sine synspunkt.

I samband med årsoppgjaret for 2021, sette kommunestyret av inntil kr 500 000 for å kunne tilby ei markering til alle tilsette i Vindafjord kommune, som ein takk for innsatsen gjennom pandemien. Det var difor kjekt å kunne invitere alle tilsette til "Vindafesten" i november 2022, med arrangement i Ølen Kulturhus med "Kor e Vindafjord", Linda Eide og Kine Nesheim trio tre dagar til ende.

Regjeringa la i 2022 fram ein plan med eit mål om utbygging av 30 GW havvind på norsk sokkel innan 2040, og med mål om utlysing av dei første områda i 2023. Gjennom produksjonen av understell til Hywind Tampen på Dommernes i Vikebygd, fekk Vindafjord kommune vist fram at vi har gode areal for utvikling av ein industri på dette feltet. Gjennom hausten vart det difor intensivert eit arbeid med å sjå på korleis dette regulerte området kan utviklast. Dette er eit arbeid som har stor interesse både lokalt, regionalt og internasjonalt, og som kan bidra til nye arbeidsplassar i kommunen. Målet er at dette arbeidet skal konkretisere seg vidare gjennom 2023.

Vindafjord kommune leverte eit svært godt økonomisk resultat og i 2022. Hovudsakleg skuldast dette stor grad av meirinntekter både gjennom svært stor skatteinngang, auka utbytte frå Haugaland Kraft og auka integreringstilskott som følgje av auka busetting av flyktninger. Det er viktig å merke seg at det frå finansdepartementet og KS vert anslått at det meste av meirskatteinngangen i 2022 ikkje kan rekna til bli vidareført i 2023 og framover, og slik sett må rekna som "eingangspengar" for 2022. Med andre ord kan ein ikkje planlegge framtidig drift med bakgrunn i eit tilsvarande inntektsnivå. Det er difor hyggeleg å sjå ei positiv utvikling i den underliggende drifta, særskilt innanfor Helse- og omsorg, der avvik frå vedteke budsjett vart redusert. Mellom anna starta ein i 2022 opp i prosjektet TØRN i regi av KS, der mellom anna turnusplanlegging og oppgåvefordeling i tenestene blir gjennomgått. Arbeidet vil og i større grad setje kommunen i stand til å møte dei endringane i behov som kjem som følgje av dei demografiske endringane i samfunnet. Samla sett kan vi etter 2022 setje av midlar til framtidig reserve og til mogeleg eigenfinansiering av framtidige investeringar, gjennom avsetjing til disposisjonsfond.

Med årsrapporten legg eg fram eit konsentrert oversyn over dei kommunale aktivitetane gjennom 2022. Det betyr at rapporten ikkje er uttømmande på det som kvar dag skjer i kommunen, der tilsette 24 timer i døgnet og 365 dagar i året står på og gjer ein innsats til det beste for innbyggjarane. Eg er takknemleg for den innsatsen dei tilsette legg ned.

Ølen, 30/3-2023

Yngve Folven Bergesen
Kommunedirektør



Økonomiske nøkkeltal og analyse

Handlingsreglar - finansielle måltal

Vindafjord kommune vedtok hausten 2020 tre økonomiske handlingsreglar som det skal styrast etter og rapporterast på. Dei finansielle måltala er lokale økonomiske handlingsreglar som skal vere retningsgivande for kommunen si økonomistyring og bidra til ei forsvarleg langsiktig økonomisk utvikling.

Finansielle måltal	2020	2021	2022	Mål
Netto driftsresultat bør utgjere minimum 1,75 prosent av brutto driftsinntekter.	5,77 %	5,02 %	6,31 %	1,75 %
Netto lånegjeld bør utgjere maksimalt 80 % av brutto driftsinntekter	59,68 %	54,47 %	56,50 %	80 %
Disposisjonsfond bør utgjere minimum 7,5 % av brutto driftsinntekter	18,36 %	17,42 %	21,94 %	7,5 %

Ved utgangen av 2022 var kommunen godt innafor alle dei tre handlingsreglane/måltala.

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse for kommunen, og viser kor mykje som kan disponerast til avsettingar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. For tredje året på rad veldig godt og over den generelle tilrådingane på 1,75 % som også Vindafjord kommune har vald å legge til grunn. Årsakene til det gode resultatet er gjort nærmere greie for i neste kapittel.

Netto lånegjeld er langsiktig gjeld minus ubrukte lånemidlar og utlån og viser kor mykje gjeld kommunen har i forhold til dei årlege inntektene. Per 31.12.22 har kommunen omlag kr 60 millionar i ubrukte lånemidlar. Hadde alle investeringane vore gjennomført ville justert tal vore 63,1 %.

Disposisjonsfondet er kommunen sin frie midlar og den viktigaste bufferen mot at uføresette økonomiske hendingar skal gje direkte effekt på tenestetilbodet med ein gang. Merk at desse også inkluderer også midlar avsett til framtidig premieavvik på omlag kr 61 millionar, justert for dette utgjere disposisjonsfondet 14,6 % av brutto driftsinntekter som er omlag av det doble av måltalet.

Økonomisk resultat i 2022

2022 var det tredje året med ei drifta prega av korona, men som i dei to føregåande åra enda med ei eit veldig godt netto driftsresultat. Det gode resultatet skuldast hovudsakleg sentrale meirinntekter, spesielt frå skatt. Både landet og kommunen hadde ein høgare og ekstraordinær skatteinngang enn venta.

Ekstraordinær skatteinngang

Det er ulike årsaker til det gode resultatet, men den viktigaste forklaringa er ekstraordinær stor skatteinngang både lokalt og nasjonalt. Nasjonalt vart denne ca. 36 milliardar større enn det som vart lagt til grunn ved statsbudsjettet for 2022. I behandlinga av statsbudsjettet for 2022 blei det vedtatt ei auke i utbytteskatten frå 2022. Dette førte til at mange skattytarar tok ut ekstraordinært utbytte i 2021. Dei færreste innbetalte forskotsskatt i 2021 for dette utbyttet, med den følgje at innbetalte restskatt i 2022 blei uvanleg høg. Skatteinngangen i Vindafjord hamna på 114,1 % av snittet i Noreg. Samla



skatteinngang ble 68,713 millionar høgare enn 2021 og heile 36,1 millionar over justert budsjett. Justert for høgare trekk i inntektsutjamninga fekk kommunen eit netto positivt budsjettavvik frå skatt på litt over 25 millionar. Isolert sett svarar dette til eit netto driftsresultat på 2,74 %, altså fekk kommunen nesten eitt og eit halv tilrådd netto driftsresultat "på toppen" på grunn av skatteinngangen.

Ekstra utbytte frå Haugaland Kraft

Mot slutten av 2022 vart det vedteke ekstraordinært utbytte frå Haugaland Kraft. Dette utgjorde ca. 8 millionar kroner for Vindafjord kommune som ikkje var budsjettert. Dette kom i tillegg til ordinært utbytte frå selskapet, som hamna 6,1 millionar over opphavleg budsjett. Totalt fekk Vindafjord kommune 23,6 millionar i utbytte frå selskapet for 2022.

I tillegg blei utbetalinga frå Havbruksfondet større enn budsjettert, kommunen fekk totalt 11,3 millionar mot 8 millionar i budsjettet.

Store koronarelaterte utgifter også i 2022

Vindafjord kommune hadde høge ekstrautgifter knytt til koronapandemien også i 2022, hovudsakleg knytt til uvanleg høgt sjukefråvær i starten av året og ein dyr overtidsavtale. Samla blei det bokført om lag 19 millionar. I fyrste halvår fekk kommunen utbetalt berre litt over 1 million ekstra som statleg finansiering av desse ekstrautgiftene, og det var ein uklar faktor fram til saldering av statsbudsjettet i desember 2022 kor stor kompensasjon kommunen faktisk ville få. I desember fekk kommunen utbetalt totalt 15 millionar i ekstra rammetilskot og skjønnsmidlar, slik at samla kompensasjon for Covid-19 til slutt utgjorde i underkant av 90 % av kommunen sine ekstrautgifter.

Tok imot 55 flyktninger

Kommunen tok i mot totalt 55 flyktningar i 2022 og fekk om lag 19 millionar i integreringstilskot. Det er om lag 4 millionar meir enn justert budsjettert. Kommunen får fullt tilskot for mottak av flyktningar det første uansett på kva tid av året ein flyktning blir busett, og mykje av kostnadane til busettinga vil kome i åra som ligg føre oss.

Framleis meirforbruk i drifta

I den underliggende drifta er det framleis eit samla meirforbruk, men avviket innanfor helse og omsorg er mindre enn det har vore dei siste åra og har vist ein nedgåande trend gjennom hausten. Størsteparten av avviket er knytt til ressurskrevjande brukarar. I tillegg er det negative avvik innanfor rammeområde forvaltning, drift og utvikling, dels grunna høge straumprisar. Samla avvik blei 18,677 millionar. Av desse gjeld 6 millionar endring i reknesaksprinsipp (anordning av lønn i desember 2022, utbetalt i 2023) som gir eit stort avvik utover budsjett og som rammeområda ikkje har hatt styring over. Mesteparten gjeld helse og omsorg. Justert for dette er avviket omlag 12 millionar. Avvika elles er nærmere omtala under kvart rammeområde.

Investeringar

Investeringsutgiftene enda på 108,5 millionar kroner i 2022. Kommunen har ei brei investeringsportefølje med både små og store prosjekt. Solbakken er det største enkelprosjektet med 33 millionar i 2022. Kommunen har også investert om lag 26 millionar i Nerheim næringspark og brukt over 20 millionar samla til investeringar innan vatn og kloakk.

Økonomiske konsekvensar av covid-19

Kommunen har gjennom året forsøkt å kartlegge direkte ekstra utgifter og reduserte inntekter knytt til koronapandemien gjennom bruk av prosjektkoder i rekneskapen. Oversikten nedanfor viser status per 31.12.21 per utgiftskategori og per rammeområde.

Ekstra utgifter og reduserte inntekter relatert til koronapandemien, bokført på prosjektnummer

Konto	Rammeområde				Sum
	Administrasjon og fellesdrift	Oppvekst og kultur	Helse og omsorg	Forvaltning, drift og utvikling	
Lønn og sosiale utgifter	212 248	2 023 003	12 782 580	1 248 099	16 265 930
Forbruksvarer og tenester		3 189	2 307 580	162 723	2 473 492
Kjøp av tenester			3 696		3 696
Overføringer		797	86 169	40 681	127 647
Salsinntekter (mindreinntekt)		442	- 1 104		- 662
Refusjonar		- 797	- 638 289	- 40 681	- 679 767
Sum	212 248	2 026 634	14 540 632	1 410 822	18 190 336

Tabellen over viser kor mykje som er bokført på ulike prosjektkodar knytt til ekstrautgifter til korona for 2022 per rammeområda. Det er knytt ein del usikkerheit til tala då det kan vere både under- og overrapportering i tala. Til dømes ved fråvær ville nok kommunen hadde noko fråvær ved sjukdom uansett og ein er avhengig av at alt fråvær og vikarutgifter blir rapportert riktig i rekneskapen.

Merk at ikkje alle utgiftene er ekstrautgifter utover budsjett. I nokon tilfelle viser dei omprioritering av ressursar frå "vanleg" drift til anna/ekstra drift i samband med pandemien. Det er heller ikkje i stor grad bokført noko ekstra kostnad på meirarbeidet som jamt over er utført innafor ordinær ramme i høve planlegging og omlegging av drift.

KS inngikk 20. desember 2021 [ein sentral avtale med arbeidstakarorganisasjonane](#) som minst dobla betalinga for overtidsarbeid og i mange tilfelle også meirarbeid under koronapandemien, og opna mellom anna for å bruke overtid i større grad for å mobilisere overtid. Vindafjord kommune tok som dei fleste andre kommunar avtalen i bruk ut fram til den gjekk ut i april 2022. Ein stor del av ekstrautgiftene i 2022 er knytt til denne avtalen. I tillegg har kommunen drifta oppfølging med testing og vaksinering i tråd med sentrale retningslinjer.

Statlege løyingar

Samla fekk Vindafjord kommune til slutt 16,2 millionar i direkte ekstra løyingar knytt til koronapandemien. Dette er 2 millionar lågare enn utgiftene på litt over 18,2 millionar og gir ein stipulert



dekningsgrad på omlag 89 %. Det var lenge usikkert om og kor mykje kompensasjon kommunane ville få i 2022, og mesteparten blei løyvd i samband med nysaldert budsjett for 2022 og utbetalt rett før jul.

Ekstra løyvingar	
Løyving gjeld	Sum
Dekking midlar til vaskinajonsuitgifter (Prop. 51S)	- 1 136 000
Forlening va kvalifikasjonsprogrammet (Prop 48 L)	- 12 000
Revidert nasjonalbudsjett (beredskap for testing)	- 323 000
Nysaldert budsjett 2022 Innbyggjartilskot	- 7 925 000
Nysaldert budsjett 2022 Skjønnstilskot	- 6 372 000
Nysaldert budsjett 2022 Koronavaksinasjonsprogrammet	- 428 000
Sum	- 16 196 000
av dette rammetilskot	- 9 396 000
av dette skjønnstilskot	- 6 372 000

I budsjettet for 2022 fekk kommunedirektøren løye til følgjande: *"Alle ekstra løyvingar i rammetilskotet, og eventuelle skjønnstilskot, kommunen får i 2022 til dekking av meirutgifter og mindreinntekter på grunn av koronapandemien vert sett av til eige disposisjonsfond. Kommunedirektøren får fullmakt til å disponere avsettinga, og fordele dei ut til rammeområda for å dekke meirutgifter og mindreinntekter som følgje av koronapandemien."*

Alle midlane er sett av til fond og brukt frå i skjema 1A, og fordelt ut til rammeområda etter bruk i skjema 1B. Det betyr at i stor grad har einingane fått dekka sitt netto meirforbruk knytt til koronapandemien i dei oppgitte netto rekneskapstala. Underdekninga er lagt til Helse og omsorg.

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjer Opph. bud. Rekneskap Avvik i kr			
Sum generelle driftsinntekter	-645 540	-634 151	-706 841	32 812
Avskrivinger	32 402	31 000	31 041	-41
Motpost avskrivninger	-32 402	-31 000	-31 041	41
Netto finansutgifter	4 710	21 295	6 117	9 057
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	73 402	19 880	61 863	-32 202
Til disposisjon	-567 429	-592 976	-638 862	9 667
Finans	-14 661	0	-9 011	9 011
Administrasjon og fellesdrift	47 432	53 482	50 488	1 873
Oppvekst og kultur	221 064	228 203	230 564	17
Helse og omsorg	266 242	262 254	307 713	-16 272
Forvaltning, drift og utvikling	47 351	49 037	59 108	-4 295
Sum disponering	567 429	592 976	638 862	-9 667
Meirforbruk -/mindreforbruk +	0	0	0	0



KOSTRA hovudtall

	Vindafjord 2021	Vindafjord 2022	Rogaland	Landet uten Oslo	Kostragruppe 01
Prioritet					
Avsetning til bundne fond (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	0,7	0,2	0,0	0,3	0,3
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger (B)	99 580	106 464	97 787	100 969	100 083
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	1,8 %	3,4 %	2,6 %	2,1 %	1,8 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger (B)	97 843	102 892	95 289	98 818	98 284
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	17,5 %	21,8 %	16,4 %	14,5 %	12,0 %
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger (B) **)	68 552	73 503	69 019	69 845	68 331
Økonomi					
Avdrag (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	3,0 %	2,8 %	4,4 %	4,1 %	4,0 %
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	10,2 %	12,0 %	13,0 %	14,0 %	13,8 %
Frie inntekter i kroner per innbygger (B) **)	64 809	69 478	66 436	66 080	64 541
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	5,1 %	6,2 %	5,5 %	2,6 %	1,7 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B)	53 927	60 576	72 224	93 929	98 204
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	54,2 %	56,9 %	73,9 %	91,0 %	93,6 %

Vindafjord kommune ligg relativt godt an på dei økonomiske hovudindikatorane, samanlikna både med kommunegruppa (KOSTRA-gruppe 01) og resten av landet.

Kommunen hadde i 2022 mykje høgare frie inntekter per innbyggjar enn både KOSTRA-gruppa og landet. 69 478 kr per innbyggjar i Vindafjord, samanlikna med 66 080 kr for landet utgjere rett over 30 millionar meir i frie inntekter i Vindafjord enn landssnittet. Samstundes bukar også kommunen meir pengar per innbyggjar enn landssnittet. Brutto tal viser det same biletet.

Netto driftsresultat på 6,2 % er eit veldig godt resultat, og godt over kommunen sitt måltal på 1,75 %. Samla fekk kommunesektoren eit veldig godt resultat også i 2022, men kommunen ligg likevel over tre gangar så høgt som KOSTRA-gruppe 01 som hamna på 1,7 % og ein del over dobbelt av landet som hamna på 2,6 %. Samstundes ser me at resultatet i Rogaland var veldig godt, med 5,5 % som gjennomsnitt.

Netto lånegjeld i % på 56,9 % av brutto driftsinntekter ligg også markant under landssnittet på 91 %, og godt under kommunen sitt måltal på 80 %. Omgjort til kroner har kommunen omlag 295 millionar mindre enn i gjeld enn om kommunen skulle vore på landssnittet. Samstundes ser me at investeringsnivået i kommunen er noko lågare i forhold til brutto driftsinntekter enn landet, og at kommunen bruker ein relativt sett lågare del av brutto driftsinntekter til å betene gjeld.

Kommunen sitt disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter er med 21,8 % nesten dobbelt så stort KOSTRA-gruppe 01, og godt over landssnittet. Størrelsen seier likevel ikkje noko om i kor stor grad midlane er bunde opp i planlagde investeringar og premieavvik.

KOSTRA-tal for dei ulike tenestane kommunen leverer kjem fram under omtale i rammeområda. Merk at alle tal er førebelse tal og endringar vil kunne komme fram til endeleg publisering i juni.

Sentrale inntekter



Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Frie disponible inntekter					
Rammetilskudd	-256 150	-255 712	-241 390	-230 543	-10 847
Inntekts- og formuesskatt	-338 883	-323 289	-371 489	-407 596	36 107
Eiendomsskatt	-35 263	-35 500	-35 500	-35 805	305
Andre generelle driftsinntekter	-15 245	-19 650	-25 650	-32 897	7 247
Sum Frie disponible inntekter	-645 540	-634 151	-674 029	-706 841	32 812

Dei sentrale inntektene hamna på 706,841 millionar, heile 32,812 mill. over justert budsjett (4,9 %). Avviket skuldast hovudsakleg høgare skatteinntekt med 36,1 millionar, som gav ei auka trekk i inntektsutjamninga med 10,7 millionar. Det var også positive budsjettavvik på generelle driftsinntekter som dels skuldast høgare utbetalingar frå Havbruksfondet og dels høgare integreringstilskot enn budsjettet. Veksten i dei sentrale inntektene frå 2021 blei på 9,4 %.

Rammetilskudd

Kommunen fekk samla 230,543 millionar i rammetilskot mot eit justert budsjett på 241,390 millionar som gir eit avvik på 10,487 millionar. Avviket skuldast høgare skatteinngang enn venta og dermed høgare trekk i inntektsutjamninga. Opphavleg budsjett var 255,712 millionar og justeringane skuldast i all hovudsak justeringar som følgje av koronapandemien gjennom året og ekstraordinær skatteinngang. Det var justeringar i begge tertialrapportane og i tillegg etter delegert fullmakt.

Ekstra midlar i samband med koronapandemien

Ordinært rammetilskot hamna om lag på budsjett, 258,569 mill. mot 258,457 mill. i justert budsjett. Kommunen fekk 1 000 000 i ordinært skjønnstilskot.

Kommunen fekk 8,465 millionar i ekstra ordinært rammetilskot og 6,372 millionar i ekstra skjønnstilskot knytt til koronapandemien som blei utbetalt rett før jul. Midlane blei etter fullmakt sett av til fond og etterpå fordelt ut til einingane til å dekke meirutgifter i tråd med delegert fullmakt.

Inntektsutjamning

Inntektsutjamninga avhenger av skatteinngangen i Vindafjord samanlikna med landet. Vindafjord kommune hadde høgare skatteinngang enn gjennomsnittet (114,2%) og blei etter dette trekt 35,397 mill. Dette er vel 10,8 millionar meir enn budsjettet. Høgare trekk heng saman med høgare skatteinngangen enn venta, og må sjåast i samanheng med skatteinngangen (sjå omtale under skatt på inntekt og formue nedanfor).

På grunn av ekstraordinære skatteinntekter i 2022 blei det i Revidert nasjonalbudsjett vedteke at ein god del av meirinntektene frå skatt skulle gå til staten. Dette vert løyst gjennom at kommunane blei trekt 9,1 mrd. i rammetilskot, der 25 % av trekke blei fordelt likt mellom kommunane og 75 % etter stipulert meirinntekt der ein og tek omsyn til inntektsutjamninga. For Vindafjord kommune blei dette trekket 19,12 millionar.

Inntekts- og formuesskatt


Samla skatteinntekter i Vindafjord enda på 407,6 millionar, heile 20,3 % høgare enn 2021. Dette gav eit positivt avvik mot justert budsjett på heile 36,1 millionar.

I Statsbudsjettet for 2022 var det lagt til grunn ein reduksjon i skatteinntektenasjonal på 2,1 % samanlikna med 2021. Budsjettet i Vindafjord var basert på dette og det var lagt til grunn ein skatteinngang på 103 % av landet.



Skatteinngangen i fyrste halvår var mykje høgare enn berekna og etter revidert nasjonalbudsjett (RNB) blei det lagt til grunn ein vekst for landet på 6,4 %. Dette svarar til ein auka skatteinngang på omlag 17,4 mrd. kroner samanlikna med Statsbudsjettet. Hovudforklaringa til auken skuldast auka uttak av utbytte frå personlege skattytarar i 2021. I behandlinga av statsbudsjettet for 2022 blei det vedtatt ei auka i utbytteskatten frå 2022. Dette førte til at mange skattytarar tok ut ekstraordinært utbytte i 2021. Dei færraste innbetalte forskotsskatt i 2021 for dette utbyttet, med den følgje at innbetalte restskatt i 2022 blei uvanleg høg.

Vekst i skatteinngangen per månad samanlikna med
året før




I 1. tertialrapport blei budsjettet difor justert opp med 48,2 millionar. Det blei lagt til grunn ein skatteinngang som RNB og at Vindafjord kommune vil hamne på 109,8 %.

Samla for landet blei veksten heile 12 % høgare enn 2021. Det vil seie at Vindafjord hadde ein høgare vekst enn landet i 2022. Viss ein samanliknar skatteinngangen per innbyggjar hamna Vindafjord kommune på 114,1 % av landet som er den høgaste skatteinngangen i prosent av landet kommunen har hatt dei ti siste åra.



Skatteinngang og inntektsutjamning for Vindafjord kommune i % av landet



Eiendomsskatt

Samla inntekt frå eigedomsskatt enda på 35,805 millionar, 305 000 over budsjett. Inntekter frå eigedomsskatt var omlag ein halv million høgare enn i 2021.

Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter består av tre hovudpostar, integreringstilskot, utbetaling frå Havbruksfondet og rente- og avdragskompensasjon.

Havbruksfondet

Det var budsjettert med 8 millionar frå Havbruksfondet i 2022. Det var knytt stor usikkerheit til kva faktisk utbetaling ville bli, og endeleg tal blei kjent først i desember. I 2020 og 2021 blei det delt ut 3,25 mrd. til kommunane og fylkeskommunane frå Havbruksfondet. På grunn av lågare inntekter frå auksjonane hausten 2022 såg det ut til at utbetalingane for 2022 og 2023 skulle bli mindre, men regjeringa vedtok å legg inn 800 millionar ekstra i ordninga, slik at potten for desse åra blir 3,59 milliardar. Av desse blir 7/8-delar fordelt til kommunane. Vindafjord sin del i 2022 var 0,419 %, ein liten reduksjon frå 2021 når delen var 0,426 %. Endeleg utbetaling viste ei utbetaling på 11,337 millionar, 3,337 millionar over budsjett.

Utbetalingane frå Havbruksfondet variera ganske mykje frå år til år, kommunen fekk berre 2,79 millionar i 2021. Dette er forklaringa på at andre generelle driftsinntekter har så stor auke frå 2021.

Integreringstilskot

Det var budsjettert med omlag 9 millionar i generelle flyktningstilskot. Opphavleg budsjett la til grunn 10 nye flyktningar i 2022. Etter oppmoding frå IMDI busette kommunen 55 flyktningar i 2022. Budsjettet blei i 2. tertialrapport auka opp til 15 millionar, men det blei varsla at inntekta truleg ville bli ein god del høgare. Rekneskapen viser eit samla tilskot på omlag 19 millionar, 4 millionar over justert budsjett.



Rente- og avdragskompensasjon

Det var budsjettet med 2,65 millionar i rente- og avdragskompensasjon. Rentekompensasjon tek utgangspunkt i basisrenta til Husbanken. Basisrentene blir berekna på grunnlag av eit gjennomsnitt av observasjonar av dei beste lånetilboda i marknaden og fastsett på etterskot 6 gonger per år. Frå basisrenta for flytande rente blir det trekt frå 1,25 prosentpoeng for å komme fram til ei årlig effektiv rente som gir kompensasjon. Rentenivået var veldig lågt i rasten av året, og det er knapt utbetalt kompensasjon for renter sidan basisrenta aukar seinare enn rentemarknaden generelt. Rekneskapen viser utbetalingar på 2,46 millionar, 190 000 under budsjett.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud.	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Finansinntekter/-utgifter					
Renteinntekter	-4 024	-3 800	-3 800	-9 066	5 266
Utbytter	-14 671	-11 500	-17 621	-27 567	9 946
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-9 431	0	0	4 618	-4 618
Renteutgifter	7 090	10 455	10 455	11 992	-1 537
Avdrag på lån	25 745	26 140	26 140	26 140	0
Sum Finansinntekter/-utgifter	4 710	21 295	15 174	6 117	9 057

Netto finans viser eit positivt budsjettavvik på 9 millionar. Avviket skuldast hovudsakleg hovudsakleg ekstraordinært utbytte frå Haugaland Kraft AS på 8 millionar.

Renteinntekter

Renteinntektene består av bankinnskot, direkteeigde rentebærande verdipapir som vert forvalta på vegner av kommunen etter avtale og ansvarlege utlån. Rekneskapen viser inntekter på rett over 9 millionar, vel 5,25 millionar over budsjett. Avviket skuldast ei brå rentestigning gjennom året saman med god likviditet og høgare inntekter enn berekna.

Renter på bankinnskot gav samla nesten 5,5 millionar i inntekter, og renter frå obligasjonar utgjorde omlag 2,25 millionar. Renteinntekter på Startlån utgjorde om lag ein halv million.

Ansvarlege lån til Haugaland Kraft og Haugaland Næringspark AS gav ei renteinntekt samla på om lag 550 000. Rentevilkåra på desse låna er basert på rente året før rekneskapsåret, slik at grunnlaget var den relativt låge renta i 2021.

Det er i tillegg bokført kr 280 000 i renteinntekter frå Ølen Næringspark AS som kompensasjon for at kommunen først fekk oppgjer når tomtane blei seld vidare til sluttkjøpar.

Utbytter

Vindafjord kommune fekk kr 27,655 millionar i utbytte i 2022, over dobbelt så mykje som i 2021 og nesten 10 millionar over justert budsjett. Det var opphavleg budsjettet med kr 11,5 millionar i utbytte. Budsjettet blei justert opp til 17,621 mill. i 1. tertialrapport i tråd med vedteke utbytte frå Haugaland Kraft AS, som blei høgare enn venta på grunn av høgare straumprisar i 2021. På hausten blei det vedteke tilleggsutbytte frå selskapet på grunn av ekstraordinære inntekter gjennom 2022 av same grunn. Av dette fekk Vindafjord kommune totalt rett over 8 millionar samla i to utbetalingar.

I tillegg fekk kommunen utbytte frå aksjeposten i Skånevik Ølen Kraftlag AS på kr 396 000 og utbytte frå kommunen sine eigenkapitalbevis med 1,539 millionar.



Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler

I 2021 hadde kommunen sin verdipapir, hovudsakleg eigenkapitalbevis i norske bankar, ein ekstraordinær verdiauke og det blei bokført ein vekst på nær 40 %. I 2022 blei det ein korreksjon i tråd med usikkerheita i verda med høg inflasjon og rentehevingar, som gav ein turbulent marknad. Eigenkapitalbevisa hadde ein negativ avkastning på over 8 % i 2022. Det er bokført eit papirtap på kr 4,6 millionar.

Renteutgifter

Det var samla budsjettet med omlag 10,455 millionar. Rekneskapen viser samla renteutgifter på 11,991 millionar som er 1,456 millionar over budsjett og 4,8 millionar meir enn i 2021.

Dei siste åra har kommunen hatt ein kortsiktig strategi (Korte lån utan lange rentebindingar), og nytt godt av låge renter. Ulempa med denne strategien er renteutgiftene stig kjapt i tråd med renteaugen som var gjennom 2022. Budsjettet tok høgde for noko auke i renta, og det var lagt til grunn ei rente på 1,76 % på lån som ikkje hadde fast rente.

I januar refinansierte kommunen eit lån til eit rente på rett over 1 % for 4 mnd. Til samanlikning blei det i august gjort ei refinansiering der kommunen fekk ei rente på rett under 3 % på eit 2 års FRN-lån (Lån med fast margin mot NIBOR 3 mnd). Vekta snitt-rente i heile porteføljen auka frå 1,19 % ved starten av året til 2,95 % ved utgangen av året.

Avdrag på lån

Avdrag på kommunen sine lån blei betalt i tråd med budsjett. Årets avdrag blei skilt ut som eit eige avdragslån og hadde forfall 20. desember. Dette blei gjort for å dra nytte av positiv rentemargin mot eigne innskot.

Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Oph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Avsetnader og bruk av avsetnader					
Overføring til investering	50 489	6 050	6 550	6 550	0
Avsetninger til bundne driftsfond	1	0	0	1 157	-1 157
Bruk av bundne driftsfond	-100	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	51 826	17 830	44 884	58 233	-13 349
Bruk av disposisjonsfond	-28 813	-4 000	-21 774	-4 077	-17 697
Netto avsetnader	73 402	19 880	29 660	61 863	-32 202

Disponeringar vert i all hovudsak ført på slutten av året (periode 12) i tråd med budsjett. I tillegg vert det gjort ein rekke ikkje-budsjetterte føringa i tråd med kommunen sitt økonomireglement. Merk at oversikten viser berre sentrale fondsføringer og ikkje føringa som er gjort i rammeområda.

Overføring til investering

I 2022 er all finansiering ved bruk av disposisjonsfond til investeringar overført til investeringsrekneskapen som budsjettet. I tillegg er det overført midlar til eigendeltiskot i KLP

Avsetninger til bundne driftsfond



Avvik skuldast at det er inntektsført midlar frå ulike legat i kommunen sin rekneskap, som er sett av til bunde fond med kr 1,154 mill.

Avsetninger til disposisjonsfond

Samla avsetting til disposisjonsfond var 58,376 millionar. Det er i tråd med justert budsjett sett av 16,196 mill. til fond korona (som så er disponert ut igjen) og udisponert resultat med kr 28,688 mill. Det er i tillegg sett av 13,492 mill. meir enn justert budsjett. Det skuldast at det er gjort følgjande ikkje budsjetterte avsettingar etter delegert fullmakt:

- kr 8,824 mill. til disposisjonsfond for framtidige pensjonsforpliktingar som gjeld årets premieavvik (KLP)
- kr 4,065 mill. til fond flyktningar som er meirinntekter integreringstilskot
- Kr 143 776 som gjeld parkeringsinntekter Fjellstøl
- Kr 460 000 som gjeld delvis mindreforbruk i rammeområda

Bruk av disposisjonsfond

Bruk av disposisjonsfond viser 5,5 mill. mot eit justert budsjett på kr 22,039 mill. Det er i samband med årsavslutninga gjennomført strykingar på kr 18,2 mill.

Det er i tillegg gjort følgjande ikkje budsjetterte avsettingar og bruk av fond etter delegert fullmakt:

- Kr 0,502 mill. frå disposisjonsfond for framtidige pensjonsforpliktingar som gjeld årets premieavvik (SPK)
- Kr 1,165 mill. gjeld overføring av midlar frå disposisjons-fond til bunde fond for midlar som har vore feilført tidlegare (øyremerka tilskot til kalking)

Utvikling i netto driftsresultat


Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap bud.
Bruk av avsetninger				
Bruk av bundne driftsfond	-12 346	-4 670	-4 923	-9 562
Bruk av disposisjonsfond	-57 125	-5 735	-22 039	-5 508
Sum bruk av avsetnader	-69 471	-10 404	-26 962	-15 071
Avsetninger				
Overføring til investering	51 004	6 050	6 550	6 748
Avsetninger til bundne driftsfond	6 167	304	304	7 220
Avsetninger til disposisjonsfond	54 851	17 830	44 884	58 377
Sum avsetnader	112 022	24 184	51 738	72 344
Netto driftsresultat	-42 551	-13 780	-24 776	-57 273
Sum driftsinntekter	-847 461	-804 972	-852 196	-913 906
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	5,0 %	1,7 %	2,9 %	6,3 %

Netto driftsresultat enda på 6,3 %, betydeleg over både budsjettet, tilrådd nivå og Vindafjord kommune sitt finansielle måltal på 1,75 %. Ser ein kommunen sine resultat over dei siste 10 åra hadde kommunen betre resultat berre i 2013 og 2017. Samstundes har det vore ganske store variasjonar mellom åra. Med unntak for perioden 2014 til 2016 har kommunen hatt eit netto driftsresultat betydeleg over opphavleg budsjett. 2016 var det siste året kommunen låg under gjennomsnittet i landet for skatteinngang per innbyggjar. Høg skatteinngang er ein viktig forklaringsfaktor for dei gode resultata dei siste åra.



Netto driftsresultat, ti siste år



Driftsresultat inkl. avsetning/bruk av fond

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Oph. bud.	Rev. bud.
Sum generelle driftsinntekter				
Rammetilskot	-256 150	-230 543	-255 712	-241 390
Inntekt- og formuesskatt	-338 883	-407 596	-323 289	-371 489
Eigedomsskatt	-35 263	-35 805	-35 500	-35 500
Andre generelle driftsinntekter	-15 245	-32 897	-19 650	-25 650
Sum Sum generelle driftsinntekter	-645 540	-706 841	-634 151	-674 029
Netto finansutgifter				
Renteinntekter	-4 117	-9 136	-3 879	-3 879
Utbytte	-14 671	-27 567	-11 500	-17 621
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidde	-9 431	4 618	0	0
Renteutgifter	7 093	12 001	10 456	10 456
Avdrag på lån	25 745	26 140	26 140	26 140
Sum Netto finansutgifter	4 620	6 056	21 217	15 096
Sum sentrale inntekter og finansposter	-640 920	-700 785	-612 934	-658 933
Tenesteområda - drift	598 370	643 512	599 154	634 157
Netto driftsresultat	-42 551	-57 273	-13 780	-24 776
Sum driftsinntekter	-847 461	-913 906	-804 972	-852 196
Driftsresultat i prosent av driftsinntekter	5,0 %	6,3 %	1,7 %	2,9 %

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Oph. bud.	Rev. bud.
Overføring til investering	50 489	6 550	6 050	6 550
Avsettingar til bundne driftsfond	6 167	7 220	304	304
Bruk av bundne driftsfond	-100	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-28 813	-4 077	-4 000	-21 774
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0
Avsettingar til disposisjonsfond	54 851	58 377	17 830	44 884
Avsetninger til bundne driftsfond	-6 166	-6 063	-304	-304
Avsetninger til disposisjonsfond	-3 025	-144	0	0
Netto avsetninger - sentrale poster	73 402	61 863	19 880	29 660




	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Avsetninger til bundne driftsfond	6 166	6 063	304	304
Avsetninger til disposisjonsfond	3 025	144	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-12 246	-9 562	-4 670	-4 923
Bruk av disposisjonsfond	-28 312	-1 431	-1 735	-266
Overføring til investering	515	198	0	0
Netto avsetninger i tenesteområda	-30 851	-4 589	-6 100	-4 885
Sum sentrale inntekter og finansposter	42 551	57 273	13 780	24 776

Balansen

Arbeidskapital

Arbeidskapitalen er eit mål på kommunen si likvide stilling, og gir eit uttrykk for kommunen sin evne til betale sine betalingsforpliktingar etter kvart som disse forfell. Arbeidskapitalen er omlaupsmidlar minus kortsiktig gjeld. Utviklinga skapast av frigjorte midlar, med frådrag for dei som brukast til investeringar.



I 2022 blei arbeidskapitalen styrka frå 309,612 millionar til 341,897 millionar. Korrigert for premieavvik er arbeidskapitalen 274,801 millionar. Til samanlikning var samla driftsutgifter per månad i 2022 gjennomsnittleg på kr 74 millionar.

Likviditetsgrad


Likviditetsgraden gir eit uttrykk for kommunen si evne til å dekke sine kortsiktige forpliktingar, og er forholdet mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld.

Likviditetsgrad 1 består av alle omlaupsmidlar sett i høve til kortsiktig gjeld. Omlaupsmidlar bør vere delvis finansiert av langsiktig kapital, og bør difor vere større enn den kortsiktige gjelda. Forholdstalet på god likviditet er sett til 2. Per 31.12.22 er likviditetsgrad 1 til kommunen 3,58 som er ei lita styrking samanlikna med 2021.

Likviditetsgrad 2 består av dei mest likvide omlaupsmidlane (bank og obligasjonar) sett i høve til kortsiktig gjeld. Dei mest likvide omlaupsmidlane bør vere minst like store som kortsiktig gjeld, altså eit forholdstal på 1. Per 31.12.22 er likviditetsgrad 2 til kommunen 1,71 som er ei styrking samanlikna med 2021.



Utvikling likviditetsgrad




Likviditeten til Vindafjord kommune er noko styrka i 2022. Auken skuldast hovudsakleg at bankinnskot har auka med i underkant av 50 millionar.

Fondsmidlar

Dei kommunale fonda er delt inn i disposisjonsfond, bundne driftsfond, ubundne investeringsfond og bundne investeringsfond. Bundne drifts- og investeringsfond er midlar som er avsett til bestemte formål i samsvar med lov, forskrift, rekneskapsprinsipp eller eksterne vilkår (døme arv eller gave til særskilte formål). Under desse kjem unytta øyremerka midlar som må betalast attende dersom dei ikkje vert nytta i samsvar med føresetnaden. Ubundne investeringsfond gjeld midlar som må settast av til og nyttast i investeringsrekneskapen, og kor kommunen sjølv kan velje til kva formål. Disposisjonsfond (ubunde driftsfond) vil sei avsette midlar som ikkje er øyremerka for bestemte formål.

Utvikling fond



I 2022 er disposisjonsfonda samla styrka med over 50 millionar. Generelt disposisjonsfond er auka med 38,6 millionar. Pensjonsfondet er auka me kr 8,3 millionar som svarar til netto premieavvik, og fond integreringstenesta er auka med kr 7 millionar på grunn av høgare integreringstilskot enn utgifter.

Bunde fond er redusert med 2,3 millionar. Dei største endringane gjeld ein samla reduksjon på sjølvkosttenestene, då spesielt avlaup, på 4 millionar. For meir detaljer vert det vist til eigen note.



Ubunde investeringsfond er styrka med i underkant av 11 millionar som skuldast sal av fleire kommunale eigedommar.

Bunde investeringsfond er auka frå 0,6 millionar til 3,2 millionar på grunn av ekstraordinære avdrag på Startlån som er sett av for å kunne lånast ut på nytt igjen.

Type disposisjonsfond	IB 1.1	Endring	UB 31.12
Pensjonsfond (premieavvik)	52 700 484	8 321 980	61 022 464
Generelt disposisjonsfond	72 412 198	38 610 826	111 023 024
Buffer finansielle tap på langsiktige plasseringer	8 059 705	-	8 059 705
Fjellstøl parkering	687 304	143 776	831 080
Integreringstenesta	3 794 199	7 089 320	10 883 519
Utbygging av breiband	1 103 175	-329 001	774 174
Delegert avsetting rammeområda	3 390 000	197 200	3 587 200
Andre	5 474 333	-1 165 850	4 308 483
Sum	147 621 399	52 868 251	200 489 650

Personal og organisasjon

Organisasjon og medarbeidarar

Kommunen leverer tenester "frå vugge til grav" til innbyggjarane i Vindafjord. Kommunen er organisert i sektorar, med kvar sin kommunalsjef for oppvekst, helse/omsorg og samfunnsutvikling.

Kommunedirektøren si leiargruppe består i tillegg av kommunalsjef økonomi og kommunalsjef personal og organisasjon. Vindafjord kommune har i underkant av 900 medarbeidarar fordelt på omlag 640 årsverk. Kommuneorganisasjonen har 25 resultateiningar, dei fleste av desse innafor oppvekst. Ni av dei er skular. Tre av skulane er oppvekstsentre, med barnehagar integrert. I tillegg er det fire "reine" barnehagar. Det er fire stabsavdelingar: Økonomi, personal og organisasjon (inkl. løn), service og fellesstenester og IKT. IKT er eit av fleire interkommunale samarbeid, og i dette tilfellet er vertskommunen Etne.


Organisasjonen Vindafjord kommune er fleksibel, og det vert stadig vurdert betre måtar å organisera kommuneorganisasjonen på, til beste for tenestene. I 2022 vart det gjort endringar innafor oppvekstsektoren si organisering, og det vart gjort ein del endringar/avklaringar i grensesnittet mellom



kultur (samfunnsutvikling) og læring (oppvekst). I tillegg vart det gjort eit grep med tanke på det me kallar Familieteamet, slik at dette vart samla under ein og same leiar. Det vert også gjennomført diverse meir eller mindre inngripande organisasjonsendringar på einings- og avdelingsnivå, når det er hensiktsmessig. Her er det viktig å ha eit godt samarbeid med tillitsvalde, for å få gode resultat.

Vindafjord er vertskommune for fleire interkommunale samarbeid, f.eks. barnevern og PPT. Tenestekontoret er stabsavdeling innafor helse og omsorg, ein sektor med seks resultateiningar. Her vart det gjort organisasjonsendringar i 2021, i form av å vidareføra tidlegare omorganisering av omsorgssentra. Der ein tidlegare hadde integrerte tenester i Ølen og Vats, gjekk ein over til delt heimeteneste/institusjon. I 2021 vart institusjonstenesta slått saman til eitt område med felles leiar, medan heimetenesta vart skilt ut som eiga eining.

Området for samfunnsutvikling består av kommunalteknisk, areal og forvaltning, reinhald samt kulturdelen av eininga Kultur og læring.



Vindafjord kommune skal vera ein omstettingsdyktig og serviceinnstilt organisasjon til beste for innbyggjarane. For å få til dette, er det nokre faktorar som må vera på plass internt i organisasjonen. Me må ha tilsette som har evne og vilje til stadig forbetring, som arbeider saman på tvers av interne skiljelinjer, og som er tilsett i ein godt styrt og økonomisk ryddig organisasjon.

Heiltid

Heiltidarbeidet starta i samband med KS sitt prosjekt "Nytt Blikk" i 2018. I 2022 fekk me mykje sterkare moment i dette arbeidet, gjennom pleie og omsorg si deltaking i TØRN. TØRN har vore orientert om både i kontaktmøte og i ADMU. Heiltidsjobbing elles har i stor grad gått over i drift, og einingane det gjeld har fokus på heiltid i sitt daglege virke. Dei mest relevante einingane har vore sterkt påverka av pandemien dei siste åra. Konkrete mål om å auka heiltidsandelen og gjennomsnittleg stillingsstorleik er oppnådd. Heiltidsandelen er auka frå 27,4% i 2015 til 43,6% i 2021 (PAI-tal for 2022 er ikkje klare). Gjennomsnittleg stillingsstorleik er auka frå 67,2% i 2015 til 78,7% i 2021. Dette er kulturarbeid, og vil ta tid å endra. Det er likevel gjort betydeleg framgang på berre nokre få år. Heiltidsarbeidet er svært viktig



for kommunen som arbeidsgjevar då auka grad av heiltid vil ha positive konsekvensar både på arbeidsmiljø og tilsette sin trivsel, kontinuitet i tenesta og brukarane sin trivsel samt leiarane sin kapasitet til å følgja opp sine tilsette.

i 2022 vart det planlagt ei intern undersøking av uønskt deltid i organisasjonen, men denne vart ikkje gjennomført før i 2023.

Tillitsvalde og verneapparat

Samarbeidet mellom kommunedirektør og hovudtillitsvalde, inkludert hovudverneombod, vert opplevd som godt. Det er halde jamlege møte også i 2022. Kommunedirektøren har kontaktmøte med hovudtillitsvalde omrent kvar månad, kor heile kommunedirektøren si leiargruppe plar vera tilstades. Dette kjem i tillegg til ei rekke andre drøftingsmøte for eksempel i samband med omorganiseringar, budsjett, overtal og anna.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og administrasjonsutvalet (ADMU)

I 2022 vart det halde fire ordinære AMU-møte og tre ekstraordinære, medan det vart halde fire ADMU-møte.

Tariff 2022

I 2022 vart det gjennomført sentrale forhandlingar mellom KS og organisasjonane. Oppgjeret enda med semje mellom KS og 37 av dei 40 fag forbunda som er part. Tre organisjonar, deriblant Utanningsforbundet gjekk ut i streik. Streiken varte i fleire månadar, før regjeringa foreslo tvungen lønsnemnd i slutten av september og arbeidet vart tatt opp igjen. Riksloinsnemnda kom med si kjenning i februar 2023. Det endelege økonomiske resultatet av tariff 2022 var difor ikkje kjent før uvanleg lenge etter forhandlingsstart.

Det var ikkje lokale forhandlingar i kap. 4 i 2022.

Medarbeidarundersøking

Me gjennomførte ei medarbeidarundersøking i heile organisasjonen i 2022. Undersøkinga skulle eigentleg vore gjennomført tidlegare, men me vurderte arbeidssituasjonen til den einskilde som så lite representativ nokre stader, at me valde å utsetja. I dei åra vart det understreka frå kommunedirektør at det i mangel på medarbeidarundersøking var viktig å halda medarbeidarsamtalar. Undersøkinga heiter 10 faktor, og er ei anerkjent undersøking som også KS har vore med å utvikla. Svaroppslutninga var på 75,8%. Mange einingar/avdelingar hadde 100% svar, og enda fleire over 80%. Resultata har vore presentert både for leiarforum, kontaktmøtet, AMU og ADMU. Alle dei overordna resultata på dei ti faktorane, var anten like eller betre enn sist gong me gjennomførte same undersøking. Einingane/avdelingane tok deretter oppfølgingsarbeidet ut i organisasjonen.

Vindafesten

Vindafesten var eit arrangement som vart halde som ei gáve til tilsette som takk for innsatsen, særleg i pandemitida. Den vart halde tre kveldar etter kvarandre, for å sikra at også turnusarbeidande skulle ha høve til å finna ein kveld kor dei kunne delta. Den siste kvelden var den med desidert flest deltakrar, og dette vart kombinert med ei markering for jubilantar i forkant. Arrangementet var svært vellykka, me



mottok mange positive tilbakemeldingar etterpå og reknar med at dette også har positive ringverknader for blant anna omdømet til kommunen som arbeidsgjevar.

Rekruttering og lærlingar


Det kan vera utfordrande å rekruttera f.eks. sjukepleiarar, legar, i nokon grad tilsette innafor oppvekstsektoren, fagarbeidarar på teknisk og av og til leirarar. Rekruttering er noko av det aller viktigaste me driv med, på grunn av at det er så avgjeraande for tenestene me gir til innbyggjarane våre. Det er difor innveva i det meste me gjer, planlegg og freistar å løysa i kvardagen.

Den skildra vedvarande mangelen på kompetanse/personell som vil koma for alle kommunar er heilt sentral. I mange år har me spelt inn økonomi og trongare handlingsrom for eksempel i svara på debettheftene frå KS. Kanskje er det slik at det om ei stund ikkje er økonomien som begrensar oss mest, men mangelen på folk. Kommunane har utfordringar allereie i dag med å dekke behovet for kompetent arbeidskraft. Desse utfordringane vil bli forsterka dei komande åra som følge av den demografiske utviklinga. Difor må kommunen i større grad planlegga for at tilgang på arbeidskraft og kompetanse blir meir og meir avgrensa. Dette har vore høgt på agendaen i 2022, og vidare inn i 2023 blant anna som følgje av Helsepersonellkommisjonen si utgreiing "Tid for handling". Kanskje er det ikkje eingong mogleg for kommunane å vinna kampen om arbeidskrafa, når me veit at alle sektorar vil trenga meir folk i åra framover. Det vil ikkje vera mogleg for kommunane å utkonkurrera andre på løn. Det er difor heilt naudsynt at kommunane finn andre måtar å vera attraktive arbeidsgjevarar på, og også finn andre måtar å jobba på slik at arbeidskraftbehovet kan bli redusert, heller enn å streba etter å oppretthalda/auka mengd arbeidstakarar. Dette er arbeid som inngår i vår kvardag heilt naturleg, i 2022 for eksempel i samband med TØRN og heiltidsjobbing innafor helse og omsorg. Det inngår også naturleg i alt arbeid me gjer med tanke på omdøme, leiarskap, digitalisering, innovasjon, organisasjonsstruktur, medverknad for eksempel i Ungdomsrådet samt utvikling av gode arbeidsmiljø og lågast mogleg sjukefråvær.

Lærlingar

Me har sidan 2012 hatt 15 lærlingplassar i Vindafjord. Det vart då auka frå tolv plassar. Vindafjord kommune er ei anerkjent lærebodrift, og har motteke mykje ros for måten ein følgjer opp lærlingane på og det systemet ein har rundt det. Det krev ressursar å ta imot lærlingar. Kommunen er med i Haugaland Opplæringskontor, og har fast plass i styret der. Opplæringskontoret tar mykje av arbeidet kring lærlingane, og samarbeidet fungerer godt. Som vist under, er Vindafjord kommune den største lærebodrifa i Opplæringskontoret si portefølje. Kommunen har tatt samfunnsansvar i mange år. Som omtalt i budsjett og økonomiplan frå 2021, er det ikkje lengre budsjett til å ta inn 15 lærlingar. Dette skuldast delvis at lærlingane i 2020 fekk nye pensjonsrettar. Frå 1.1.2020 vart lærlingane med i pensjonsordninga, noko som naturleg nok aukar utgiftene per lærling.

I 2021 vart det vurdert at det per då var budsjett til 11-12 lærlingar, men på grunn av lågare innsøking så vart ikkje alle plassane fylt opp det året uansett.



Biletet over viser tal lærlingkontraktar for dei største lærlingbedriftane i Haugaland Opplæringskontor si portefølje. Tala er ei oppsummering av alle kontraktar frå oppstart av Opplæringskontoret i 1996. Gamle Ølen kommune sine kontraktar er med i tillegg.

Lærlingane våre har tradisjonelt vore mange innanfor helsefag og barne- og ungdomsarbeidarfaget. I tillegg har me hatt inne lærlingar på kontorfag, institusjonskokk, IKT og feiar. Tilsøkinga på helsefag har hatt ein kraftig nedgang dei siste åra, som forhåpentlegvis er forbigåande. Me har i stor grad klart å gi søkerar frå Vindafjord plass, og me prioriterer førsteganglærlingar for å få det til.

I 2022 hadde me totalt 13 lærlingar inne i løpet av året. Fem av desse i helsefag, åtte i barne- og ungdomsfaget. Alle kvalifiserte søkerar fekk tilbod om læreplass. To lærlingar bestod fagprøven i 2022, ein i kvart fag. Kommunen har også opna for deltaking i ordninga «Fagbrev på jobb». Her er det mogleg å ta fagbrev på anna vis, ei ordning som ofte passar godt for dei som allereie har jobba nokre år hjå oss. Fagbrev via denne ordninga kan tas medan ein går i jobb, og ein får utteljing for praksis. Desse går ikkje via sentral administrasjon i kommunen, så her kan det også vera tilsette som tar fagprøven utan at me har oversikt over dei før dei eventuelt skal ha endra stilling/løn.

Likestilling

Vindafjord kommune har ca. 87 % kvinnelege tilsette. Dette er ein stor del, også samanlikna med kommunesektoren elles som har litt jamnare fordeling mellom kvinner og menn (ca 75%). På einingsleiarnivå er to av 34 leiarar menn. På kommunedirektørnivå er per utgongen av 2022 fire av seks menn. Her er altså kvinneankelen 33%. Kommunen har ei relativt tradisjonell fordeling mellom kjønn, kor det er få menn for eksempel i barnehagane og fleire for eksempel på teknisk. Me har tru på at eit mangfold er godt både for arbeidsmiljø og andre ting, og ynskjer difor gjerne ei litt mindre tradisjonell fordeling her. Me har ikkje forska på det, men det er nærliggande å tru at ein kommune som Vindafjord, som er ein mellomstor kommune med eit over gjennomsnittet vitalt næringsliv og jordbruk, kan vera gjenstand for eit enda skarpare skilje mellom mannlige og kvinnelige sysselsetjing enn gjennomsnittskommunen. Altså at fleirtalet av menn jobbar i næringslivet, medan fleirtalet av kvinner jobbar i kommunen.

At Vindafjord kommune har såpass låg andel tilsette menn, gjer også at det kan vera misvisande med diverse lønsstatistikkar då menn er så til de grader underrepresentert. Dei fleste av våre tilsette ligg i



kapittel 4 i Hovudtariffavtalen, som betyr at løn vert sentralt bestemt og i stor grad er fastsett ut frå tabell og eventuelle funksjonstillegg eller liknande, som er like for alle uavhengig av kjønn eller andre variablar.

Me ynskjer å utvikla heiltidstanken for alle våre tilsette. Det viser seg likevel at det i hovudsak er kvinner som går i deltidsstillingar. Dette arbeidet er difor på mange måtar eit likestillingsarbeid, og ei kulturendring som i stor grad påverkar kvinner. Pr. 31.12.2021 hadde me ein total heiltidsandel på 43,6 %. Det har vore ei positiv utvikling her, frå 27,4 % i 2015. Kvinnelege tilsette har 40,2% % heiltid, og menn har 68,8%. Dei siste åra har det vore ei lita auke på kvinner, og ei stor auke på menn. Noko av den store auka på menn handlar om at brannmennene no er ute av kommunen og inne i eit IKS. Desse utgjorde ein relativt stor del av mannlege tilsette, men hadde stort sett svært små stillingar. Såpass liten er vår organisasjon, og med såpass få menn, at dette gjorde stort utslag på heiltidsstatistikken for menn. Det er også grunnen til at det ikkje alltid er presentert tal på menn/kvinner når det gjeld heiltid hjå oss, rett og slett fordi det kan henda at det så få menn representert at statistikken blir for gjennomsiktig.

Gjennomsnittleg stillingsprosent i kommunen er 78,7 %. Den har til liks med heiltidsdelen auka dei siste åra, frå 67,2 % i 2015. Her er gjennomsnittet for kvinner 78,3 % medan menn har 86%. Generelt har me sett at me, trass i høg deltidsandel på kvinner, har ein noko høgare gjennomsnittleg stillingsstorleik på dei same kvinnene. Det kan tyda på at me i Vindafjord har ein ganske liten del kvinner i heiltidsstillingar, men at dei likevel går i relativt store stillingar, f.eks. i 80%. Dette kjenner me igjen frå røynda i organisasjonen, kor det ser ut til at ein del kvinner aller helst vil ha stillingar i storleik 60-80 %. Det er i endring, men dette handlar om å endra kultur. Det vil difor gå sakte, men forhåpentlegvis fortsetja å betra seg. Arbeidsgjevar ynskjer seg i utgangspunktet tilsette i fulle og store stillingar, der det er mogleg å få til.

Me hentar desse opplysningane frå PAI-statistikken, og den er ikkje klar for året 2022 enda.

Likestilling kan også handla om integrering basert på andre faktorar enn kjønn. Menneske med funksjonsnedsettingar, menneske med anna etnisk bakgrunn, menneske med ulik seksuell orientering eller kjønnsidentitet og menneske med hol i CV-en kan også vera del av dette. Kommunen ynskjer å vere ein arbeidsplass som integrerer og involverer alle våre ulike medarbeidarar, og dermed redusere risikoen for diskriminering og andre hindre for likestilling.

Me ynskjer også eit mangfold i alderssamsetning i kommunen.

Aldersfordeling per 2021:

Alder	Antall	Prosent
0 - 29	98	11,07 %
30 - 39	163	18,42 %
40 - 49	251	28,36 %
50 - 59	241	27,23 %
60 - 69	132	14,92 %



Både Hovudtariffavtalen og Arbeidsmiljølova har føringar for tilrettelegging av seniorar. Me følgjer desse. Me har seniorelement i medarbeidarsamtalane våre, og me har jamnlege seniorsamlingar og individuell pensjonssamtalar for dei som ynskjer det.

I 2020 blei likestillings- og diskrimineringslova endra med tanke på arbeidsgjevars aktivitets- og redegjørelselsplikt. Lova omtalar arbeidsgjevars aktivitetsplikt på følgjande måte: «*Alle arbeidsgivere skal, innenfor sin virksomhet, arbeide aktivt, målrettet og planmessig for å fremme likestilling, hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgaver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, eller kombinasjoner av disse grunnlagene, og søke å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vold. Arbeidet skal blant annet omfatte områdene rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremmelse, utviklingsmuligheter, tilrettelegging og mulighet for å kombinere arbeid og familieliv.*»

Det er naturleg å inkludere dette temaet i Vindafjord kommune sin arbeidsgjevarstrategi. Denne skal reviderast i 2023, og har eit eige kapittel om mangfold og inkludering. Arbeidet mot diskriminering har sin arena både i rekrutterings- og intervjuøyemed, i livsfasepolitikk (blant anna deltid/heiltid), i korleis ein driv inkluderande arbeidsliv f.eks. med høve til omplasseringar, reduserte stillingar eller tilrettelegging, i opplæring av leiarar, høve til avviksmelding og varsling, handtering av arbeidsmiljøsaker med meir. Me driv med medarbeidarundersøkingar, medarbeidarsamtalar, utviklingsamtalar, leiarutvikling, arbeidsmiljø- og organisasjonsutvikling også for å unngå blant anna diskriminering. Og så har me samarbeid med verneteneste og tillitsvalde, avvikssystem, personalavdeling, arbeidsmiljøutval, administrasjonsutval og varslingsmuligheter for å kunne avdekka eventuell uønskt oppførsel på arbeidsplassen, anten det gjeld diskriminering eller andre uønskte hendingar. Me arbeider etter lov- og avtaleverk, og har eit uttalt ynskje om aktiv bruk av avvikssystemet om noko skil seg frå dette. Kommunen har også utstrakt bruk av tiltak for å kunne kombinera jobb- og familieliv, som omsorgspermisjon og redusert arbeidstid. Sistnemnte i så stor grad at det av og til vert sett på som eit hinder for nettopp heiltidsauke i organisasjonen.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,37 %	4,75 %	6,12 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,66 %	5,47 %	7,13 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,45 %	5,83 %	7,28 %
Årleg sjukefråvær 2022	1,86 %	4,91 %	6,77 %

Totalt sjukefråvær for heile kommunen i 2022 var på 6,8%. I nokre år no har me ført oversikt over kor mykje av fråværet som er rapportert som koronarelatert. Frå 01.07.2022 vart det ikkje lenger rapportert på koronarelatert sjukefråvær. Frå denne datoен fekk ikkje kommunen lenger refusjon for delar av arbeidsgivarperioden ved koronarelatert sjukdom, slik ein gjorde tidlegare.

Vindafjord kommune ligg over sitt mål om å vera på under 6% sjukefråvær. Det er ofte store variasjonar i sjukefråværet, både når ein ser frå år til år, men også frå kvartal til kvartal. Sjukefråværet varierer i nokolunde faste syklusar, og det ser me også i 2022 med høgare fråvær i 1. og 4. kvartal og lågast fråvær i 3. kvartal. Me ser eit relativt kjent mønster i fråværet, nemleg at det er barnehagane, pleie og omsorg samt reinhald som ligg høgast. Innafor sektor samfunnsutvikling er det reinhald som har høgast fråvær. Innafor oppvekstsektoren er det barnehagane. I helse og omsorg er fråværet stort sett høgast der dei går døgnkontinuerleg turnus, men her er variasjonar. I adm/fellesdrift er det nokre langtidsfråvær i store stillingar innafor støtte/stab som utgjer mykje av fråværet.



Langtidsfråværet i kommunen skuldast i stor grad tilhøve som arbeidsgjevar ikkje kan gjere noko med, som alvorleg sjukdom, planlagde operasjonar og kroniske lidingar. Særleg i mindre einingar, vil langtidsfråværet slå kraftig ut på statistikken. I dei tilfella kor sjukefråværet skuldast tilhøve på arbeidsplassen, vert det jobba systematisk med. Leiarane rapporterer om god dialog og oppfølging med langtidssjukemeldte tilsette. Bedriftshelsenesta vert aktivt nytta i tilfelle kor det er behov for ekstra bistand i dette oppfølgingsarbeidet. Fleire einingar melder om at dei siste par årene med pandemi har vore krevjande og at dei opplev ein sliten organisasjon. Mange tilsette har som følgje av pandemien opplevd andre og fleire belastningar, både med tanke på tiltak, restriksjonar, stadige endringar, i tillegg til endring av arbeidsmetodikk og eit etterslep av arbeid. Ein ikkje utelukka at noko av fråværet kan skuldast slitasje over tid. Det må likevel også påpeikast at fleire leiarar rapporterer om at tilsette strekk seg langt for å sikre gode tilbod til kommunen sine innbyggjarar. Eit kontinuerleg fokus på sjukefråvær, både førebygging, tilrettelegging og oppfølging av dei som er borte frå jobb, er viktige for å sikre eit lågast mogleg sjukefråvær.

Når det gjeld korttidsfråværet det siste året, så rapporterer einingane om at ein del av dette skuldast korona og andre sesongsjukdommar, særleg i dei første og siste månadane av året.

Det er ønskeleg at arbeidsgivar har godt samarbeid med den tilsette, sjukemeldar og NAV for å finne gode løysingar på tilrettelegging og mogleigheter for graderte sjukemeldingar i staden for full sjukemelding. Eit høgt jobbnærvær har positive effekt på både tenestekvalitet og arbeidsmiljø, og vil alltid vera i både arbeidsgivar og arbeidstakar si interesse, både ved å sikra effektiv drift, økt trivsel på jobb og eit godt psykososialt arbeidsmiljø.

I 2021 fekk me eit betre og mindre sårbart system for tilbakemeldingar frå einingane til sentraladministrasjonen på sjukefråvær og høve kring det. Der me før hadde eit reint mailbasert system, har me no gått over til å rapportera i Framsikt saman med økonomirapporteringane. Det gjer også at kommunalsjefane har mykje større innsikt og oversikt over status på sjukefråvær innafor sitt rammeområde.

Tabellen viser kvartalsvis oversikt og samla for året dei siste seks åra.

Periode	2017	2018	2019	2020	2021	2022
1. kvartal	9,60	9,50	7,00	7,50	8,30	9,40
2. kvartal	7,50	8,00	5,90	6,10	6,50	5,90
3. kvartal	6,00	6,00	4,20	5,70	5,90	5,00
4. kvartal	7,70	8,00	7,00	8,90	8,50	7,60
Sum	7,70	7,88	6,03	7,05	7,30	6,8

2022 var året kor ein etterkvart nærma seg ein normal kvardag igjen, etter år med pandemi. I årsmeldinga for 2020 vart det sagt at pandemien og konsekvensane av den, kunne visa seg på fråvær også i ettertid av utbrot og liknande. Også 2021 vart eit pandemiår, og me hadde same tanke for at 2022 kunne vera eit år kor me såg etterverknader av pandemien. I 2021 såg ein at Vindafjord stort sett låg lågt samanlikna med resten av kommunane på Haugalandet, og det same gjeld samanlikninga med resten av kommune-Norge. Samansetninga av sjukefråværet var nok pandemirelatert også heilt til fyrste kvartal 2022, kor me for eksempel såg uvanleg høg grad av eigenmeldingsandel i ei lokal "covid-bølge".



Likevel ser me at Vindafjord kommune framleis ligg godt under kommunenesnittet, og me ligg som også lågare enn dei fleste andre kommunar på Haugalandet.

Fråvær per tenesteområde

Tenesteområde	Fråvær 2022			Fråvær 2021		
	Korttid i %	Langtid i %	Samla % fråvær i %	Korttid i %	Langtid i %	Samla % fråvær i %
Administrasjon og fellesdrift	1,75 %	6,39 %	8,15 %	1,13 %	8,42 %	9,55 %
Oppvekst og kultur	1,73 %	4,38 %	6,11 %	1,37 %	5,27 %	6,64 %
Helse og omsorg	2,18 %	5,25 %	7,42 %	1,71 %	5,91 %	7,62 %
Forvaltning, drift og utvikling	1,08 %	4,94 %	6,02 %	0,82 %	6,52 %	7,34 %
Sum tenesteområde	1,86 %	4,91 %	6,77 %	1,45 %	5,83 %	7,28 %

Internkontroll

Internkontrollen skal sikra at kommunen utfører oppgåvene sine i samsvar med krav fastsett i lov eller i medhald av lov, og sikre at erfaringar som er hausta i organisasjonen vert nytta til å gje betre tenester til innbyggjarane.

Internkontroll er:

- Skildring av administrasjonen sine hovudoppgåver, mål og organisering
- Prosedyrar
- Avvik og risiko for avvik
- Dokumentasjon av internkontrollen
- Evaluera og forbetra prosedyrar og tiltak for internkontroll

Standarden for oppgåvene/tenestytinga er skilda i prosedyrar i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem. Dersom oppgåvene/tenestytinga ikkje vert levert i samsvar med prosedyrane, dannar det grunnlag for å mælda avvik. Slike avviksmeldingar vert sendt elektronisk, til dei er følgjt opp og lukka. Avviksmeldingar har til føremål å bringa avvik til opphøyr, gjenoppretta normaltilstand og hindre gjentaking. Avvik kan også gje viktige statistiske data over kor organisasjonen har forbetringspotensiale. Kvalitetssikringsarbeidet handlar også om å identifisere suksessfaktorane for å lykkast på ulike arbeidsområde i organisasjonen. I 2022 starta arbeidet med nytt kvalitetssystem - Compilo - som vart opna for bruk tidleg i 2023.

Avvik

Samla sett vart det innlevert 919 avvik gjennom avvikssystemet i løpet av 2022. Det er ein god del fleire avvik enn dei to føregåande åra. Me trur at meldefrekvensen kanskje var prega av ein spesiell arbeidssituasjon i dei to åra 2020 og 2021, og er i utgangspunktet veldig nøgd med at me ser at avvikssystemet vert brukt. Me ser at det vart brukt i alle sektorar og i dei fleste einingar. Dei fleste avvika er anten i kategorien HMS (451) eller i kategorien Tenesteavvik (420). 652 av avvika er innafor helse/omsorg. 250 er innafor oppvekst. 12 er innafor området samfunnsutvikling. Dei aller fleste einingar/avdelingar har innmeldte avvik, og me ser dermed at systemet vert nytta.

HMS-avvika er jamleg på sakslista til Arbeidsmiljøutvalet (AMU). Både AMU og Administrasjonsutvalet (ADMU) har hatt avvik for 2022 som sak i inneverande år. 2022 var siste året med Risk som avvikssystem.



Statlege tilsyn

Hausten 2022 hadde Statsforvaltaren i Rogaland tilsyn med NAV kontoret i kommunen. Tema for tilsynet var ansvaret Nav-kontora har for å ta vare på barn sine behov når familien søker økonomisk stønad. Statsforvaltaren fann brot på sosialtenestelova §§ 18 og 19, jf §§ 4 og 43, forvaltningslova §§ 11 d og 17 og kommunelova § 25-1, som det no vert jobba med å rette opp i.

Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet i Vindafjord kommune bestilte 26.01.22 ein forvaltningsrevisjon om Digitalisering og IKT. Føremålet med prosjektet er å vurdera Vindafjord kommune sine rutinar og praksis for å ta imot og svara på førespurnader, med særskilt fokus på digitale førespurnader. Dei konsentrerte seg om områda helse/omsorg og plan/bygg. Revisjonen konkluderte med at dei hadde inntrykk av at kommunen i det vesentlege etterlev relevante lovkrav og at rutinar og praksis for å ta imot og svara på førespurnader hovudsakleg fungerer på ein god måte. Dei kom likevel med åtte tilrådingar:

- Oppdatere arkivplan i samsvar med lovverket
- Utarbeide skriftlege rutinar for munnlege førespurnader
- Sikra at saksdokument blir arkivert fortløpende med rett datering, og avskrivne med rett kode
- Sikre at informasjon om kva som blir publisert på postlista er uttømmande
- Vurdere å ta ein gjennomgang av arkivdelen tilknytt kommunale eigedom
- Sikra at det blir sendt stadfesting av mottak til avsendar av ein elektronisk førespurnad
- Sikra at det blir sendt ut førebels svar i samsvar med lovverket
- Vurdera å følgja opp, eventuelt undersøkja nærmare, innbyggjarar sin oppleving av kontakt med kommunen.

Kontrollutvalet handsama revisjonen si tilbakemelding 23.11.22, og ynskte tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret gjorde sitt vedtak. Kommunestyret handsama saka 14.02.23 og kom til slikt vedtak:

1. *Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revision sin rapport om «Digitalisering og IKT» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 8 tilrådingar.*
3. *Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Arbeidet med å oppfylla revisjonen sine tilrådingar er godt i gang. Ein del av arbeidet består i å gjera betre kjent allereie utarbeidde rutinar. Tilbakemelding vert gitt kontrollutvalet til handsaming i møte i september 2023.

Beredskap

2022 var året kor ein på mange måtar gjekk frå å vera ein organisasjon i konstant pandemiberedskap til å normalisera kvardagen. På slutten av 2022 gjentok me eit beredskapskurs beståande av ulike element innafor krisehandtering, som me byrja halda året før. Beredskapsgruppa var målgruppe for kurset, og



me nyttar same eksterne kurshaldar som året før. Me ser for oss at dette er eit kurs som me vil halda jamleg framover, f.eks. ein gong i året. Kurset er nyttig i seg sjølv, men gir også både inspirasjon, lærdom og hjelp til å stadig vedlikehalda og utvikla beredskapsplanen og det som hører til. I 2022 gjekk den tilsette som blant anna hadde ansvar for å vera beredskapskoordinator over i ny jobb i kommunen, så per desember 2022 var beredskapskoordinator heilt ny i stillinga si.

Etikk

Vindafjord kommune har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde.

Eit levande og sunt lokaldemokrati bygger på eit gjensidig tillitsforhold mellom innbyggjarane og dei folkevalde. Innbyggjarane sin tillit til dei folkevalde og offentleg tilsette er ein føresetnad for at lokaldemokratiet skal fungere. I ein kommune med godt omdøme, vil dei folkevalde sitt handlingsrom auka. Dette gjer det mogleg for kommunen å fylle rolla som ein god tenesteytar, samfunnsutviklar, forvaltningsmyndighet og arbeidsgjevar. Vindafjord kommune er ansvarleg for grunnleggande velferdstenester og forvaltar store ressursar på vegne av alle kommunen sine innbyggjarar. Dette er eit ansvar som krev høg etisk bevisstheit. Vindafjord kommune har etiske retningslinjer utarbeidd både for folkevalde og tilsette. Dei etiske retningslinene vart vedteke av kommunestyret i 2008, og er meint som eit tillegg til det lov- og avtaleverk som kommunen styrer si verksemd etter. Oppsummert seier retningslinene noko om desse temaene:

1. *Lovverk, interne reglar og vedtak skal fylgjast.*
2. *Vindafjord kommune skal leggja vekt på god forvaltingsskikk.*
3. *Sakhandsaminga skal vere open og redeleg.*
4. *Habilitet i sakhandsamiga.*
5. *Lojal framferd ovafor folkevalde.*
6. *Lojal framferd ovafor arbeidsgjevar.*
7. *Plikt til å varsle.*
8. *Vern mot straff for varsling.*
9. *Tillitsvalde og verneomboda sine roller.*
10. *Det skal visast varsemd knytt til økonomiske forhold.*
11. *Lojal framferd mellom tilsette i alle ledd.*

Kva me gjer som folkevalde og tilsette i Vindafjord, påverkar omdømet til kommunen. Det er difor av betyding at me har evne til å handtera etiske problemstillingar. Mange står i større eller mindre etiske problemstillingar dagleg, Det har tidlegare vore eigne etikk-prosjekt i kommunen, men det er no i stor grad opp til einingane kva dei gjer i praksis. Det ligg mykje informasjon og verktøy i vårt kvalitetssystem under «Verdigrunnlag og etikk».

Nokre av einingane har god erfaring med etisk refleksjon. I nokre år hadde me Verdighetskonferansen/Vindafjordkonferansen, som tok opp ulike tema tilknytt etikk. Elles er etikk eit integrert tema i arbeidet for mange tilsette og folkevalde. Det blir f.eks. snakka om på personalmøte, i samband med diverse kommunale planar, i etterkant av medarbeidarundersøkingar, i arbeidsgjevarstrategien, heiltidsarbeidet, sjukefråværsprosjekt, bruk av sosiale medier og i

drift/arbeidsmetodar. 2020, 2021 og til dels 2022 førte med seg ein pandemi som i aller høgaste grad utfordra kommunesektoren på etiske dilemma.

Etiske spørsmål er nært knytt til både leiar-, medarbeidar- og organisasjonsutvikling. Medarbeidarundersøkinga er eitt tiltak som kan avdekka eventuelle utfordringar innafor etiske spørsmål. Undersøkinga har vore utsett på grunn av det me har vurdert som ein lite representativ arbeidssituasjon for mange dei siste åra, men er sett i gong i 2022. Tillitsvaldsapparatet er også ein del av kvalitetssikringa for ein etisk berekraftig organisasjon. Kommunedirektøren samarbeider mykje med tillitsvalde, blant anna med månadlege kontaktmøte på sentralt nivå og ei rekke drøftingar i løpet av eit år.

Tilsette og folkevalde pliktar å halda dei lovar, forskrifter, reglement og vedtak som gjeld for Vindafjord kommune. Den andre sida av dette er at ein som tilsett og folkevald også har eit ansvar for å ta opp forhold som ein meiner *ikkje* er i samsvar med kommunen sine etiske retningsliner. Her kan ein for eksempel nyta varslingssystemet, avvikssystemet eller *læringssystemet* som ein også kan kalla det. Vindafjord har i 2023 tatt i bruk nytt avvikssystem.

Investeringer

Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022
Investeringar i varige driftsmidlar	4	78 178	51 742	190 140	108 535
Tilskot til andre sine investeringar		4 583	300	-2 930	481
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	5	1 649	2 050	2 871	1 673
Utlån av eigne midlar	6	0	0	0	0
Avdrag på lån	10	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter		84 410	54 092	190 081	110 689
Kompensasjon for meirverdiavgift		-4 508	-9 706	-24 065	-10 655
Tilskot frå andre		-4 612	5 567	-19 634	-6 457
Sal av varige driftmiddel		-20 300	0	-17 200	-19 455
Sal av finansielle anleggsmiddel		0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel		0	0	0	-494
Bruk av lån		0	-43 903	-130 301	-77 808
Sum investeringsinntekter		-29 419	-48 042	-191 199	-114 870
Vidareutlån	6	10 764	8 000	21 660	13 892
Bruk av lån til vidareutlån	6	-10 764	-8 000	-21 660	-13 892
Avdrag på lån til vidareutlån		1 413	2 090	2 090	1 888
Mottatte avdrag på vidareutlån		-1 683	-2 090	-2 090	-4 516
Netto utgifter vidareutlån		-270	0	0	-2 628
Overføring frå drift		-51 004	-6 050	-6 550	-6 748
Avsettingar til bundne investeringsfond	13	270	0	0	2 628
Bruk av bundne investeringsfond	13	-10 449	0	-3 260	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond		12 971	0	12 300	12 300
Bruk av ubunde investeringsfond		-6 509	0	-1 372	-1 372
Dekning av tidlegare års udekka beløp		0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar		-54 721	-6 050	1 118	6 809
Framført til inndekning i seinare år (udekt)		0	0	0	0



Status investeringar (2B)

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022
Prosjekt manglar		1 199	2 600	0	1 255
Sum		1 199	2 600	0	1 255
Finans					
Anleggsbidrag Vågshagen 4		348	0	0	0
Ølen kyrkjegard, ny veg, parkering og utviding		0	-7 474	0	0
Sum Finans		348	-7 474	0	0
Administrasjon og fellesdrift					
Fornyng av IT-utstyr		416	0	0	0
Prosjektleiing/kostkontroll		1 484	2 284	2 291	1 506
IKT-Investeringer		0	625	505	302
Sum Administrasjon og fellesdrift		1 901	2 909	2 795	1 808
Oppvekst og kultur					
Kultur og læringssenteret Sjøperlo		1 470	12 000	3 481	0
Kultur- og idrettspark		172	0	165	0
Vindafjordhallen - KS-sak 060/18 - kr 950		-141	-1 043	0	0
Gjenoppbygging Skjold skule - Vindafjord		352	0	135	0
Skule og barnehagebygg		325	1 650	6 542	863
IT-plan skule		1 086	1 200	1 140	1 251
Uteanlegg skule og barnehage		1 978	500	1 152	1 898
Vindafjordhallen nybygg		395	2 000	2 230	628
Dagsturhytte		536	0	962	965
Sum Oppvekst og kultur		6 173	16 307	15 809	5 605
Helse og omsorg					
Velferdsteknologi - løysingar		0	1 000	2 940	0
Solbakken - 7 nye tilrettelagde bustader		7 307	7 200	31 847	33 278
Oppgradering omsorgssenter		1 091	1 200	9 738	98
Oppgradering tilrettelagde og kommunale bustader		1 263	2 500	7 777	3 021
Sum Helse og omsorg		9 660	11 900	52 302	36 396
Forvaltning, drift og utvikling					
Nerheim - næringstromter		21 128	0	26 902	26 076
Vossasvingen - TS-midlar 1,5 mill		36	0	-1 055	0
Kommunale bygg og uteanlegg		2 283	3 500	10 128	993
Tilrettelegging ladepunkt elbil		5	1 500	1 495	1 331
Skredvoll Vikedal		0	13 500	13 500	0
Oppgradering kommunale vegrar og infrastruktur		411	2 000	4 467	1 549
Utbygging kommunale vegrar		1 773	0	7 301	7 503
Trafiksikring		3 363	2 000	3 603	67
Oppgradering bruer og kaiar		0	0	2 797	0
Strategisk eigedomskjøp		2 871	3 000	0	0
Idrettshallstomt Ølen		1 338	0	3 362	2 162
Sal eigedommar		163	0	0	535
Kloakk		10 709	0	34 996	13 729
Vattn		14 816	0	11 737	9 527
Sum Forvaltning, drift og utvikling		58 898	25 500	119 234	63 471
Investeringar i varige driftsmidlar		78 178	51 742	190 140	108 535

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000



	Note	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022
Justeringsavtale - Isvik Hageby		32	0	0	32
Justeringsavtale - Kråkedalen		110	0	0	110
Justeringsavtale - Trovåg Nord (2019)		143	0	0	143
Felles finansiering		3 582	0	-3 582	0
Rehabilitering av kyrkjer og kyrkjegardar		716	300	651	196
Tilskot til andre sine investeringar		4 583	300	-2 930	481

3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022
Kjøp av aksjer og andeler	5	116	0	0	0
Egenkapitaltilskot KLP	5	1 533	2 050	2 871	1 673
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		1 649	2 050	2 871	1 673

4. Utlån av eigne midlar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022
Utlån av eigne middel		0	0	0	0
Sum del 1-4		84 410	54 092	190 081	110 689



Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Rekneskap Status	Budsjett for året
			Kommentar
Oppgradering tilrettelagde og kommunale bustader	7 777	3 021 Iht. plan	Midlane er satt av til generell oppgradering av dei kommunale bustadane, oppgradering av kommunale bustadar i Skjoldali og nødvendig ombygging på bufellesskapet i Sandeid. Skjoldali: Prosjektet er ferdig.Bufellesskapet i Sandeid: arbeidet med anbudsutsending pågår.Oppgradering kommunale bustader - oppgradering pågår.
Sal eigedommar	0	535 Iht. plan	Kommunen har i samsvar med vedtak i formannskapet seld Mulagata 12 til 5,5 millionar, Knapphus industriområde til kr 10,7 mill og Søndenå bustadområde til kr 1,9 mill. I tillegg ligg det ikkje-disponerte salsinntekter frå 2021 på omlag 3,3 millionar. Oppgjer vil etter planen komme i løpet av hausten.Det er foreslått at netto salsinntekter etter fråtrekk for samla behov for løyyingar til andre prosjekt vert sett av til ubunde investeringsfond for framtidige strategisk tomtkjøp.
Solbakken - 7 nye tilrettelagde bustadar	31 847	33 278 Iht. plan	Midlar satt av til bygging av omsorgsbustadar for psykisk/fysisk funksjonshemma i Ølen for å erstatte Seljebakken, som skal nyttast til andre føremål. Kostnadsramme er vedtatt og bygging går i samsvar med plan. Ferdigbefaring er gjennomført, overtakelse er utsett til januar.
Trafikksikring	3 603	67 Iht. plan	Avsette midlar vert nytta til trafikksikringstiltak i hovudsak knytt til strekninga 4 km frå skule og til tiltak som kan fjerne behov for skuleskyss grunna farleg skuleveg mellom heim og busstopp. Midlane vert også nytta som kommunal eigenandel i prosjekt der kommunen får fylkeskommunale trafikksikringsmidlar. For dette arbeidet vert det gjeve tilskot frå fylket på 50 %.
Velferdsteknologi - løysingar	2 940	0 Iht. plan	Midlar sett av til å gjere investeringar i samband med innføring av løysingar innan teknologi. Midlane er knytt opp til det pågående felles prosjektet mellom kommunane på Hordalandet, og er i økonomiplanperioden primært tenkt nytta til investeringar som følgje av det felles anbodet på meistrings- og tryggleiksteknologi for heimebuande. Så langt er dette løyst ved leasing av utstyr istaden for innkjøp, slik at investeringsmidlane er ikkje nytta så langt. Vindafjord kommune samarbeider med Karmøy og Etne om eit felles innkjøp knytt til oppgradering av pasientvarsling-system ved sjukeheimane i kommunen. Det er Karmøy kommune som er ansvarlege for gjennomføring av anbodet. Det er planlagt at dette skal vært klart i løpet av hausten 2022.
Dagsturhytte	962	965 Iht. plan	Det er vedtatt at kommunen deltek i "Dagsturhytte-prosjektet" til Rogaland fylkeskommune. I tråd med vedtak i kommunestyre er det føresett at kommunen får dekka alle sine utgifter til sjølve hytta



Budsjett for året

Investering	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Eigenkapitaltilskot KLP	2 871	1 673 Iht. plan	gjennom ekstern finansiering og mva-kompensasjon. Ved val av plassering i Kolbjørnshauglia vedtok formannskapet i ny sak at ekstrautgifter i samband med oppføring av toalett kan dekkast av kommunen med inntil kr 100 000. Hytta og toalettet er ferdig bygd og har hatt stort besøk etter storstått opning av hytta i mars. I påskeveka var det nesten ikke rå å få parkeringsplass. Budsjettet er foreslått justert med brutto auke på ramma med finansiering av spelemidlar. Opphavleg budsjett tok ikkje fullt ut høgde for det. Merk at refusjon for mva blir justert på felles finansiering.
Idrettshallstomt Ølen	3 362	2 162 Iht. plan	På grunna av god soliditet i KLP er satsane for eigenkapitaltilskot til KLP redusert i 2021. Det vil bli eit mindreforbruk i høve ramma på ca. kr 500 000. I tillegg ligg det ubrukte løyvingar frå tidlegare år på prosjektet. Kommunen har kjøpt eigedom i tiknytting til SR-stadion i Ølen for å sikre utviklinga til eigedommen som i første omgang vil gjere det mogleg å få bygd eit nytt idrettsanlegg/idrettshall. Planen opnar for utbygging, men i forkant av ei utbygging er det krav om arkeologisk utgraving av store deler av det automatiske freda kulturminne som ligg innanfor same område. Dette blei utført sommaren 2021. I gjeldande reguleringsplan er det utfordringar med tilkomsten til idrettsanlegga i Ølen og omfanget på utbygging til idrettsanlegg og reguleringsplanen er derfor under revisjon. Planen er under handsaming og har vore ute på høyring. Det kom fleire motsegn, blant anna var det behov for omfattande grunnundersøkingar med borrhing. Det vil derfor ta noko tid å få planen opp til endeleg behandling.
IKT-Investeringer	505	302 Iht. plan	Noko utstyr er kjøpt og betalt, anna er bestilt og forventa levert i slutten av 2022
IT-plan skule	1 140	1 251 Ferdig	Pedagogisk plan for IKT i Vindafjordskulen er vedtatt og er forankra i alle einingar, og elevane nyttar digitale verktøy i opplæringa. Det blei i 2022 brukt 110 000 kr meir enn budsjettet, dette grunna stort behov. Desse vil ein ta inn igjen i 2023.
Kloakk	34 996	13 729 Iht. plan	Midlar nyttja til fleire prosjekt knytt til avløpshandtering. Aktuelle prosjekt er t.d.:kloakkkleidning på strekninga Isvik - Dalavik, samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen er ferdig. Leidning er teken i bruk og det er kome mange nye abonnementar. rehabilitering av kloakkkleidningar i Vikedal sentrum, Samarbeid med Rogaland fylkeskommune og VA 90 % ferdig.oppgradering av pumpestasjonar Nesheim - Utfordringar grunnforhold. Grunnarbeid blir meir omfattande enn antatt. Ser på alternative løysingar.Nytt VA-anlegg Dommersnes - nesten



Budsjett for året

Investering	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Kommunale bygg og uteanlegg	10 128	993 Iht. plan	ferdig.Oppgradering Karineset - ferdig.Rehabilitering av leidningar Sandeid bru - ferdig.Sandeid -Lærdal VA-prosjekt - samarbeidsprosjekt med RogFK, anbod utlyst og tildelt.Avløpsnett Kårhusfeltet - plan for fornying, anbod blir klart til utsending ca februar 2023.
Nerheim - næringstromter	26 902	26 076 Iht. plan	Midlar sett av til oppgradering og nødvendig ombygging for kommunale bygg og uteanlegg. Aktuelle prosjekt nå er miljøstasjon Steinsland - arbeid pågårOpparbeiding av uteområde Sandeid samfunnshus - utarbeiding av konkurransegrunnlag er ferdig, klart til å sendast ut.sal av hardbruksbustadar- avtale med Karmøy kommune er signert, men flytting er utsett noko.Trafikkområde Rådhuset - ventar på godkjenning av parkeringsskisse frå leiar.Dusjbrakke Skjold brannstasjon er på plass.
Oppgradering bruer og kaiar	2 797	0 Forsinka	Vindafjord kommune oppretta i 2020 Ølen Næringspark AS, saman med fleire verksemder frå Vindafjord kommune, der kommunen eig 49 % av selskapet. Formålet med selskapet var å bygge ut den regulerte næringsparken på Nerheim i Ølen. Selskapet har kjøpt opp området og bygd ut området. Vidare har selskapet delt opp området og seld ut alle tomtene. Kostnadene på prosjektet var her først knytt til oppretting av det privat/offentlege utbyggingsselskap Ølen næringspark AS. Kommunen hadde opphavleg eit tomtareal på ca. 17 mål i næringsparken. I F-098/21 vedtok Formannskapet å kjøpe ytterlegare 34 mål, som betyr at Vindafjord kommune har 50 mål av området med intension om vidaresal til Berge Sag. I vedtaket blei det sagt at "Kjøpet blir finansiert av investeringsmidlar sett av til Ølen Næringspark og midlar sett av til strategisk eigedomskjøp." Areal som blei kjøpt og så solgt til næringsparken blei vedteke sett av til ubundne investeringsfond:"Vindafjord kommune sel erverva areal i Ølen næringspark til Ølen Næringspark AS i samsvar med vedlagte salskontrakt, og gjev selskapet salskreditt i samsvar med vedlagte gjeldsbrev. Avdrag vert tilbakeført til ubundne investeringsfond."I investeringsprosjektet strategisk eigedomskjøp var det sett av midlar til kjøp av eigedom på Nerheim så desse prosjekta må sjåast i samanheng. Endelig oppgjer her i er ikkje ferdig, og det er venta rekninigar frå næringsparken på omlag 5 millionar. Restmidlane som trengs til fullfinansiering av prosjekt må disponerast. Dette kan gjerast ved å presisere gjennom vedtak at salsintekten sett av på fond etter F-098/21 også gjeld avsette midlar etter vedtak F-006/21 eller finne ei anna finansiering.



Budsjett for året

Investering	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Oppgradering kommunale vgar og infrastruktur	4 467	1 549 lht. plan	på alle bruer og kaiar i kommunen, som viser at det er behov for store utbetringer framover. Det gjenstår å laga ei prioritering av kaiane før tiltak kan vurderast.Hausten 2022 blei det gjennomført kontroll av 4 bruer som viste teikn til utglidning i fundament.
Oppgradering omsorgssenter	9 738	98 lht. plan	Midlar sett av til oppgradering eller rehabilitering av eksisterende kommunale vgar. Skifte av veglysarmatur: Midlane er aktuelle å nytte til veglys på kommunale vgar i Ølen, Bjoa og Vikebygd og ved kommunale bygg. Lyskjelder som har kvikksølvlamper vert skifta til LED ved lampeskift.Frønsdalsvegen: Veg blei grøfta og asfaltert. Skade var noko meir omfattande vinteren 2020 - 2021, så lengre strekk blei grøfta og asfaltert enn det som var vurdert som heilt nødvendig.Skjoldavikvegen: Planlegging er starta. Arbeidet med grenseavklaringar er starta. Det må avklarast kor mange parkeringsplassar som må løysast ved parkering i det som er køyreareal i dag.Oppgradering og asfaltering av Oppsalvegen, Kleivavegen og del av veg til Imslandssjøen er ferdig.
Prosjektleiing/kostkontroll	2 291	1 506 lht. plan	Det er og planlagt å installere naudstraumsagggregat ved Vindafjordtunet. Arbeid med dette er ikkje starta, då det har vist seg utfordrande å finne gode løysingar for dette. Ølen Omsorgssenter - arbeidet med nytt brannkonsept er ferdig.Naudlysanlegg Ølen omsorgssenter - arbeidet er ferdig.Psykiatrisk dagsenter - arbeidet med nytt naudlysanlegg er bestilt.Vindafjordtunet ventilasjon - arbeid med anbod pågår, vurdere utlysing våren 2023.
Rehabilitering av kyrkjer og kyrkjegardar	651	196 lht. plan	Midlar sett av til å dekke kostnadene for stillingar knytt til prosjektleiing og kostkontroll av investeringsprosjekt. Forbruk under budsjett i år, då ein ikkje har fått på plass ny prosjektleiar før i oktober.
Skredvoll Vikedal	13 500	0 Forsinka	Avhenger av framdrifta til fellesrådet. Midlar blir overført etter medgått på slutten av året. Det ligg i tillegg noko restmidlar frå tidlegare år.
Skule og barnehagebygg	6 542	863 lht. plan	Dette prosjektet har det så langt ikkje vore kapasitet til å starte opp. Prosjektering vil bli starta våren 2023
Tilrettelegging ladepunkt elbil	1 495	1 331 lht. plan	Midlane her er sett av til nødvendig oppgradering av skule/bhg-bygg. Aktuelle prosjekt er utskifting av ventilasjonsanlegg på Ølen gymbygg -Prosjektering pågårVats skule- Lukking av avvik etter tilsyn frå Miljøretta helsevern. Arbeidet blei ferdig i løpet av 2022.Brannvarsling Vik skule - arbeidet er starta.
			Ladepunkt på Vindafjordtunet og Ølen omsorgssenter ferdige og tatt i bruk.Ladepunkt på rådhuset - er ferdig, asfaltering gjenstårLadepunkt på Gnisten - er ferdig og tatt i bruk.Ladepunkt på Ølen skule - ferdig



Budsjett for året

Investering	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Utbygging kommunale vegar	7 301	7 503 Iht. plan	montert, ikkje oppkobla.Når dette er gjort er alle planlagte ladepunkt for elbil ferdigstilt. Prosjektet er godt innafor investeringsgramma og me har og fått klimasatsmidlar til prosjektet.
Uteanlegg skule og barnehage	1 152	1 898 Iht. plan	Rammeløyving til utbygging nye kommunale vegrar. Ny veg Gartnarhagen er ferdig. Det er sett av midlar til ny veg i Liofeltet i Vikebygd, men dette prosjektet er ikkje starta. Midlane skal nyttast til prosjekt knytt til uteanlegg for skule og/eller barnehage. Aktuelle prosjekt er t.d.Balansepark Vats skule - prosjekt initiert og gjennomført av FAU. I hovudsak dekkja av sponsormidlar. Kommunen dekker fallunderlag for ein mindre del av området. Prosjektet er ferdigstilt.Imsland skule leikeapparat - ferdigBjoa skule leikeapparat - ferdigSkjold skule - Fau har montert klatretårn og trampoline. Klatrepypyramide til mellomtrinnet blir montert etter at VA-avdeling har klartgjort grunn i forhold til leidningar i bakken. Dette blir i juni -23Budsjettet foreslår regulert ved å auke ramma tilsvarende auka spelemidlar. Dette gir ein liten effekt i netto ramme.
Vatn	11 737	9 527 Iht. plan	Midlar nytta til fleire prosjekt knytt til vassforsyning. Aktuelle prosjekt er t.d.:ny vassleidning på strekninga Isvik - Dalavik, samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen - Ferdigstiltrehabilitering av vassleidninga i Vikedal sentrum, Samarbeidsprosjekt med RogFK. Prosjekt 90% ferdig.Vassleidning-Dommersnes- Skjeljavik: Samarbeid med RogFK og Skjeljarvik hyttefelt. Nesten ferdig med grunnavståing. Felles anbod vart henta inn før ferien. Framdrift er forskjøve pga kapasitet hjå RogFK.Raunes membranskifte er ferdigHøgdebasseng Ølmedal, ferdig. Lågare kostnad enn forventa.Vassleidningsnett Sandeid samfunnshus – samarbeidsprosjekt med RogFK, konkurransegrunnlag er ok, anbod lyst ut og tildelt.Rehabilitering leidningsnett Sandeid bru – ferdig.Knaphus - Solheim, vassleidning samanknyting Skjold og Raunes vassverk. Forprosjektering er ferdig, samarbeidsprosjekt med Haugaland kraft.Kårhusfeltet, ny vassleidning - flere vasslekkasjar, anbod klar for utsending i februar 2023.Søndenåfeltet - oppdimensjonering vassleidning Kyrkjevegen, prosjektering pågår.
Vindafjordhallen nybygg	2 230	628 Iht. plan	Viser til sak FS - 057/22 Vedtak. I vedtaket skal kommunen jobbe vidare med gjenoppbygging av Vindafjordhallen - ny symjehall og bygdehus for Vats. Forslag til mandat og prosjektorganisasjon er utarbeidd. Prosessleiar er anskaffa. Brukarmøter er gjennomført. Pr 31.12.23 er konkuransegrunnlaget for anskaffing av totalentrepreneur for prosjektering og bygging av symjehall og bygdehus nesten ferdig utarbeida (blei lyst ut 16.01.23). Arbeider elles med



Budsjett for året

Investering	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
			konkurransegrunnlag for grunnundersøkingar, kartlegging av teknisk infrastruktur, søknad om sletting tilfluksrom, grunnlag for søknad om spelemidlar, driftsform, energikjelder mm.
Sum andre prosjekt	-855	1 540	
Sum	190 081	110 689	




Oppfølging av klima

Klimastatistikk


Utslepp av klimagassar per år

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar



Utslepp av klimagassar per innbyggjar

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	2011	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
--	------	------	------	------	------	------	------	------	------



Vindafjord	14,8	14,4	13,8	14,9	12,9	13,1	12,6	14,1	14,5
Rogaland	11,2	9,9	9,5	9,4	9,4	9,3	9,3	8,8	8,7
Landet uten Oslo	8,8	8,5	8,3	8,1	7,8	7,8	7,5	7,1	7,0
Kostragruppe 01	7,5	7,4	7,2	7,3	7,1	7,2	7,0	6,8	6,8
Sum	42,3	40,1	38,8	39,7	37,1	37,3	36,4	36,7	37,1

Utsleppet i Vindafjord har gått opp frå 2019 til 2020 og vidare litt opp i 2021. Frå 2019 til 2020 er det ein betydeleg auke. Som de ser av grafen skyldast heile auken i utsleppet sjøfart. Utsleppet frå sjøfart er ganske likt i 2016 og i 2020. Dette er utsleppet til heile samfunnet og Vindafjord har førebels berre fokus på direkte utslepp. Det blir svært viktig framover å få til eit klima og miljøarbeid som sikrar oss å kunne følgje opp og legge til rette for klimagassreduksjon i heile Vindafjordsamfunnet. I tillegg til landbruket er sjøfart eit område me må jobbe meir med.

Status klimaoppdrag


Direkte utslepp

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Miljøvennleg spreiing av gjødsel	Lystgass (N ₂ O) frå jord og gjødsel utgjer ein viktig del av klimagassutsleppa frå landbruket. Lystgassutslepp er særleg kytt til bruk av husdyrgjødsel og kunstgjødsel. Jordtype og klima påverkar utslepp av lystgass, men god agronomi kan også redusere utsleppa og er difor eit godt klimatiltak. Mengde, metode, været og tidspunktet det blir gjødsla på er faktorar som vil ha stor innverknad på utsleppa av lystgass N ₂ O. 1,2	Ferdig	Kommunen jobbar for å inngå miljøavtalar gjennom RMP, då særleg med fokus på landbruksføretak som driv i nedslagsfeltet til Skjoldafjorden.
	Det er viktig og reduserer utsleppa av lystgass, fordi gassen har 298 gonger større klimaeffekt enn CO ₂ (1 kg nitrogen tilsvara 298 kg CO ₂ ekvivalentar).		
	Kommunen jobbar for at bøndene i kommunen skal nyttja miljøvennleg gjødselspreiing gjennom Regionalt miljøprogram (RMP). Miljøvennleg spreiing ved ugjødsla randsoner, gjødsling med nedfelling eller nedlegging gir betre infiltrasjon og reduserer utsleppet av nitrogen til luft. Gjødsling i plantane si veksttid reduserer også utslepp til natur og luft.		
	Kommunen har jobba for å inngå miljøavtalar gjennom RMP i ulike områder. Tidlegare kunne ein inngå miljøavtaler for nedslagsfeltet til Vatsvatnet og Landavatnet (til og med 2017) og ein har frå 2019 jobba for miljøavtaler ved Skjoldafjorden. Det er i dag 98 bønder som gjennom RMP søker om tilskot til miljøvennleg spreiing og 9 stykk som har inngått miljøavtale ved Skjoldafjorden.		
	Målet er på sikt og doble tal bønder som spreiar miljøvennleg.		
	Miljøvennlig spreiemetodar for gjødsling bidrar til å redusere utslepp av lystgass, ein kraftig klimagass. Tiltaket inneberer auke i spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange og nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel.		
	Tiltaket er metodisk krevjande å berekne. Ved å legge til grunn utsleppsreduserande effekt frå berekningar på nasjonalt nivå og skalere desse ned til Vindafjord kommune er det svært grovt anslått ein utsleppsreduserande effekt på omlag 500 tonn CO ₂ e årleg. Dersom me lukkast å doble dette langstiktig, vil det gje ein årleg reduksjon i CO ₂ e utslepp på 1000 tonn CO ₂ e årleg.		



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Skifte til El-bilar i heimetenesta	<p>Vindafjord kommune vil gradvis skifte ut eigen køyretøypark til elbiler. I 2022 vil kommunen erstatte 10 fossile køyretøy med 7 reine elbilar og 3 hybridbilar. Den utsleppsreduserande effekten av dette er berekna til omlag 34 tonn CO2e årlig.</p> <p>Etter kvart som stadig fleire fossile køyretøy blir fasa ut vil den utsleppsreduserande effekten auke, men effektberekinga i økonomiplanperioden legg berre til grunn utskiftinga som skjer i 2022.</p> <p>Langsiktig vil kommunen skifte ut alle dei ca 50 tenestekøyretøya me har i dag. Det er derfor lagt inn ein langsiktig reduksjon som er større enn dei 13 bilane me gjer noko med i første omgang.</p> <p>Utskifting av el-bilar er berre mogleg med tilstrekkeleg infrastruktur for lading. Det er derfor også lagt inn eit investeringstiltak som i første omgang sikrar 36 nye ladepunkt. Områda som vil bli prioritert først er Ølen omsorgssenter og Vindafjordtunet som er basane for alle bilane i heimetenesta. Dei fleste av dei nye el-bilar som kjem neste år er også bilar i heimetenesta. Det vil vidare bli etablert ladepunkt ved Rådhuset og Gnisten. Det er sett av 1. 5 mill i 2022 og 1.5 mill i 2023 til å få på plass tilstrekkeleg infrastruktur. Kommunen kjem også til å søkje støtte til denne etableringa og vil i såfall få tilbake opp til halvparten av finansieringa.</p> <p>Overgangen til fossilfrie køyretøy skjer i stor fart i heile samfunnet. Dette er ein overgang som vil påverke utsleppa i heile Vindafjord framover og me bør i seinare budsjett prøve å berekne reduksjon og sette mål for heile køyretøyparken i vindafjordsamfunnet.</p> <p>Når det gjeld ladepunkt til el-bil, vil kommunen sikre ladepunkt til alle våre tenestebilar, men forventar at private aktørar tilrettelegg tilstrekkelege ladepunkt for alle andre, på lik linje med bensinstasjonar i dag . Det er etablert nokre el-billadepunkt med betalingsløysing for våre tilsette på kommunal eigedom. Dette blir i liten grad brukt og det vil derfor framover bli lagt opp til at desse må finne andre plassar å lade eigne bilar.</p>	Ferdig	<p>Utskifting til el-bilar har tatt lengre tid enn planlagt, dette skuldast problem med levering frå leverandør. Det er per nå levert 7 stk el-bilar og 3 stk hybrid bilar. Etter planen vil neste levering koma i løpet av juni og resterande til hausten.</p> <p>Planlagte ladepunkt er etablert og bestilte el-bilar er levert.</p>
Tilrettelegge biogassanlegg	<p>Biovind (BIOgassproduksjon i VINDafjord) har i lengre tid arbeidd med etablering av eit større biogassanlegg i Vindafjord. Det blei oppretta kontakt med kommunen tidleg og kommunen har i lengre tid arbeidd med å få på plass reguleringsplan, teknisk plan og utbygging av område som skal nyttast til biogassanlegget. Området er under utbygging nå og om alt går etter planane vil det kunne bli produsert biogass frå anlegget i 2023.</p> <p>Tiltaket inneberer at kommunen er ein aktiv pådrivar for at eit bio-gassanlegg etablerast i regionen, med husdyrgjødsel som ein av innsatsfaktorane. Utsleppsreduksjonen frå tiltaket kjem av at når husdyrgjødsel vert nyttta til biogassproduksjon, reduserer ein lagringstid av husdyrgjødsela og dermed utslepp av metan og lystgass. I tillegg reduseras utsleppa fordi det gjennom råtninga takast ut metan som blir omforma til biogenet CO2 når det konverterast til energi. Biosten etter biogassproduksjon takast tilbake til gardane og blir nyttta som gjødsel med omtrent same næringsinnhald som opphavelig. Dette er illustrert i figuren nedanfor.</p>	Forsinkt	<p>Dette er eit tiltak i klimabudsjettet som først vil kunne rapporterast på når biogassanlegget er i produksjon. Biovind har søkt Enova om investeringstøtte og det er strata prosess knytt til byggjesak av anlegget. Næringsparken er under utbygging.</p>



Utsleppsreduksjonar i jordbruket, referansesituasjon og biogassproduksjon. Kjelde: Østfoldforskning, 2019

Effektberekinga er svært overordna og berre for å gi eit første estimat. Samla sett er tiltaket berekna til å kunne gi ein utsleppsreduserande effekt på 520 tonn CO2e frå det året der anlegget er i drift. Utsleppsreduksjonen omfattar både jordbruk og transportsektoren der biogass erstattar fossilt drivstoff. Det er lagt til grunn Biovind sitt behov for 139 000 tonn husdyrgjødsel frå Etne, Tysvær og Vindafjord kommune. Det er vidare lagt til grunn at 50 % av dette blir dekkja av husdyrgjødsel frå Vindafjord kommune, fordi Vindafjord kommune står for 50 % av utsleppa frå gjødselhandtering for dei tre kommunane samla. Endeleg er det lagt til grunn ein standardisert utslepps faktor som angir utsleppsreduksjon basert på mengde husdyrgjødsel som input.

Det er førebels ikkje lagt inn eit langsiktig reduksjonsmål då seinare berekningar må på plass når anlegget er etablert.

Ikkje-kvantifiserbare utsleppsreduksjonar

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Flisfyringsanlegg i Ølen	Flisfyringsanlegget i Ølen leverer årleg 2000mwh årleg som varmar opp Ølen omsorgssenter, 8 omsorgsbustader, beredskapsenteret, Sjøperlo med både kultur- og næringssenter og Ølen kulturhus og Ølen vidaregåande skule. Historisk erstattar halvparten av leveransen fyringsolje. To store oljefyrer er fjerna. Det er ikkje vald å rekne ut denne reduksjon i utslepp då det er limet oversikt over forbruket av oljefyring frå tidlegare.	Ferdig	Flisfyringsanlegget i Ølen leverer varme til fleire kommunale og fylkeskommunale bygg i Ølen. Ved årslutt vil også Solbakken vere tilknytt dette anlegget.
Vindafjord kommune	Vindafjord kommune er ein stor skogbrukskommune og råstoffet kjem frå lokale sagbruk. Flisen er trevirke som elles ikkje ville blitt brukt og ein får derfor reink energiverke frå skogen med låge transportavstandar.		
Flisfyringsanlegget	Flisfyringsanlegget er eit svært godt miljøval i Vindafjord og burde vore utvida til andre tettstadar enn Ølen.		
Omsorgsbustadane	Omsorgsbustadane som skal byggast rett bak rådhuset (Solbakken) skal også koplast på dette anlegget. Alternativet her hadde vore elektrisk oppvarming og tiltaket gir derfor ikkje vesentleg CO2 reduksjon men som tabellen under viser, er det med kort avstand mellom flis og flisfyringsanlegg svært lite energi som går med på å bygge energiformene og transportsystemet og dermed også meir fordelaktig enn elektrisitet.		



Oppdrag

Beskriving

Status Beskriving av status

NS-EN 15603:2008

Andel fornybar- og ikke fornybar energi, samt CO₂ koeffisienter

Energi kilde	Andel fornybar- og ikke fornybar energi		CO ₂ produksjonskoeffisienter Kg/MWh
	Ikke-fornybar	Total	
Fyringsolje	1,35	1,35	330
Gass	1,36	1,36	277
Skogsflis	0,06	1,06	4
Strøm fra vannkraftverk	0,5	1,5	7
Strøm fra kullkraftverk	4,05	4,05	1340

Kilde: Oekoinventare für Energiesysteme-ETH Zürich (1996).

Andelene ikke fornybar energi inkluderer energien som går med til å bygge energiomformeren og transportsystemet frem til punktet der energien kan leveres.

Klima og miljø i offentlege innkjøp	<p>Gjennom støtte frå klimasats-midlar er det oppretta ein felles prosjektstilling for kommunane Karmøy, Haugesund, Tysvær, Etne, Sveio, Vindafjord og Utsira.</p> <p>Stillinga skal ha fokus på miljøvennlege innkjøp i kommunal regi for kommunane sine innkjøpsavdelingar. Mange innkjøp blir løyst gjennom store innkjøppssamarbeid og ved å sjå på dette på tvers av kommunegrenser vil det kunne setjast like krav for innkjøp i alle kommunar.</p> <p>Stillinga skal sjå på korleis kommunen kan og bør stille krav for å få klimavennlege innkjøp og korleis sikre at miljø og klima blir ivaretatt i dei store rammeavtalene og ned til kvart enkelt kjøp.</p> <p>Vindafjord kommune er med i mange felles innkjøppssamarbeid, men gjer også mange direktekjøp. Erfaringar og type miljøkrav som kjem fram i dette arbeidet kan gjere det tydlegare kva klima- og miljøkrav me bør stille i eigne direktekjøp framover.</p> <p>Grønare anskaffingar vil bidra til å redusere klimagassutslepp, men vil også bidra til å fremje meir berekraftige leverandørkjedar og grønare arbeidsplassar lokalt i Vindafjord. Mykje av det lokale næringsliv er allereie aktiv i omstilling for å kunne imøtekome slike nye krav.</p> <p>Offentlege anskaffingar er eit område kor kommunen har stor moglegheit til å fremje det grøne skiftet og bidra til innovasjon i det private næringslivet.</p> <p>Det vil f.eks. vere aktuelt å etterspørre fossil- eller utslippsfri anleggsdrift.</p>	Ferdig	<p>Prosjektleiar på miljøprosjektet for innkjøp i klimanettverket på Haugalandet presenterte det pågående arbeidet for strategisk leiargruppe. Vindafjord deltar i dette samarbeidet saman med Karmøy, Haugesund, Tysvær og Sveio.</p>
Klimanettverk på Haugalandet	<p>Klimanettverket skal bidra til kompetanseheving, erfaringsutveksling og eit positivt engasjement rundt miljø- og klimaarbeid. Gjennom prosjektet vil ein heve kompetansen og arbeide med haltdningsskapande arbeid inn mot administrasjonane i kommunane, politikar, innbyggjarar, næringsliv, etc. Ein ønskjer å få eit større fokus på miljø innanfor alle kommunen sine sektorar, arealplanlegging, innkjøp, transport, drift, bygg, etc. Nettverket har nå eksistert i fleire år med positive erfaringar, og er knytta opp til dei enkelte kommunane sitt klimaarbeid.</p> <p>Kommunane som er med i nettverket er: Tysvær, Haugesund, Karmøy, Vindafjord, Bokn, Utsira og Sveio.</p> <p>I Vindafjord kommune sitt Einingsleiar for areal- og forvaltning. Vindafjord kommune har pr. i dag ikkje eigne ressursar knytt til klima og det er derfor i dette budsjettet også spelt inn eit tiltak for å sikre stillingsressursar i det vidare arbeidet. For aktivt bruk av nettverket og moglegheit til å sette fokus inn i alle sektorane i kommunen er me avhengig av å ha ressursar på området.</p>	Ferdig	<p>Prosjektleiar på miljøprosjektet for innkjøp i klimanettverket på Haugalandet presenterte det pågående arbeidet for strategisk leiargruppe. Vindafjord deltar i dette samarbeidet saman med Karmøy, Haugesund, Tysvær og Sveio.</p>



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	Dei ulike seminarane som er arrangert er forsøk sendt rundt til fleire som kan ha interesse for dette.		
	Framover vil nettverket ha fokus på desse arbeidsområda: Utsleppsfree byggeplassar, Klimavennlege bygg, klima og det lokale næringslivet, klimavennlege areal- og transportplanlegging/mobilitet på Haugalandet, korleis formidle klima og klimatiltak og landbruk og klima.		
	Av desse tema legg med i dette klimabudsjettet inn eit tiltak om å utgreie krav til fossilfri byggeplass for den nye Vindafjordhallen og fleire tiltak knytt til jordbruk og skog.		
Utgreie moglegheit for fossil- eller utsleppsfree byggeplass når Vindafjordhallen skal byggast	Tiltaket handlar om å utgreie moglegheiten for å stille krav om fossil- og utslippsfri byggeplass når kommunen skal bygge opp igjen Vindafjordhallen. Ein stor andel av utsleppa frå sektoren "annen mobil forbrenning" skyldas utslepp fra bygg- og anleggsplassar. For å redusere utsleppa frå denne sektoren handlar det primært om å erstatte bruk av avgiftsfri diesel med biodrivstoff, eller legge om til elektriske løysningar. Store kommunale byggeprosjekt bør gradvis stille krav om å bruke fossilfrie eller utsleppsfree energikjelder. Dette vil i praksis bety at entreprenørane som skal jobbe for kommunen på prosjektet må bruke maskinar og køyretøy som går på biodrivstoff, eventuelt maskinar som er elektriske, batteridrevne eller hydrogendrevne. Det bør også brukast strøm eller fjernvarme til byggvarme og tørking, og all transport av maskinar, personell m.m. bør vere uten utslepp. Det kan også være ein moglegheit å stille krav om delvis fossilfri- eller utslippsfri byggeplass.	Ferdig	Det vil ikkje vere mogleg å få bygget ny symjehall og bygdehus me skrav om fossilfri byggeplass. I anbodet er det tatt inn krav om miljøledelsessystem og oppdraget skal gjennomførast på ei miljømessig forsvarleg måte.

Indirekte utslepp

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Bygging av Solbakken - 7 omsorgsbustadar	<p>Det nye bufellesskapet Solbakken med 7 nye omsorgsbustadar har vore under planlegging ein god stund og er nå klar for bygging rett bak rådhuset. Solbakken er under bygging hausten 2021 og våren 2022.</p> <p>Dette tiltaket vil primært gi kutt i dei indirekte utsleppa. Val av bærekraftige byggematerialar vil være viktige klimatiltak i byggingen av nye omsorgsboliger. Det same vil ulike energisparande tiltak, f.eks. vil varme løysast ved hjelp av vassbåren varme som blir kopla til flisfyringsanlegget som ligg ved Beredskapsenteret. Det vil og bli solcellepanel på taket.</p> <p>Solbakken er eit trebygg som innvendig er kledd med gipsplater. Byggemateriale både ut og inne er nøye vurdert og balansert opp med tanke på kostnad, vedlikehald og gode løysingar knytt til effektivt reinhold. Det er førebels ikkje eksplisitt tenkt å stille krav til svanemerka produktar eller liknande.</p>	Ferdig	<p>Bygging av Solbakken er ferdig. Dette er omsorgsbustadar for psykisk/fysisk funksjonshemma i Ølen for å erstatte Seljebakken, som skal nyttast til andre føremål. Val av bærekraftige byggematerialar har vore viktige klimatiltak i bygginga av nye omsorgsbustader. Det same er ulike energisparande tiltak, t.d. blir varme løyst ved hjelp av vassbåren varme som blir kopla til flisfyringsanlegget som ligg ved Beredskapsenteret. Det er montert solcellepanel på taket. Dette er i samsvar med oppsett i klimabudsjettet. Ferdigbefaring er gjennomført, overtagelse er utsett til januar.</p>



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	Kvar buining har tilhøyrande garasje der det vil bli lagt opp til elbilladingspunkt.		
Bygging av Vindafjordhallen	<p>Etter at Vindafjordhallen (svømmeanlegg og bygdehus) brann ned har det vore ein lang prosess knytt til forsikringsoppgjer. Det er nå sett i gang med prosjektering av gjenoppbygginga og ryggprosjektet skal snart ut på anbod.</p> <p>Dette tiltaket legg opp til at det i anbodet blir stilt krav om gode klimaløysingar i nybygget, både med tanke på miljøvennlege materialval og energiløysingar som varme, solceller etc.</p>	Iht. plan	Fokus er retta mot klimavennlege løysingar i samband med anbod og den vidare prosjekteringa av ny hall. Det er og krav til gode løysingar for mest mogleg miljøvennlig byggeplass.

Utslepp og opptak frå skog og annan arealbruk

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Klimaskogprosjektet	<p>VIndafjord var med i pilotprosjektet klimaskog og planta i 2018 500 daa klimaskog. Desse areal hadde ikkje blitt planta utan dette prosjketet. SKogplanting har ikkje mest co2 opptak i dei første åra, men tiltaka vil bli viktigare og viktigare etter kvart som åra går.</p> <p>Klimaskogen i Vindafjord (499 dekar) vil binde om lag 29.300 tonn CO2 på 85 år og i gjennomsnitt 344 tonn CO2 pr. år. Frå 2018 til i dag vil det seie binding av 1376 tonn co2 ekstra.</p> <p>Frå 2016 -2030 vil VIndafjord ha bunde ca 5000 tonn meir Co2 enn utan dette prosjektet. Skogen er planta og står og bindar skog kvar dag. Det vil ikkje vere nye rapporteringspunkt anna enn årleg CO2 binding i samsvar med daa som er planta.</p>	Ferdig	<p>Klimaskogen i Vindafjord (499 dekar) vil binde om lag 29.300 tonn CO2 på 85 år og i gjennomsnitt 344 tonn CO2 pr. år. Frå 2018 til i dag vil det seie binding av 1376 tonn co2 ekstra.</p> <p>Frå 2016 -2030 vil VIndafjord ha bunde ca 5000 tonn meir Co2 enn utan dette prosjektet. Skogen er planta og står og bindar skog kvar dag. Det vil ikkje vere nye rapporteringspunkt anna enn årleg CO2 binding i samsvar med daa som er planta.</p>



Status overordna mål og strategiar

Kommunen har i 2022 jobba med dei tre hovudmåla effektiv tenesteyting, berekraftig organisasjonsutvikling og framtidsretta samfunnsutvikling.

Visjon

Vital og sentral

"Vindafjord kommune – VITAL OG SENTRAL" er kommunen sitt slagord, og er godt dekkande for kommunen si overordna målsetjing som livskraftig distriktskommune på Indre Haugalandet. Kommunen sitt verdival er sentrert omkring omgrepa trivsel, handlekraft og levande bygder. I ordet VITAL ligg evne til omstilling, prioritering og nyorientering i høve til dei utfordringar som ligg framføre oss. Kommunen skal vera proaktiv i sine prioriteringar og val.

I ordet vital ligg og at ein skal arbeida for å vidareutvikla levande bygder og nyttja den krafta som ligg i bygdeengasjementet, til positiv utvikling for alle innbyggjarane. Kommunen skal vera stadig på leit etter betre løysingar for innbyggjarane og ha fokus på kvalitetsutvikling av tenestene.

Ordet SENTRAL femnar om kommunen si sentrale plassering og ambisjonen om å vera sentrum for Indre Haugalandet. Det er forpliktande i høve til utvikling av Ølen sentrum og å leggja til rette for næringsutvikling og vekst. Det er og ei målsetjing at kommunen er sentral i høve til kor folk ønskjer å bu og arbeida og kor bedrifter ønskjer å etablera seg. Dette krev nært samarbeid mellom kommune, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet.

Verdiar

- Den kommunale tenesteytinga skal vera prega av høg kvalitet og respekt for den einskilde. Tenestetilbodet skal bidra til at den einskilde opplever meistring av eigen kvardag og eige liv.
- Arbeidsmiljøet i Vindafjord kommune skal vera prega av innsatsvilje, trivsel og humor.
- Vindafjord kommune skal vera i takt med utviklinga. Innovasjon, samhandling og endringskompetanse skal prega organisasjonen og tenesteutviklinga. I dette ligg og det å ta vare på og vidareutvikla god praksis.
- Kommunen skal gjennom strukturert samhandling med frivillig sektor bidra til eit aktivt og positivt bu- og oppvekstmiljø i alle bygdene.
- Vindafjord kommune skal ta ei sentral rolle i utviklinga av den indre delen av Haugalandet, med Ølen som eit naturleg senter.

Kommunestyret vedtok i Budsjettet for 2022 3 hovudmål det skulle jobbast med i 2022.

Effektiv tenesteyting

I løpet av dei neste åra er det viktig å utvikla tenestene med tanke på meir førebygging og meir hjelp til sjølvhjelp. Kommunen skal i større grad leggja til rette for den einskilde sin moglegheit til å klara seg sjølv og i mindre grad «ta over» ansvaret. Dette krev meir satsing på førebygging og tilrettelegging, haldningsendringar hjå dei tilsette og nytt blikk på den einskilde sitt reelle behov. Motivasjon og arbeidsglede hos den einskilde tilsette er viktig for å få til haldningsendring, vilje og lyst til å ta nye utfordringar i naudsnyttenesteutvikling.



For å få dette til, satsar kommunen på å rekruttera og utvikla leirarar med fokus på desse hovudområda innan arbeidsmiljø:

- leiing og organisering, psykososialt arbeidsmiljø og kultur, fag, fysisk arbeidsmiljø og ergonomi og individuelle tilhøve.

Innsats her vil på sikt føra til naudsynt nedgang i sjukefråvær.

Kommunestyret vedtok følgjande delmål under dette hovudmålet:

- Enkeltmenneska skal i størst mogeleg grad meistra eige liv. Tenestetilbodet basert på samarbeid og medansvar skal byggja opp om dette*
- Ha butilbod som er tilpassa menneske i ulike livssituasjonar*
- Tilretteleggja for gode bu- og oppvekstvilkår for born og unge*
- Vera eit ope og inkluderande samfunn der alle har like rettar, plikter og moglegheiter for samfunnsdeltaking*

Status

I løpet av 2020 inngjekk Vindafjord kommune, saman med ei rekke andre kommunar på Haugalandet inn ein rammeavtale om tryggleiks- og mestringsteknologi. Denne avtalen gjer det mogeleg å ta i bruk moderne teknologi som gjer det mogeleg for fleire av våre tenestemottakarar å bu i eigen heim. Vi har i 2022 jobba vidare med utrulling av denne teknologien til heimebuande tenestemottakarar i kommunen. Vidare har vi gjennom 2022 jobba vidare med ei omstilling av tenestetilbodet i Pleie- og Omsorg, der ein i større grad skal vri tenestetilbodet mot heimebaserte tenester.

Vindafjord kommune har i 2022 jobba vidare med BTI-modellen (Betre Tverrfagleg innsats). Dette er ei satsing som sikrar betre samhandling mellom tenestene som gjev tilbod til barn i kommunen. Mellom anna har vi fått på plass ein seksjon for BTI på kommunen si nettside som gjev god informasjon til innbyggjarane om dette arbeidet og dei tenestene som ligg under paraplyen. Frå 1. august 2022 gjennomførte vi ei intern omorganisering, og fekk på plass ein oppvekstkoordinator i 50 % stilling for å få til eit endå betre samarbeid på området.

Berekraftig organisasjonsutvikling

Vindafjord kommune skal vera ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt organisasjon til beste for innbyggjarane. For å få til dette, er det nokre faktorar som må vera på plass internt i organisasjonen. Ein må ha tilsette som har evne og vilje til stadig forbetring, som arbeider saman på tvers av interne skiljelinjer, og som er tilsett i ein godt styrt og økonomisk ryddig organisasjon. Skal ein få dette til, er det viktig å involvera tillitsvalde tidleg i omstillingsprosessar. Leiarkåpane må vera tydelege, ha god leiarkompetanse og ta ansvar for å få til eit godt samarbeid

Kommunestyret vedtok følgjande delmål under dette hovudmålet:

- Ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon til beste for våre innbyggjarar*

Status

I tillegg til endringane som kom som ei følgje av Covid-19 med tanke på digitalisering og nye måtar å arbeida på, har administrasjonen innført fleire ulike verktøy og system som, saman med endra



arbeidsprosessar, forenklar kvardagen for dei tilsette. Mellom anna har ein tatt i bruk planmodul og vidareutvikla rapportering gjennom Framsikt og oppdatert sak/arkivsystem i eit samarbeid med 6 andre kommunar på Haugalandet. I 2022 starta også førebuingane til innføring av nytt kvalitetssystem.

Heiltid er eit fokusområde i Vindafjord kommune. Dette famnar om heile organisasjonen, sjølv om det til no har vore mest pleie og omsorg (og barnehagane) som har vore gjenstand for arbeidet. Auka andel heiltidstilsette er eitt av verkemidla for å få til ei berekraftig organisasjonsutvikling. I 2022 gjekk pleie og omsorg inn i eit nytt prosjekt - TØRN - som vitaliserte heiltidsarbeidet ytterlegare.

Arbeidsgjevarstrategi, leiarkriterier, leiarutvikling, endringsleiing og eit godt samarbeid med tillitsvalde er andre verkemiddel. I 2022 var organisasjonen gjesntand for fleire organisasjonsendringar, og me gjennomførte også ei medarbeidarundersøking. Les gjerne meir under "Personal og organisasjon".

Framtidsretta samfunnsutvikling

Lokal samfunnsutvikling spenner vidt. Det handlar om kommuneplanen, stadsutvikling, å skapa engasjement og tilhøyre, utradisjonelle og nyskapande grep i utviklinga av tenestetilbodet, å stimulera til demokratisk deltaking, samferdsle, transport og digital infrastruktur for å nemna noko. Samfunnsutviklingsrolla handlar i stor grad om å utnytta det lokalpolitiske handlingsrommet og å organisera arenaer for samhandling og utvikling av nettverk mellom dei ulike aktørane i lokalsamfunnet. Kommunen har ei nøkkelrolle i å få til ei positiv samfunnsutvikling. Kommunen må ta ansvar for heilskap i prosessane, sørja for at alle grupper blir høyrt og representert. Kommunen må mobilisera til lokale krafttak og utløysa og støtta opp om lokale initiativ. Dette arbeidet må gjerast i nært samarbeid med grendelaga, med frivillige lag og organisasjonar og med næringslivet. Kommunen har tradisjon for dugnadsarbeid, både frå næringslivet, frivillige lag og organisasjonar og enkeltindivid. Den dugnadsånda blir viktig å pleia.

Ny vekst i Vindafjord!

For å få ny vekst innan eit variert næringsliv må kommunen vera på «offensiven» som ein attraktiv kommune å etablera seg i. Vekst i næring og etablering innan så vel handel, tenesteyting, industri og landbruk vil skapa nye arbeidsplassar, auka inntekter og få nye innbyggjarar til kommunen. Eit viktig tiltak for å nå dette målet er å ha ei strategisk satsing på tilrettelegging, utvikling og marknadsføring av ledige næringsareal i heile kommunen. Dette gjelder både kommunale og private næringsareal som er avsett i arealplanen til kommunen. Det skal også vera fokus på samarbeid og ei effektiv førstelinjeteneste for næringslivet som kontaktar kommunen. Det er viktig å vera synleg og vera klar til handling når nytt næringsliv vil etablera seg i kommunen.

Status

Mål: Forvalta naturressursar og menneskeskapte verdiar forsvarleg

Strategi: I arealplanlegginga skal ein sikra at viktige jord- og skogbruksområde og andre naturressursar ikke vert nedbygde

Det er ei viktig oppgåve i planlegginga og forvaltning å ta vare på naturressursane og særskilt verna om god matjord. Samstundes veit me at jordvernet må balanserast mot storsamfunnet sine behov. Denne balansen arbeidast det med i kvar sak og plan som er oppe til behandling gjennom året. Denne balansen er særleg viktig i revisjonsarbeidet til kommuneplanen som hadde oppstart i 2020, medverknad i 2021. I



2022 har me arbeidd vidare blant anna med dette tema og ei utfordring som enda står igjen er korleis med beste skal sikre den beste landbruksjorda.

Særleg fokus er knytt til arbeid om god økologisk tilstand i våre vassdrag som følgjast opp i interkommunal koordinering av vannnormådearbeidet. Prosjektet frivillige tiltak har bidratt med mange gode prosjekt. I januar 2022 overtok Tysvær arbeidsgjevar ansvaret for stillinga. Prosjektstillinga skal gi informasjon og rettleiing om kva tiltak ein grunneigar kan gjere på sin landbrukseigedom, som mellom anna kan bidra til redusert næringsavrenning til lokale vassdrag.

Mål: Fremja folkehelse og jamna ut sosiale helseskilnadar

Strategi: Arbeida heilskapleg og sektorovergripande med folkehelse

Kommunen skal ha «folkehelse i alt me gjer».

Folkehelsearbeidet

Arbeidet med folkehelse i kommunen er organisert gjennom folkehelseforum. Folkehelseforumet er tverrfagleg med representantar frå alle fagområda i kommunen. Forumet utarbeidar og arbeidar etter årlege tiltaksplanar. Det meste av arbeidet foregår i heileorganisasjonen og mest i ordinær drift, men med eit lite årleg tilskot på ca 100 000.

Det interkommunale prosjektet "trygge foreldre", finansiert gjennom folkehelseprogrammet hadde oppstart i 2020 og er godt i gang. Vindafjord, Sauda, Tysvær, Karmøy og Haugesund skal i løpet av dei 5 prosjektåra kurse alle førstegangforeldre i cos-p som er eit kurs som skal trygge foreldrerolla i betre tilknytting mellom foreldre og barn. Det første kurset blei gjennomført i 2021. Status for prosjektet så langt og utviklinga i prosjetet vil bli gitt i kommunestyret i mars 2023. Cos-p kurs til alle førstegangsoforeldre har svært gode resultat og bør bli ein del av normal drift etter prosjektperioden.

Mål: Ha energi-, og klima- og miljøfokus med i kommunal planlegging og i konkrete tiltak

Strategi: Arbeida systematisk, heilskapleg og sektorovergripande i arbeidet med samfunnstryggleik, klima- og miljø.

Kommunen er nå ferdig med bygginga av Solbakken som skal legge til rette for 7 nye omsorgsbustadar. I planlegginga av dette bygget energi- og miljøtiltak blitt vurdert og bygget blir kopla til flisfyringsanlegget i Ølen og får solcellepanel på taket. Ladepunkt for elbil blir planlagt og bygd ved nye kommunale bygg og for nye parkeringsplassar. I 2020 blei me med i det interkommunale prosjektet som arbeidar fram klimavennleg innkjøp.

Vidareutvikling og auka bruk av «digitale møte», ved bruk av Teams har blitt innført i heile organisasjonen og brukast også i utstrakt bruk etter pandemien også. Vidareutviklinga og auken er koment som ein direkte konsekvens av korona-pandemien, men viser at dette kan gje betydelege økonomiske og miljømessige innsparinger.

2022 er første år med eige klimabudsjettet og me har i år fleire direkte klimabudsjett-tiltak å rapportere på.

Samfunnstryggleik og beredskap

Strategi: Arbeida systematisk, heilskapleg og sektorovergripande i arbeidet med samfunnstryggleik, klima- og miljø.



Revisjon av "Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Vindafjord kommune" blei vedteken våren 2020. Handlingsplanen for samfunnstryggleik og beredskap blei vedteken i november 2020. Etter tilsyn frå statsforvalteren i desember 2020 måtte kommunen revidere både ROS-analysen og handlingsplanen. Begge blei endeleg vedteken til sommaren 2022.

Mål: Årleg befolkningsvekst på 1 %

Strategi: Det er viktig å utvikla og marknadsføra Vindafjord kommune

Attraktivitet og busetnad

Kommunen hadde ein befolkningsauke på omlag 1% i ca 10 år fram til 2015. Den kurva flata så ut og dei siste åra har det vore ein reduksjon i folketallet. Pr. 4 kvartal i 2022 var det **8 844 innbyggjarar i** Vindafjord kommune. Dei siste åra har det vore ei svak auke i folketallet igjen, men ser at det ved slutten av 2022 igjen var ein svak nedgang.

Prosjekt Vakre Vindafjord har vore eit viktig arbeid dei 3 siste åra. Hovudmålet er å få fleire til å buseta seg i kommunen. Hausten 2020 blei det vedtatt at prosjektet skal vidareførast i 3 nye år frå 2020-2023. Det viktigaste prosjektet i 2022 har vore Gode VIBar i VIndafjord. Det er eit underprosjekt til Vakre Vindafjord og har som hovudmål fleire innbyggjarar i dei tre minste bygdene i kommunen, VIkebygd, Imsland og Bjoa. Prosjektet styrast og skal realiserast gjennom bruk av Rogalandsmodellen. Dette er ein modell for nærings- og stadsutvikling som Rogaland fylkeskommune utviklar vidare. Dette skapar stort engasjement og eigar-skap til prosjekta som løftas fram. Prosjekta skal følgjast tett til dei er realiserte og krevjar samarbeid av lokal befolkning, næringsliv, kommune og Fylkeskommune.

Arbeid med marknadsføringsprosjektet og særleg ny underside for [Vakre Vindafjord](#) var særleg viktig i 2021 og blei lansert 08. juli. Viktig også at me har sikra fast drift av Handlebussen på heile tre ruter. Kolumbus har fått midlar til fullfinansiering heile 2022 og vil arbeide for vidare drift framover.

Næringsliv og handel

Den største næringsgruppa i Vindafjord kommune er industriverksemd, etterfølgd av helse- og sosialtenester og jordbruk, skogbruk og fiske. Vindafjord er kjent for eit sterkt næringsliv.

Vindafjord kommune er på 22 plass på [NHOs kommunebarometer](#). Barometeret rangerar kommunane etter attraktivitet og lokal vekstkrift basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi.

2022 har i alle hovudsak vore eit godt år for næringslivet og i mindre grad vore prega av korona-pandemien. Krig i Europa, enorm prisvekst og fleire renteaukar har gjort framtidutsikten meir usikre, men det lokale næringslivet har vist stor omstillingsevne og mange har framleis god framtidstru og mange bedrifter leverer svært gode resultat.

I 2022 vart det og igjen større aktivitet på det kommunale industriområdet på Dommersnes, der Aker Solutions har produsert understella til dei 11 havvindmøllene i prosjektet Hywind Tampen.

Forhåpentligvis er dette starten på eit nytt industrieeventyr på Dommersnes, og kommunen ønskjer å nytte erfaringane frå denne perioden for å få til ei vidare utvikling av området. Det er starta samarbeid med Westcon og utviklinga vidare vil organiserast gjennom eige privat/offentleg selskap. I 2022 vart og arbeidet med opparbeiding av Ølen Næringspark så godt som ferdig. Ferdig opparbeidd utgjer Ølen Næringspark nærmere 90 mål med næringsareal sentralt i kommunen, og det meste av arealet er alt selt.

Kommunen samarbeider tett med næringslivet særleg gjennom tett kontakt med medvind24 og Fikse næringsutvikling. I 2022 har det vore faste fellesmøte mellom administrasjonen i Etne og Vindafjord saman med medvind24 og Fikse næringsutvikling. Me har gjennom 2022 vore ute til mange bedrifter i kommunen og er nå fast ute til bedrifter ved våre faste møtepunkt gjennom året. Medvind24 har og



ansvar for førstelinjetenesta til Vindafjord kommune. Årsrapport frå medvind24 ligg vedlagt denne rapporten.

Det er viktig at Ølen som kommunesenter og regionalt senter får ei god utvikling når det gjeld aktivitet og handel.

Ein viktig del av tettstadprosjektet i Ølen har vore å få utarbeida ein moglegheitstudie. Denne blei utarbeida og ferdigstilt våren 2021. [Moglegheitstudien](#) viser mange spennande moglegheiter for Ølen framover. Moglegheitene må løftast fram i planar og budsjett og bør realiserast i samarbeid med både næring og andre frivillige lag og organisasjonar. Det er planar om å jobbe vidare med Ølen gjennom Rogalandsmodellen (kort skildra over)

Oppfølging av vedtak og oppdrag

Status oppdrag for kommunen

Verbalvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
"Frivillighetens år"	I samband med «Frivillighetens år» vil me vera med å synleggjera alt det viktige friviljuge arbeidet som me har i Vindafjord. Me ber om at DUK får ei sak i første møte i 2022 for å sjå korleis det kan markerast.	Ferdig	Det er orientert om plan for arbeid knytt til frivilligetas år i første møte i DUK. I budsjettvedtaket blei den politiske potten på 50 000 utvida med ytterelegare 50 000,- som skulle gå til arrangement i samband med firvilligetsåret. For at det skal vere mogleg å nytte denne potten på planlagte arrangement er det ikkje mogleg å avklare dette i FS for kvart arrangement. Det vil bli lagt fram forslag til vedtak i 1. tertial om at kommunedirektøren får fullmakt til å nytte den utvida potten på inntil 50 000,- til tiltak til gode arrangement knytt til frivilligåret. Kommunedirektøren har godkjent det flotte arrangementet Heftig & frivillig som blei arrangert 4. mai. Det er lagt opp til å støtte dette arrangementet med 10 000,- frå denne potten. Frivilligsentralen har i løpet av året sendt ut informasjon om ulike støtteordningar til lag og organisasjonar. Me har	



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
			arrangert Vår dag, hatt turne rundt i bygdane og i mai inviterte me politikarar og alle som er frivillige på showet «Heftig og frivillig» i Ølen kulturhus.	
Asfaltering av lysløype på Fjellstøl	Kommunestyret ser positivt på Vindafjord IL sin søknad om asfaltering i lysløype på Fjellstøl. Me ber kommunedirektøren legge fram ei eiga sak i starten av 2022.	Ferdig	Saka blei handsama i Formannskapsak 069/22 med fylgjande vedtak: “Vindafjord kommune løyver kr 500 000 til gjennomføring av asfaltering av delar av lysløypa på Fjellstøl og inntil kr 100 000 til asfaltering i målområdet og området rundt arenabygget. Inndekning frå parkeringsfondet.”	
Barnevernsreforma	Barnevernsreforma er ei oppvekstreform, der det tverrfaglege samarbeidet i «Familiens hus» er eit godt utgangspunkt for vidare styrking. Allmenne tiltak og førebyggande tiltak for barn skal styrkast og fleirkulturell kompetanse skal vektleggjast.	Ferdig	Oppvekstreforma er ferdig og blei vedtatt i kommunestyret 25.10.22, gjeldande frå januar 2023.	
Berekraftig kommune	Vindafjord kommune skal vera ein berekraftig kommune som tenker sektorovergripande når det gjeld klima og miljø. Dette er alle i organisasjonen sitt ansvar. Det er forventa at alle tenker klima og miljø, og me ønsker ikkje å oppretta ein eigen stilling til dette. Alt frå innkjøp til saksbehandling må setja berekraft, klima og miljø i fokus.	Forsinka	Det er retta større fokus på klima- og miljøtiltak i kommunen, både gjennom dagleg arbeid og gjennom særskilte prosjekt. Det er likevel utfordrande å lage ein overordna plan og struktur for dette arbeidet uten ressursar som er dedikert til dette, særskilt i ein oppstartsfasen. Ein slik ressurs må då enten tilførast gjennom auka midlar eller ved at andre oppgåver blir prioritert bort. Kommunedirektøren fann i 2022 ikkje funne rom for å prioritere ned oppgåver for å fokusere på dette, særleg på grunn av endringar i ein del stillingar i organisasjonen. Det vart i budsjettet for 2023 vedteke å styre rammeområde Fovaltning, Drift og Utvikling med midlar til å kunne styrke administrasjonen på feltet, og oppgåva vil verte vidareført i 2023.	
Evaluering av IKT-samarbeid	Evaluera IKT-driftssamarbeidet med Etne kommune jf. sak 14/7646 og leggja	Forsinka	Evaluering er i gang, og når denne er fullført vert det	



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
	evalueringa fram som sak for kommunestyret i løpet av 2022.		utarbeidd ei sak til kommunestyret.	
Evaluering av prisar som kommunen tildeler	DUK og OPOM får i oppdrag å evaluera og eventuelt endra retningslinene som er for dei ulike prisane som kommunen tildeler. Målsetjinga med blant anna Næringspris og Byggeskikkpris må vera å løfta fram og synleggjera berekraftige tiltak som kan vera til inspirasjon og føra til endring for andre.	Ferdig	Det er gjennomført felles orientering om gjeldande reglement for utdeling av prisar. DUK/OPOM skal komme tilbake til kva evalueringspunkt som skal gjennomførast.	
Oppfølging forvaltningsrevisjon IKT og informasjonstryggleik	Vindafjord kommunestyre ber kommunedirektøren følga opp vedtak frå KS, sak 66/18. Laga ein tiltaksplan for å følgja opp merknadene som kjem fram i rapport frå forvaltningsrevisjon av «IKT og informasjonstryggleik» i Vindafjord kommune. Tiltaksplan og status for oppfølginga skal meldast attende til kommunestyret via kontrollutvalet i løpet av 2022.	Ferdig	Sak vart meldt til kontrollutvalet i oktober 2022, og handsama i kommunestyret i møte 13. desember 2022 (sak 060/22).	
Oppfølging temaplan for helse- og omsorg	I gjeldande temaplan for helse- og omsorg er ei rekke område tidfesta, medan ein god del står utan tidsplan. Kommunestyret har ikkje informasjon om enkelte av desse punkta likevel kan vera påbyrja eller til og med fullførte. Ein ber difor kommunedirektøren rapportera til kommunestyret via tertialrapportane kva som er status og framdrift på dei ulike tiltakspunkta i temaplanen prioritera tiltakspunkta nedanfor i 2022, dersom dei enno ikkje er påbyrja.5.2 Frivillig innsats og deltaking5.2.1 Utarbeide strategi for pårørandeinvolvering5.2.3 Utvikle samarbeid med frivilligsentralen5.3 Bruk av teknologi5.3.1 Vidareføre prosjektgruppa til kommunen og etablere nye grupper ved implementering av ny teknolog5.3.5 Delta i nettverk for velferdsteknologi5.6 Leiing5.6.2 Tilstrebe felles leiaropplæring5.6.3 Revurdere leiarstruktur5.8 Forbetring, utvikling og innovasjon5.8.2 Sikre oppfølging av avvik5.9 Brukarmedverknad5.9.4 Etablere brukarråd og nytta brukarrepresentantar5.10 Barn og unge5.10.2 Følgje kommunal rettleiar for problematisk skulefråvær5.10.4 Strukturere tverrfaglege samarbeid inn mot barn og unge og deira føresette5.11 Legetenesta5.11.1 Vidareutvikle av samarbeidsrutinar internt i kommunen mellom legetenesta og det øvrige tenesteapparatet inkl. hukommelosessteamet5.13 Pleie og omsorg5.13.2 Vidareutvikle samarbeid med frivillige5.13.3 Vurdere ny	Ferdig	Rapportert 1.tertial.	



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
	driftsmodell for PLO5.14 Psykisk helse og rus5.14.4 «Vurdere effekt av brukarplan»5.15 Fengselshelsenesta5.15.1 Styrke tverrfagleg og koordinert innsats5.16 Bustad og sosiale tenester5.16.1 Skaffa oversikt over behov for omsorgsbustader fram mot 2030			
Tilrettelagt arbeid og lærepllassar	Vindafjord skal legga vekt på å kunna tilby tilrettelagt arbeid på ulike nivå. Vindafjord skal prioritera å tilby ungdomane våre lærepllassar og eventuelt nyta alle tilgjengelege støtteordningar.	Ferdig	Tema på leiarforum februar 2022, der NAV orienterte om språkarbeidspllassar og tilrettelagde arbeidsplassar, og der einingsleiarane i grupper drøfta korleis dette kan gjerast i endå større grad i dei ulike einingane i kommunen.	
Utlånsordningar til fritidsaktivitetar	Det er ulike instansar som lånar ut utstyr til fritidsaktivitetar. Me ber om ei sak til DUK der Frilager si ordning vert vurdert opp mot andre ordningar. Korleis kan me som kommune ha gode ordningar som støttar opp om ei aktiv fritid for alle?	Ferdig	I budsjettet for 2023 er det vedtatt å bli medlem av Frilager.no. Dette medlemskapet vil sikre gode ordningar som støttar opp om ei aktiv fritid for alle.	

Andre politiske oppdrag

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
Brukarmedverknad og medarbeiterundersøkingar	Vindafjord kommunestyre ber rådmannen legga fram: 1. Sak om målretta system for brukardialog/brukarmedverknad for alle tenesteområda. 2. Tilbakemelding om Vindafjord kommune sin systematikk for medarbeiterundersøkingar og – medverknad. Det er ønskeleg med fagorganisasjonane sitt syn på eit slikt system.	Ferdig	Sak i KS 20.09.22.	KS 004/20
Forskrift om vass og avløpsgebyr	<p>Behandling</p> <p>Felles forslat til vedtak frå SP.KrF og AP vart lagt fram av Arild Austrheim (Sp):</p> <p>DUK aviser framlagt forskrift om vass- og avløpsgebyr</p> <p>Grunngjeving</p> <p>DUK meiner at forskrifa er for komplisert og vil krevje mykje administrasjon å handheve.</p> <p>Kategorisystemet må forenklast.</p> <p>DUK stiller spørsmål med forskriftas paragraf 3-2 og paragraf 3-3. Det er volum vatn og ikkje faste gebyr, som bør</p>	Forsinkt	Arbeidar med tredjegangs behandling av ny forskrift om vass og avløpsgebyr som skal opp til DUK våren 2023. .	DUK 049/21



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
	<p>vere den berande inntektskjelda. DUK tek dei innkomne høringsuttalane til etterretning.</p> <p>§3-2 seier at: «Inntektene frå abonnementsgebyret skal fortrinnsvis dekkje vass- og avløpstenesta sine forventa kapitalkostnadar. Kor stor del av årsgebyret som skal vere fast og variabel del, vert kvart år fastsett i gebyrregulativet»</p> <p>DUK legg til grunn at det er abonnementsgebyr som er omtalt som den faste delen av årsgebyret. Variabel del er det abonnementen betaler i avgift pr forbrukt m3. Stort vedlikehaldsbehov og nye investeringar vil føre til høg kapitalkostnad. Det medfører at ein uforholdsmessig stor andel av det totale årsgebyret vil vere i form av abonnementsgebyr.</p> <p>§3-3 seier at: Nærings- og kombinasjonseigedom skal betale abonnementsgebyr etter fastsette kategoriar som speglar vassforsyningskapasiteten til den einskilde eigedom.</p> <p>Kategoriane kjem fram av gebyrregulativet.</p> <p>Kommunen opererer her med begrepet vassforsyningskapasitet. Når ein deler nærings- og kombinasjonseigedomane inn i kategoriar, er det derimot historisk vassforbruk som skal definere kva kategorisering den einskilde eigedom skal ha. Ein forutset altså proporsjonalitet mellom forbruk og kapasitet?</p> <p>Det er rett at einskilde grupper (fritidseigedommar og bustader med ein eller få personar) betaler ein for høg del av dei faste kostnadane. Dette bør ein sjå på.</p> <p>Me meiner og at bustadhus må behandles likt om det ligg på på ei bustadtomt eller på ein kombinasjonseigedom og at ei løsing i 5 år til ein næringskategori, er feil.</p> <p>Det bør vurderast om det er formålsteneleg å lage ny forskrift nå, eller om en bør avvente dette til nytt elektronisk avlesingssystem er installert.</p>			

Gruppa trekte etterpå forslaget.



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
	<p>Nytt felles forslag frå SP.KrF og AP vart lagt fram av Arild Austrheim(Sp): Saka vert utsett, og kommunedirektøren vert bedt om å kome tilbake med ei sak våren 2022.</p> <p>Votering: 6 røysta for forslaget og 1 røysta mot. Representant Opheim (H) røysta mot.</p>			
Handlebussen	<p>FS- 008/22 Vedtak: Handlebussen Tilbodet med handlebussen skal fortsette ut året. Eigenadel vert sett til kr _____ fra _____. Kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak i samband med tertialrapporten. I saka skal ein vurdere av om handlebussen skal dekkast av prosjektet «Vakre vindafjord», eller om det skal dekkast over Helse og Omsorg som ein del av oppfølginga av «leve heile livet». Det skal gjerast ei ny vurdering av tilbodet i samband med budsjettarbeidet for neste år.</p>	Ferdig	Handlebussen er operativ med 3 ruter, Imsland, Bjoa og Vats. Rutene blir drivne av Kolumbus. Finansiering for vidare drift er sikra i heile 2023 og Kolumbus seier at dette er ruter dei ønskjer å satse vidare på.	FS-008/22
Klageorgan - Haugaland Brann og Redning	<p>Vedtak i sak KS008/22 Kommunestyret ber Kommunedirektøren om å foreslå, ovanfor Haugaland Brann og redning iks si valnemnd, to representantar til selskapet sitt klageorgan</p>	Forsinkt	Kommunedirektøren har hatt dialog med HBR mtp krav til kompetanse på dei som skal utnemnast her. Vidare skal utnevninga samkjøyrast med dei øvrige eigarkommunane i selskapet, men førebels manglar det tilbakemeldingar her.	KS 008/22
Ny kommuneplan		Forsinkt	Grunna manglane kapasitet har det ikkje vore mogleg å halde ønska framdriftsplan her. Det blei lagt fram ny framdriftsplan 8. november. Den tek sikte på at sittande kommunestyret legg kommuneplanen samfunnsdel ut på høyring. Nytt kommunestyre vedtar samfunnsdelen og legg arealdelen ut på høyring tidleg vår 2024.	
Oppfølging etter forvaltningsrevisionsrapport – Internkontroll i barnehage og skule	<p>1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Internkontroll i barnehage og</p>	Ferdig	Saka er avslutta og godkjent av Kontrollutvalet og Kommunestyret.	KS 080/21



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
	<p>skule» og tek denne til orientering.</p> <p>2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 9 tilrådingar.</p> <p>3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.</p>			
Rapportering av kvalitet og tjenestenivå innafor pleie og omsorg - ref Interpellasjon frå BBL	Kommunestyret ber kommunedirektøren om å legge fram sak på bakgrunn av interpellasjon i KS, 22. mars 2022, sak 012/22, «Rapportering av kvalitet og tjenestenivå innafor pleie og omsorg». Saka skal handsamast i Opom og i Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsettning, før den kjem til kommunestyret.	Ferdig	Sak lagt fram for Utval for Oppvekst og Omsorg (OPOM) 3. oktober 2022 (037/22) og for vedtak i kommunestyret 25. oktober 2022 (052/22).	KS 012/22
Reglement for politisk handsaming i Vindafjord Kommune	<p>KS 068/21</p> <p>Kommunestyret set ned eit utval som vurderar den politiske organiseringa og godtgjersle til politikarane etter kommunevalet i 2023, og som vurderar dei politiske reglementa i Vindafjord Kommune</p> <p>Utvalet består av gruppeleiarane eller kommunestyrerepr som gruppa vel sjølv og vert leia av varaordførar.</p> <p>KS 086/21</p> <p>Kommunestyret vedtek dei reviderte reglementa for kommunestyret og formannskapet i Vindafjord Kommune slik dei ligg ved saka.</p> <p>Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide nye reglement for kommunestyre, formannkap og øvrige politiske utval i Vindafjord Kommune i løpet av første halvår 2022.</p>	Forsinkat	<p>Administrasjonen avventar arbeidet i den politiske arbeidsgruppa.</p>	<p>KS 068/21 og KS 086/21</p>
Vindafjordhallen – gjenoppbygging og vegen vidare	1. Kommunestyret tek mogelegheitsstudien frå HR Prosjekt til orientering	Forsinkat	<p>Viser til sak FS - 057/22 Vedtak. I vedtaket skal kommunen jobbe vidare</p>	KS 056/21



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
	<p>2. Vindafjord kommune startar arbeidet med å prosjektera nye Vindafjordhallen i Vats. Det skal prosjekterast eit bygdahus og eit bassenganlegg, beståande av eit treningsbasseng og eit terapibasseng. Bygdahuset og bassenganlegget kan byggast som separate enheter, men det skal sjåast i samanheng og gjennomførast ei samla prosjektering.</p> <p>Bygget/bygningane skal plasserast mest hensiktsmessig på tomtene gnr. 110/bnr 27, gnr 110/bnr 28 og gnr 110/bnr 31</p> <p>3. Kommunedirektøren legg fram kostnadskalkyle for nye Vindafjordhallen og driftsbudsjettt for bassanganlegget i kommunestyret</p> <p>4. Det vert utarbeidd ei skisse til mogeleg løysing med eit oppvekstsenter (barnehage og skule med gymsal) på den mest hensiktsmessige plasseringa på tomtene gnr 110/bnr 27, gnr 110/bnr.28 og gnr. 110/bnr.31</p>		<p>med gjenoppbygging av Vindafjordhallen - ny symjehall og bygdehus for Vats. Forslag til mandat og prosjektorganisasjon er utarbeidd. Prosessleiar er anskaffa. Brukarmøter er gjennomført. Pr 31.12.23 er konkurransegrunnlaget for anskaffing av totalentreprenør for prosjektering og bygging av symjehall og bygdehus nesten ferdig utarbeida (blei lyst ut 16.01.23).</p> <p>Arbeider elles med konkurransegrunnlag for grunnundersøkingar, kartlegging av teknisk infrastruktur, søknad om sletting tilfluktsrom, grunnlag for søknad om spelemidlar, driftsform, energikjelder mm. Arbeidet går etter fastsett framdriftsplan der symjehall og bygdehus skal stå ferdig jula 2024, i god tid før frist for gjenoppbygging sommaren 2025.</p>	

Oppfølging av planer

Arbeid med kommunale planar skal skje i samsvar framdriftsplan i vedteken planstrategi. Her viser oversikt over arbeid i 2022.

Status for arbeid med strategiske planar i 2022:

PLANBEHOV	Status 2022
Kommuneplanen - samfunnsdelen 2021-2033	Planprogram vedtatt juni 2021. Stor medverknadsprosess i 2021 Arbeid med samanfatting og prioritering av innspel og møte med overordna mynde i 2022. Ny framdriftsplan lagt fram 8.november
Kommuneplanen - Arealdelen 2021-2033	Planprogram vedtatt juni 2021. Stor medverknadsprosess i 2021 Arbeid med samanfatting og prioritering av innspel og møte med overordna mynde i 2022. Ny framdriftsplan lagt fram 8.november



Barnehage- og skulebruksplan	Sak vedtatt i juni 2022.
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturygg	<i>Arbeid med revisjon er starta opp men er blitt kraftig forseinka</i>
Plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i Vindafjord kommune	<i>Endeleg vedteken sommaren 2021.</i>
Plan for pedagogikk og strategi for skulane og barnehagane i Vindafjord kommune	Vedtatt vår 2023
Arbeidsgjevarstrategi	Oppstart revisjon 2022.

Status for arbeid med temaplanar i 2022

PLANBEHOV	Status 2022
Plan for kommunal beredskap og kriselening i Vindafjord kommune	Sluttført Vedteken i juni 2021
Ferdigstille trafikksikringsplanen.	<i>Denne er forseinka pga av manglende kapasitet</i>
Plan for sysselsetting og integrering	Ikkje starta
Hovudplan for vassforsyning	Hovudplan er under arbeid, men vil først bli ferdigstilt etter at interkommunalt arbeid med reservevatn er ferdig
Revidera NMSK-strategi (nærings- og miljøtiltak i skogbruket)	Formell forlenging av strategien ut 2023. Ny revisjon vil starte i løpet av 2023
Gjennomgang og planprosess for oppheving av gamle planar som er til hinder for utviklinga	Ikkje starta
OPPGÅVER PÅ OPERATIVT NIVÅ	
Bli trafikksikker kommune.	Godkjent som trafikksikker kommune hausten 2022

Samfunns- og befolkningsutvikling


Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2022

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Folketal ved inngangen av kvartalet	8 447	8 615	8 747	8 780	8 823	8 828	8 793	8 743	8 714	8 705	8 775
Fødde	114	101	109	94	113	107	88	103	80	75	101
Døde	71	72	78	86	69	80	81	81	72	61	71
Fødselsoverskot	43	29	31	8	44	27	7	22	8	14	30
Innvandring	180	171	138	103	80	63	56	56	67	114	109
Utvandring	28	56	79	49	79	47	74	61	27	72	45
Innflytting, innanlands	239	250	219	246	256	228	207	225	242	298	288
Utflytting, innanlands	266	263	291	284	263	306	246	272	300	282	313



Netto innvandring og flytting	125	102	-13	16	-6	-62	-57	-52	-18	58	39
Folkevekst	168	132	18	23	40	-35	-50	-29	-9	70	69
Folketalet ved utgangen av kvartalet	8 615	8 747	8 765	8 788	8 828	8 793	8 743	8 714	8 705	8 775	8 844

År



Ved årsskifte var det 8844 innbyggjar i kommunen. I løpet av 2022 auka folketalet i Vindafjord med 69 personar, noko som svarar til ein vekst på om lag 0,8 %. Endringa er sett saman av eit fødselsoverskot på 30 personar, og ei netto innflytting på 39 personar. Vindafjord kommune har ei målsetting om ein årleg vekst i folketalet på 1 % eller meir.

Etter to år med rekordlåge fødselstal blei det i 2022 født 101 barn. Det er litt over gjennomsnittet for dei ti siste åra. Fødselsoverskotet var på 30 personar, godt over snittet for dei 10 siste føregåande åra på 22 personar.

Etter at det i 2021 for første gang på mange år var ei netto innflytting innlands til kommunen på 18 personar, blei det også i 2022 ei negativ netto innflytting. Netto flytta 25 personar ut av kommunen, noko lågare enn snittet dei ti siste åra på om lag 36 personar årleg. Talet innlands innflyttarar er med nesten 300 godt over normalen dei siste 10 åra som i snitt har vore om lag 235 personar. Netto innvandring var positiv i 2022, med totalt 64 personar. Dette er det høgste talet sidan 2013. Ein viktig forklaring her er at kommunen tok i mot 55 flyktningar i fjor.

Utvikling per aldersgruppe


Vindafjord kommune har eit mål om ein årleg befolkningsvekst på 1 %. Dei siste 10 åra er det berre i 2013 (2,0 %) og 2014 (1,5 %) ein har klart målsettinga. Veksten frå 2022 til 2023 på 70 personar svarar til



omlag 0,8 %. Like viktig som ha vekst i folketalet er det kva aldersgrupper som veks. Dei yngste gruppene (0-19 år) har samla blitt redusert med over 200 personar dei siste 10 åra. Gruppa 20-66 år har auka med 150 personar, og gruppa med personar over 67 år har auke med 302 personar. Gruppa 67+ år blir stadig større i forhold til det samla folketalet i kommunen og auke med 0,5 % pong til 17,28. Forholdstalet mellom personar i arbeidsfør alder (20-66 år) i høve til talet eldre/pensjonistar (67 år+) blei redusert frå 3,5 til 3,35 personar i løpet av 2022. I 2016 var talet 4,08 personar.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
0 - åringar	120	104	113	99	112	106	89	98	80	78	105
Barnehage (1-5 år)	577	579	584	586	570	555	547	520	510	491	476
Grunnskule (6-15 år)	1 199	1 184	1 155	1 147	1 131	1 117	1 129	1 115	1 129	1 136	1 161
Videregåande (16-19 år)	483	509	511	498	509	513	493	486	457	429	433
Vaksne (20- 66 år)	4 991	5 101	5 129	5 187	5 189	5 171	5 119	5 107	5 101	5 168	5 141
Eldre (67-79 år)	758	778	788	807	851	865	915	936	980	1 014	1 060
Eldre (80-89 år)	392	390	378	363	357	362	345	353	345	353	353
Eldre (90 år og eldre)	95	102	107	101	109	104	106	99	103	106	115
Total	8 615	8 747	8 765	8 788	8 828	8 793	8 743	8 714	8 705	8 775	8 844

0 - åringar




	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
0 år	120	104	113	99	112	106	89	98	80	78	105



Total	120	104	113	99	112	106	89	98	80	78	105
-------	-----	-----	-----	----	-----	-----	----	----	----	----	-----

Tal 0-åringar viser både fødselstal og eventuell flytting i denne aldersgruppa. Etter to år med rekordlåge fødselstal, var talet i fjor litt over snittet. Fødselskulla dei siste 10 åra har i snitt vore på rundt 100 barn, med ekstra store kull i 2012 og 2013.


Barnehage (1-5 år)



	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
1 år	124	118	103	117	103	110	111	93	99	83	83
2 år	118	124	122	104	117	104	109	108	94	97	86
3-5 år	335	337	359	365	350	341	327	319	317	311	307
Total	577	579	584	586	570	555	547	520	510	491	476

Barn i barnehagealder hadde ei ganske stor auke frå 508 i 2010 til toppen på 586 i 2016. Frå 2016 har trenden vore nedgående, og det var 476 barn i denne gruppa ved inngangen til 2022. Det gir ein nedgang på 25 barn i løpet av 2022.

Grunnskole (6-15 år)




	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
6-9 år	444	433	420	429	450	462	477	467	464	443	440
10-12 år	382	366	329	339	317	324	320	335	342	364	373
13-15 år	373	385	406	379	364	331	332	313	323	329	348
Total	1 199	1 184	1 155	1 147	1 131	1 117	1 129	1 115	1 129	1 136	1 161

Barn i skulealder låg på omlag 1 200 for 10 år sida og har sidan då hatt ein svak nedgang nesten kvart år fram til 1 115 i 2020. Dei tre siste åra har det vore ei auke, spesielt det siste året med 25 personar. Det er spesielt i den eldste gruppa (13-15 år) det er ein auke.



Vidaregåande (16-19 år)




	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
16-17 år	276	244	245	257	264	271	237	223	234	214	210
18 år	113	152	117	125	121	128	130	133	99	121	107
19 år	94	113	149	116	124	114	126	130	124	94	116
Total	483	509	511	498	509	513	493	486	457	429	433

Aldersgruppa 16 til 19 år er relativt liten og vil vere sensitiv for utslag for aldersskull som avvikar frå normalen. Gruppa har variert mellom 450 og 510 personar, men trenden har vore nedgåande sidan 2018 og spesielt dei to siste åra. Ved utgangen av 2022 var det 433 personar i denne aldersgruppa som er markant lågare enn normalen dei siste 10 åra.




Vaksne (20-66 år)



	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
20 år	135	97	114	145	109	116	106	116	123	116	94
21 år	120	130	90	107	139	105	110	103	103	118	116
22 år	120	110	125	85	108	127	102	102	100	101	114
23-29 år	714	768	761	801	759	727	759	740	703	700	676
30-34 år	526	544	566	556	545	555	544	535	560	571	556
35-44 år	1 072	1 075	1 082	1 080	1 083	1 086	1 064	1 088	1 082	1 099	1 139
45-49 år	575	598	571	559	592	580	563	540	544	538	541
50-66 år	1 729	1 779	1 820	1 854	1 854	1 875	1 871	1 883	1 886	1 925	1 905
Total	4 991	5 101	5 129	5 187	5 189	5 171	5 119	5 107	5 101	5 168	5 141


Den store aldersgruppa med vaksne frå 20 til 66 år har hatt ein nedgang sidan 2017, men fekk ei auke på 67 personar (1,3 %) frå 2021 til 2022. Sett over litt tid har det vore ei auke på omlag 150 personar dei siste 10 åra. Auken i gruppa 50-66 er i same periode 176 personar.

Eldre (67-79 år)



Aldersgruppa 67 til 79 år er den gruppa med høgst vekst over tid. Her har det vore ei jamn stigning kvart år dei siste ti åra, frå 758 i 2013 til 1060 i 2023. Det svarar til ein vekst på nesten 40 % i perioden.


Eldre (80-89 år)



Aldersgruppa 80 til 89 år hadde ein nedgang på nesten 50 personar frå 2014 til 2019, men har dei siste åra stabilisert seg rundt 350 personar og er uendra det siste året.



Eldre (90 år og eldre)



	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
90-94 år	79	79	86	84	93	87	83	70	73	77	88
95-99 år	14	19	17	16	14	15	20	27	28	28	26
100 år eller eldre	2	4	4	1	2	2	3	2	2	1	1
Total	95	102	107	101	109	104	106	99	103	106	115

Aldersgruppa 90 år er ei relativt lita aldersgruppe som dei siste 10 åra har vore på rundt 100 personar. Det siste åra har aldersgruppa likevel auka markant frå 106 til 115 personar.

Aldersamansetning i Vindafjord samanlikna med Noreg

Samanlikna med landssnittet hadde Vindafjord eit fødselskull (og innflyttarar under 1 år) som utgjorde 1,19 % av den totale befolkninga i kommunen, godt over landssnittet på 0,95 %. Vindafjord kommune har relativt sett noko høgare del av befolkninga både i skule og barnehagealder. I gruppa 20-44 år ligg kommunen betydeleg lågare enn landssnittet, heile 2,77 %. Den raskast vaksande gruppa, 67-79 år, ligg relativt sett litt over landssnittet. For begge dei eldste gruppene ligg Vindafjord godt over landssnittet. Tala viser alt anna likt at Vindafjord kommune er ein litt dyrare kommune å drive enn landssnittet då kommunen har relativt sett fleire innbyggjarar i dei aldersgruppene som har flest tenestar frå kommunen.

	Vindafjord	Noreg	Differanse



0 år	1,19 %	0,95 %	0,24 %
1-5 år	5,38 %	5,19 %	0,20 %
6-12 år	9,19 %	8,09 %	1,10 %
13-15 år	3,93 %	3,66 %	0,27 %
16-19 år	4,90 %	4,73 %	0,16 %
20-44 år	30,47 %	33,24 %	-2,77 %
45-66 år	27,66 %	27,89 %	-0,23 %
67-79 år	11,99 %	11,76 %	0,23 %
80-89 år	3,99 %	3,65 %	0,34 %
90 år eller eldre	1,30 %	0,84 %	0,46 %


Folketal i glandene

Dem samla folketalet i dei ulike glandene visar at folketalet i Ølen er størst, medan Imsland er minst. I løpet av 2021 har det vore størst vekst i Sandeid og Skjold.

Dem samla folketalet i dei ulike glandene visar at folketalet i Ølen er størst med 1 807 personar, medan Imsland er minst med 308 personar. I løpet av 2022 har det vore relativt små endringar i folketalet i glandene, der Vikedal har størst prosentvis endring med ei auke på 2,94 %. Ser ein på utviklinga dei siste 5 åra er det sterkest vekst i Skjold med 7,36 % (113 personar) og Vikedal med 2,55 % (21 personar). Nedgangen er størst Bjoa med -4,94 % (-22 personar) og Imsland med -3,75 % (-12) personar.



Folketalet i grendene, 2018 til 2023





Kommunen sine rammeområde

Finans

Omtale av rammeområde

Finans gjeld alle felles inntekter og utgifter, og er berre eit teknisk rammeområde for bruk i rekneskapen. Her vert alle felles inntekter som skal finansiere kommunen si drift ført, t.d. skatt og rammetilskot og eigedomsskatt. I tillegg blir det ført renteinntekter, utbytte, renteutgifter og avdrag.

Status økonomi


Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	-14 661	-9 011	0	9 011

Kommentar til status økonomi

Grafar Økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)




Driftsutgifter



— Finansutgifter — Lønn — Overføringsutgifter — Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon

Driftsinntekter



— Overføringsinntekter — Finansinntekter og finansieringstransaksjoner — Refusjoner

KOSTRA

Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Vindafjord 2021	Vindafjord 2022	Rogaland	Landet uten Oslo	Kostragruppe 01
Prioritet					
Avsetning til bundne fond (netto)	0,7	0,2	0,0	0,3	0,3
Andel av brutto driftsinntekter (prosent)					
Bruk av lån (netto), i prosent av brutto investeringsutgifter (B)	0,9 %	68,9 %	40,1 %	67,5 %	63,0 %
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger (B)	99 580	106 464	97 787	100 969	100 083
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	1,8 %	3,4 %	2,6 %	2,1 %	1,8 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger (B)	97 843	102 892	95 289	98 818	98 284
Dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	17,5 %	21,8 %	16,4 %	14,5 %	12,0 %
Netto avdrag i prosent av brutto driftsinntekter (B)	3,0 %	2,8 %	4,4 %	4,1 %	4,1 %
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger (B) **)	68 552	73 503	69 019	69 845	68 331



Økonomi

Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (B)	29,1 %	30,0 %	24,9 %	21,8 %	21,8 %
Avdrag (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	3,0 %	2,8 %	4,4 %	4,1 %	4,0 %
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	10,2 %	12,0 %	13,0 %	14,0 %	13,8 %
Frie inntekter i kroner per innbygger (B) **)	64 809	69 478	66 436	66 080	64 541
Kortsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	14,9 %	14,7 %	17,1 %	16,2 %	15,7 %
Langsiktig gjeld ex pensjon i prosent av brutto driftsinntekter	70,3 %	69,4 %	100,2 %	114,6 %	116,6 %
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	5,1 %	6,2 %	5,5 %	2,6 %	1,7 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B)	53 927	60 576	72 224	93 929	98 204
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	54,2 %	56,9 %	73,9 %	91,0 %	93,6 %

**) Justert for utgiftsbehov

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	0,00 %	0,00 %	0,00 %


Administrasjon og fellesdrift

Omtale av rammeområde

I Administrasjon og fellesdrift inngår Kommunedirektøren, Politisk, Økonomiavdeling, Personalavdeling, IKT og Service og fellestjenester. Det betyr at dette området i organisasjonen har ansvar for blant anna folkevalde og kontrollutval, val, kommunaleiing, overordna økonomisk planlegging og budsjettering, rekneskap, finans, innkjøp, løn, HMS, tariff, arbeidsmiljø, lærlingar, tillitsvalde/drøftingar, arkiv, servicetorg, heimesider med meir. IKT er også ein del av dette rammeområdet, men har sidan 2015 vore ei felles IKT-eining for Etne og Vindafjord, med Etne som vertskommune.

Utvalde resultat

Politisk organisering 2019-2023



Oversikt over politiske saker og møter i 2022

Kommunestyret: 7 møter

Formannskapet: 11 møter

DUK: 6 møter

OPOM: 7 møter

Integreringsrådet: 3 møter

Ungdomsrådet: 3 møter

Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetjing: 6 møter

Fleire av utvala har eigne årsmeldingar:

- [Integreringsrådet si årsmelding 2022](#)
- [Ungdomsrådet si årsmelding for 2022](#)
- [Kontrollutvalet si årsmelding 2022](#)
- [Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetjing si årsmelding for 2022](#)

Medarbeidarundersøking

Me gjennomførte ei medarbeidarundersøking i heile organisasjonen i 2022. Undersøkinga heiter 10-faktor. Svaroppslutninga var på 75,8%. Mange einingar/avdelingar hadde 100% svar, og enda fleire over 80%. Resultata har vore presentert både for leiarforum, kontaktmøtet, AMU og ADMU. Alle dei



overordna resultata på dei ti faktorane, var anten like eller betre enn sist gong me gjennomførte same undersøking.

Digitalisering

Vindafjord kommune hadde i juni 2022 ein mindre oppgradering i WebSak som er kommunen sitt arkivsystem. Dette var ei planlagd oppgradering som var felles for alle 7 kommunane på Haugalandet. Det vart då retta ein del feil i systemet i tillegg til at ein fekk ein betre utvikla løysing i WebSak+. Dette gjaldt spesielt eSigneringsløysinga.

Det vart i mai 2022 tatt i bruk ny sentralbordløysing, Zisson.

Intranett for tilsette i Vindafjord kommune vart og tatt i bruk i 2022. Eit tilbod som ser ut til å ha blitt tatt godt i mot og blir nytta til informasjon aktivt.

Visma Plus vart kjøpt og tatt i bruk hausten 2022. Visma er kommunen sitt system for økonomi, rekneskap og personalloppfølging, og i "Plus"-versjonen er systemet skybasert istaden for installert lokalt som det har vore tidlegare. Overgang til Visma Plus innebar blant anna endringar med tanke på tilsette som no skal melda inn eige fråvær elektronisk og i kommunikasjonsflyten mellom løn/personal og organisasjonen som sådan. Denne kommunikasjonsflyten er no i større grad digital. Vindafjord er ein av dei fyrste kommunane på Haugalandet som tek i bruk dette systemet. Også rekrutteringssystemet vart nytta, me gjekk frå Rekruttering til Easycruit. Easycruit er til liks med Visma Plus eit skybasert system, og skal vera sikrare og meir brukarvennleg enn dei sistema me hadde tidlegare.

Viktige hendingar

Innafor administrasjon og fellesdrift har ei avdeling i 2022 skifta namn frå "Service og fellesstenester" til "Kommunikasjon og service". Dette for at vi skal sette meir fokus på kommunikasjon både internt i kommunen og ut mot innbyggjarane. Det har vore utskifting av både leiar på avdelinga og lagleiar politisk sekretariat (som også er beredskapskoordinator) i løpet av 2022.

Det vart i 2022 starta arbeid med gjennomgang av politisk organisering. Det vart sett ned arbeidsgruppe som består av politikarar og politisk sekretariat.

I 2022 vart gjort organisatoriske endringar innafor oppvekstsektoren si leiing, det vart gjort endringar/avklaringar i grensesnittet mellom kultur (samfunnsutvikling) og læring (oppvekst), og det vart ei endring for det me kallar Familieteamet slik at dette vart samla under ein og same leiari. Det vart også gjennomført diverse meir eller mindre inngripande organisasjonsendringar på enings- og avdelingsnivå.

Heiltidarbeidet starta i samband med KS sitt prosjekt "Nytt Blikk" i 2018. I 2022 fekk me sterkare momentum i dette arbeidet, gjennom pleie og omsorg si deltaking i TØRN. TØRN har vore orientert om både i kontaktmøte og i ADMU. Heiltidsjobbing elles har i stor grad gått over i drift, og einingane det gjeld har fokus på heiltid i sitt daglege virke.

Det er halde jamlege møte med tillitsvalde og verneapparat også i 2022. Dette kjem i tillegg til ei rekke andre drøftingsmøte for eksempel i samband med omorganiseringar, budsjett, overtal og anna. I 2022 vart det halde fire ordinære AMU-møte og tre ekstraordinære, medan det vart halde fire ADMU-møte.

I tariffoppgjeret for 2022 vart det gjennomført sentrale forhandlingar mellom KS og organisasjonane. Oppgjeret endte med semje mellom KS og 37 av dei 40 fag forbundna som er part. Tre organisasjonar,



deriblant Utdanningsforbundet, gjekk ut i streik. Streiken varte i fleire månadar, før regjeringa foreslo tvungen lønsnemd i slutten av september og arbeidet vart gjenopptatt. Rikslønsnemnda kom med sin kjennelse i februar 2023. Det endelige økonomiske resultatet av tariff 2022 var difor ikkje kjent før uvanleg lenge etter forhandlingsstart.

Vindafesten var eit arrangement som vart halde som ei gavetilsette som takk for innsatsen, særleg i pandemitida. Den vart halde tre kveldar etter kvarandre, for å sikra at også turnusarbeidande skulle ha høve til å finna ein kveld kor dei kunne delta. Den siste kvelden var den med desidert flest deltakarar, og dette vart kombinert med ei markering for jubilantar i forkant. Jubilantmarkeringa samla opp jubilantar for dei tre siste åra, på grunn av at ein ikkje holdt markering i pandemiåra.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022	2022	
1005-Politisk	5 111	4 885	5 494	610
1009-Kommunedirektør	5 851	6 568	6 094	-474
1010-Økonomi	12 881	13 594	13 593	-1
1020-Lønn og personal	7 534	9 455	10 047	592
1030-IKT avdeling	6 094	7 346	7 389	43
1040-Kommunikasjon og service	9 110	8 688	9 668	980
1095-Felles Administrasjon og fellesdrift	851	-47	75	123
Sum	47 432	50 488	52 361	1 873

Kommentar til status økonomi


Rammeområdet administrasjon og fellesdrift hadde eit underforbruk i 2022 på omlag 1,87 millionar. Det er fleire grunnar til dette. Ein stor del av mindreforbruket, om lag 1,3 millionar, skuldast at kommunen ikkje fekk like mange lærlingar (for heile kommunen) som det er rom for i budsjettet.

Fleire av avdelingane har gått med underbemannning/vakanse, der tilsette har vore sjuke eller hatt permisjon. Det har i 2022 vore større aktivitet på kurs og samlingar, så der er det er noko overforbruk. Det har også vore oppsamling av tre år med gåver og heidersteikn og posten har eit overforbruk på kr 130 000. Det er også ein del overforbruk på lisensar.


Innan politisk er det det nytta lite av Formannskapet sin disposisjonskonto på kr 150 000 og det er lågare utgifter til møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste enn budsjettet.

Grafar Økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



■ Lønn ■ Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon ■ Overføringsutgifter
■ Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon ■ Finansutgifter



■ Refusjoner ■ Salgsinntekter ■ Finansinntekter og finansieringstransaksjoner ■ Overføringsinntekter

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse



	Vindafjord 2021	Vindafjord 2022	Rogaland	Landet uten Oslo	Kostragruppe 01 Oslo
Prioritet					
Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B) **)	5 990	6 000	5 843	6 063	6 444
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) **)	430	385	396	404	511
Brutto driftsutgifter til funksjon 110, Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb (B) **)	112	133	91	137	192
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb (B) **)	4 629	4 581	4 501	4 520	4 862
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner (B) **)	661	656	719	686	738
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter (B)	0,9 %	0,9 %	1,1 %	1,0 %	1,0 %
Dekningsgrad					
Medlem og tilhørige i Dnk i prosent av antall innbyggere (B)	78,1 %	77,2 %	64,8 %	66,8 %	74,7 %

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplantiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Nye tiltak		
Auke kontrollutvalet	17	Ferdig Justering av ramme.
Auke kontroll og revisjon - Rogaland revisjon IKS	436	Ferdig Justering av ramme til ny avtale.
Sum	453	

Politisk vedtak

Styrking av pott til disposisjon for formannskapet	100	Ferdig Det blei vedteke i 1. tertialrapport at kommunedirektøren får fullmakt til å disponere inntil kr 50 000 til Frivillighetens år. Elles er det ikkje brukt av dei ekstra midlane for 2022.
Sum	100	
Sum tiltak		553

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,48 %	8,37 %	9,85 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,18 %	6,73 %	7,90 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,13 %	8,42 %	9,55 %
Årleg sjukefråvær 2022	1,75 %	6,39 %	8,15 %

Politisk

Omtale av rammeområde



Tenesteområdet omfattar folkevalde, støtte til politiske parti, kontrollutvalet, val og næring. Under næring er tilskot til Medvind næringshage, turistinformasjon, Destinasjon Haugesund & Haugalandet og omdømmeprosjekt.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr 2022
	2021	2022		
Sum	5 111	4 885	5 494	610

Kommunedirektør

Omtale av rammeområde

Ansvarsområdet har 4 årsverk, kommunedirektøren og 3 kommunalsjefar.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr 2022
	2021	2022		
Sum	5 851	6 568	6 094	-474

Økonomi

Omtale av rammeområde

Økonomiavdelinga har ansvar for overordna økonomisk planlegging og budsjettering, kontroll og analyse, rekneskap, finans, innkjøp og fakturering. Avdelinga har og ansvaret for rekneskap, faktura inn og ut for fellesrådet og gir støtte og rettleiing til sokneråda. Avdelinga hadde 5,6 årsverk i 2022.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr 2022
	2021	2022		
Sum	12 881	13 594	13 593	-1

Lønn og personal

Omtale av rammeområde

Personalavdelinga har overordna ansvar for alt innafor området løn, personal og organisasjon. Dette er blant anna HMS, tilsetningsarbeid, oppseiingsarbeid, tariff, velferd, arbeidsmiljø, lærlingar, vernetenesta, tillitsvalde/drøftingar, nærvær, personalsaker, inkluderande arbeidsliv, feriespørsmål, AMU og ADMU, konfliktløysing, omplassering, lønsfastsettjing, lokale forhandlingar, rettleiing og støtte, pensjon, kompetanse, arbeidstidsspørsmål, arbeidsavtalar, leiing og leiarutvikling, omorganisering, løn, reiserekningar, tilsetjingssystem, sjukepengar og refusjonar. Det er organisert slik at kommunalsjef personal og organisasjon er ansvarleg for service og fellestjenester samt IKT/digitalisering i tillegg til løns- og personalavdelinga.



Det er fem årsverk totalt på løn og personal, inkludert kommunalsjef personal og organisasjon.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	7 534	9 455	10 047	592

IKT avdeling

Omtale av rammeområde

IKT-avdelinga er eit interkommunalt samarbeid mellom Etne og Vindafjord kommunar (EVIKT) med totalt 6 årsverk. EVIKT vart oppretta i 2015, og Etne kommune er vertskommune med arbeidsgjevaransvar. Eining har ansvar for

- teknisk drift av alle Etne og Vindafjord kommunar sine IKT-system
- utvikling av IKT-system og overordna samordning
- diverse kring informasjonstryggleik
- support til alle tilsette i kommunane
- innkjøp og handtering av IKT-utstyr

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	6 094	7 346	7 389	43

Kommunikasjon og service

Omtale av rammeområde

Tenesteområdet for kommunikasjon og service inkluderer drift av servicetorg, politisk sekretariat og arkiv, samt merkantile tenester for barnevern, PPT og tilrettelagde tenester. Servicetorget er kontaktpunktet for innbyggjarane via sentralbord, skranke, nettsider inkl. søknadssenter og facebook. Tenesteområdet er ansvarleg for å vedlikehalde og utvikle desse tenestene. I tillegg er servicetorget kontaktpunkt for tilsette i kommunen når det gjeld diverse fellesstenester som intranett, booking av møterom og bilar, i tillegg til informasjon som skal ut til innbyggjarane og tilsette.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	9 110	8 688	9 668	980

Felles Administrasjon og fellesdrift

Omtale av rammeområde



Felles budsjettområde for administrasjon og fellesdrift. Her ligg budsjettpostar sett av til lønnsvekst, reguleringspremie pensjon, forsikringar og kontingent til KS.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022	2022	
Sum	851	-47	75	123

Oppvekst og kultur

Omtale av rammeområde

Barnehage

Tenesta omfattar Skjold, Sandeid, Vats og Vågen barnehage, og oppvekstsentera Bjoa-, Vikebygd- og Imsland barnehage og skule. I tillegg er det tre private barnehagar i kommunen: Ølensjøen FUS barnehage, Vikedal FUS barnehage og Nausthaugen barnehage.

Private barnehagar er inkludert i kompetanseutvikling og BTI-arbeidet, og deltek i fagmøte med dei kommunale barnehagane. Det er samordna opptak for kommunale og private barnehagar, og rekneskapen for dei kommunale barnehagane gjer grunnlag for tilskotsatsar til dei private barnehagane. Barnehagane driv med barnehagebasert kompetanseutvikling, gjennom regional kompetanseutvikling (ReKom), i partnarskap med Høgskulen Vestlandet, HVL. Sandeid barnehage har vore pilot og dei andre kommunale barnehagar, samt Nausthaugen barnehage, er knytt til utviklingsarbeidet som klyngebarnehagar i lærande nettverk med eigne kompetanseutviklingsplanar. FUS barnehagane deltek i læringsmiljøutviklingsprosjekt (LMP) og samarbeider tett med Ølen skule og Vikedal skule her.

Dei kommunale barnehagane varierer i storleik, frå 10 barn i barnehagen i Imsland til 120 barn i Skjold barnehage. Det er også stor variasjon knytt til funksjonalitet i kvar dagen, og utbetringsbehov ved einingane. Det er med unntak av Skjold barnehage redusert tal på barn i dei kommunale barnehagane, med ei endring frå 321 barn i 2015 til 283 i 2022.

Framskrivning av folketalet viser at talet på barn i barnehagealder vil gå ned dei nærmaste åra, og ein vil i 2023 ha omlag 100 færre barn i barnehagealder enn i toppåret 2015. I 2021 var det 50 færre barn i barnehagealder samanlikna med 2015.

Det er omlag 80 årsverk, med litt over 100 tilsette, i kommunale barnehagar, inkludert leiarstillingar, assistentar/fagarbeidarar og barnehagelærarar. Kommunen fyller pedagognorma og det har ikkje vore naudsynt å gi dispensasjon til private barnehagar.

Skule

I Vindafjord er det totalt ni skular, tre kombinerte 1.-10.kl, tre 1.-7.kl og tre oppvekstsenter (barnehage og skule). Elevtalet held seg nokolunde stabilt, men fleire av skulane vil gradvis få ein nedgang av elevar fram mot 2023.



Det kom ny læreplan hausten 2020, skulane bruker mykje tid på å jobba med den overordna delen som gir ein del rammer for korleis ein skal tenke rundt elev og undervisning. Desentralisert modell for kompetanseutvikling, DeKomp er ei ordninga der ein er i partnarskap med Høgskulen på Vestlandet (HVL), som skal vera delaktige for å heva kompetansen på skulane. Ølen, Skjold og Vikedal skular er i partnarskapet med tema lesing i eit inkluderande fellesskap. Dette prosjektet blir avslutta våren 2023. Denne måten å jobbe på er og i tråd med samarbeidet kommunen har hatt med NordR (kommunane i Nord Rogaland), der ein har jobba mykje med å auka analysekompetansen til skulane. Pedagogisk analyse skal hjelpe skulane å sjå ein raud tråd i å analysera og følga opp elevresultat.

Vågen, Sandeid og Vats skular jobbar med eit læringsmiljøprosjekt "Bry deg!", som er eit samarbeid med Læringsmiljøsenteret i Stavanger, UiS. Her jobbar skulane med fagleg profesjonsutvikling for å vera betre rusta i arbeidet med det psykososiale miljøet.

I samband med vidareutdanningsmodellen til Utdanningsdirektoratet, Kompetanse for kvalitet, jobbar kommunen målbevisst for å nå måla om at lærarar som underviser i norsk, matte og engelsk skal ha 30/60 stp, høvesvis barnesteg og ungdomssteg. Kommunen har tida fram til 2025 til å nå dette målet. I 2022/23 tek 4 lærarar vidareutdanning gjennom denne ordninga.

I 2022 var det 147 årsverk i skulen, av desse er det 119 lærarar og 28 hjelpepersonell (SFO og skule). I tillegg er det 11,80 årsverk til administrasjon og leiing (rektor og inspektør), merkantilressursen utgjer totalt 3,45 stillingar utanom.

SFO

Det har vore tilbod om SFO ved alle ni skulane våre i 2022 med ti alternative val. Etter ei administrativ vurdering hausten 2021 vart ein samde om å halda fram med alle pakkane. Det har vore ein politisk runde våren 2023 der nye vedtekter med nye pakkar er vedteke, inkludert eig pakke for gratis kjernetid for 1. klasse.

Grunna få søknadar til ferie SFO var det berre tilbod på Ølen skule sommaren 2022.

Kvalitetsplan for SFO er utarbeidd for å sikra meir kvalitet i SFO framover, denne skal opp til ny revidering i 2023.

I 2022 vart ny overordna plan for det psykososiale miljøet for barnehage, skule og SFO utarbeidd. Dette er ein veldig viktig plan både for brukarar og tilsette.

Det var 11,5 årsverk i SFO i 2022.

PPT

PP-tenesta for Etne og Vindafjord er sakkunnig organ knytt til opplæring heimla i barnehagelova kap VII §33 «Spesialpedagogisk hjelp» og opplæringslova kap 5 §5-6 «Spesialundervisning». PP-tenesta har oppgåvane knytt til 13 barnehagar, 11 skular og vaksenopplæring på grunnskuleområdet for elevar med spesialpedagogiske behov.

I Vindafjord er tre barnehagar og tre skular organisert i oppvekstsenter. Tenesta skal hjelpe barnehagar og skular med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for barn/elevar med særlege behov. Som førsteprioritet skal tenesta syta for at det vert utarbeidd sakkunnige vurdering der lova krev det. Det er 6,5 årsverk knytt til tenesta. 0,8 årsverk merkantil



funksjon er knytt til Service- og fellestjenesta. Dei tilsette har kontorstad på rådhuset i Vindafjord. Pr. 31.12.2022 hadde PP-tenesta 321 aktive personsaker knytt til Etne og Vindafjord kommune.

Kultur og læring

Kultur og læring er eit stort område med eit breitt spekter av oppgåver som varierer stort gjennom året. 2022 har vore eit meir positivt år for kulturlivet generelt og Kultur- og læringssenteret på Sjøperlo er blitt ein populær møteplass for alle aldrar og i god samarbeid med frivillige. Biblioteket hadde i 2022 30 % auke i besøkande frå 2021 (og nær 140% auke frå 2018). I 2022 blei biblioteket eit meirope bibliotek, noko som gjer at lånarar etter særskilt avtale kan bruke biblioteket 07-22 alle dagar. Gjennom frivilligsentralen er det etablert fleire faste møteplassar for ungdom og seniorar kvar veke.

I kulturskulen er undervisningstilboden utvida og det er sett i gang planlegging for formalisert fordjupningstilbod til spesielt interesserte elevar. I 2023 er det 50 års sidan den første kommunale musikkskulen vart oppretta og planlegginga er igang.

Vaksenopplæringa fekk ei veldig stor auke i deltakarar frå juni 2022, då mange ukrainske flyktningar fekk rett til norskopplæring.

Sjå meir detlajert årsmelding og utvalde resultat under einingskapitelet.

Utvalde resultat

Barnehage

451 barn totalt, av dei går 283 barn i kommunale barnehagar og 168 i private barnehagar. Spesialpedagogisk hjelpe på 5,32 % dekker alle barn i førskulealder.

Barnehagane fyller pedagognorm, både i kommunale og private barnehagar. Det er ein barnehage som har fått dispensasjon frå norm om pedagogisk bemanning.

Grunnskulen

1144 elevar totalt, skulane våre fyller lærarnorma. Vindafjordskulen har høgare lærartettleik enn snitt for fylke og land for 1.-7. trinn. På ungdomsskulane har Vindafjord i snitt fleire elevar per lærar enn det resten av fylket og landet har. Vindafjord ar 19,5, Rogaland har 17,86 og landet har 17,65.

Det vert jobba mykje med det psykososiale miljøet i barnehage og skule, fleire av einingane våre er med i ulike prosjekt. Arbeidet med felles overordna plan for det psykososiale arbeidet i barnehage og skule er endeleg ferdig, denne ligg sentralt på heimesida til kommunen der både tilsette og brukarar når den lett. Ølen og Vikedal skule har vore med i læringsmiljøprosjekt som blei avslutta våren 2022. Her har også dei private barnehagane i Ølen og Vikedal deltatt. Skulane Vats, Vågen og Sandeid starta i eit læringsmiljøprosjekt "Bry Deg!", dette er i samarbeid med Læringsmiljøsenteret i Stavanger, UiS.

Totalt får 8,65 % av elevmassen spesialundervisning (69 gutter og 30 jenter).

Les meir i [kvalitetsmeldinga for barnehage og skule 2022](#).

PPT

Nøkkeltal nasjonalt	2017	2018	2019	2020	2021	2022
---------------------	------	------	------	------	------	------



Sakkunnig vurderingar barnehage*	3,1%	3,2%	3,3%	3,4%	3,6%	
Sakkunnige vurderingar skule	7,85%	7,81%	7,81%	7,7%	7,8%	8,0%

Tala for barnehage er pr. 15.12.2022. For barnehage gjeld tal og % i høve til barnetal i kommunen. For åra 2016-2019 var det tal i høve til barnetal i barnehage. Dette er justert i høve barnetal i kommunen.

Tala for skule er år- 01.10.2022 (GSI-tal)

Kultur og læring

	2019	2020	2021	2022
Kulturskule elevar (GSI)	187	186	186	173
Kulturskule elevplasser (GSI) *	191	191	191	175
Kulturskule venteliste	33	36	27	10
Kulturskule, musikk for barnehagebabn	100	0	0	55
Kulturskule på institusjon				12
Kulturskule på skulebesøk				300
Bibliotek, utlån (barn og vaksne)	21189	16429	18473	29901
Bibliotek utlån digitale bøker	1624	2014	1254	1342
Bibliotek besøk alle	15733	13925	21418	28005
Bibliotek SF, tal besøk/snitt pr. veka	1940/40,5	997/26,5	1610/47	2018/40,36
Bibliotek SF, samla utlån bøker og digitale	4187	1739**	2398	3715
Vaksenopplæring, elevar norsk og sam.k.	37	26	37	48
Grunnskule, §4A-1 gr. Dugleikar og fag (1.-7.) (GSI)	35	23	34	27
Grunnskule, §4A-1 eksamensretta (GSI)	10	13	13	13
* elevar kan ha fleire elevplassar				
** ikkje digitale bøker				

Viktige hendinger

Det har vore eit godt tverrfagleg samarbeid i Vindafjord kommune med tanke på dei sårbare barna og elevane. Med faste statusmøte og god samhandling, med BTI-modellen til grunn, mellom tenestene, har desse både blitt sett og høyrt, og ikkje minst fått god oppfølging.



Eksamens vart også dette året avlyst grunna Covid-19, det var veldig synd då mange elevar hadde sett fram til å vise kva dei har lært gjennom skuleløpet.

Utviklingsarbeid gjennom dei statlege ordningane Rekom og Dekom (bhg/skule) har gått sin gang, mykje har føregått digitalt, men også nokre fysiske samlingar.

Ny felles overordna plan for det psykososiale miljøet for barnehage og skule er ferdig og ligg publisert på nettsida til kommunen. Denne er viktig i arbeidet med at alle skal ha det trygt og godt. Førebyggjande arbeid og kva ein kan og skal gjera når noko oppstår er sentralt i planen.

Barnehage - og skulebruskplanen var sentral i første halvdel av 2022, med folkemøte og politisk sak. I etterkant av vedtaket i juni har administrasjonen jobba med å følgja opp med den private barnehagen i Vats, for å få avklart om dei ønskjer å drive vidare. Dette blei avgjort i januar 2023, det vert privat drift vidare. Prosesen med å omgjer einingane i Sandeid og Vågen til oppvekstsenter starta hausten 2022 og pågår. Desse skal vera oppvekstsenter ved oppstarten av barnehage- og skuleåret 2023/24.

PPT har levert 160 sakkunnige vurderingar i 2022 til Etne og Vindafjord. Målet for både Etne og Vindafjord kommune er at utviklinga av tal sakkunnige vurderingar skal fylgja nasjonalt nivå. Gjennom høg kvalitet i det ordinære tilbodet, både i barnehage og skule, vil behovet for spesialpedagogiske tiltak verta redusert.

PP-tenesta er med i arbeidet for tidleg innsats og førebygging. Både Etne og Vindafjord er BTI-kommunar. Stafettloggen fylgjer tilvisingar til PP-tenesta.

Mandatet for PP-tenesta vert frå 01.08.25 utvida og vil omfatta alle barn og unge. Statped skal også overføra fleire av oppgåvene sine til kommune og PPT.

PPT har delteke i forprosjektet saman med Etne og Vindafjord kommune, HVL og NLA Høgskulen i "Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis". Det vert søkt om hovudprosjektmidlar.

Det er ei utfordring at kommunen ikkje har stillingsheimel eller avtale for synspedagog og psykolog.

Dagsturhytta i Kolbeinshaugslia stod ferdig i mars.

Bibliotek er blitt eit meirope bibliotek, noko som gjer at lånarar etter særskilt avtale kan bruke biblioteket 07-22 alle dagar. 2022 var første år med drift, og ein ser at elevar og studentar er hyppige brukarar av denne tenesta.

Vaksenopplæringa fekk ei veldig stor auke i deltakarar frå juni 2022, då mange ukrainske flyktingar fekk rett til norskopplæring.

2022 var frivilligheita sitt år. Frivilligsentralen har i løpet av året sendt ut informasjon om ulike støtteordningar til lag og organisasjoner. Me har arrangert *Vår dag*, hatt turne rundt i bygdane og i mai inviterte me politikarar og alle som er frivillige på showet «Heftig og frivillig» i Ølen kulturhus.

Status økonomi

Beløp i 1000



Rammeområde/eining

	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022	2022	
1100-Skjold skule	30 729	31 117	31 568	451
1110-Ølen skule	30 555	32 145	31 867	-278
1120-Vikedal skule	16 327	17 586	16 900	-686
1130-Vikebygd skule og barnehage	8 233	8 491	8 404	-87
1140-Bjoa skule og barnehage	6 836	7 088	7 189	101
1150-Vats skule	11 505	11 470	11 329	-140
1160-Vågen skule	10 422	11 882	10 757	-1 125
1170-Sandeid skule	11 528	11 614	11 060	-553
1180-Imsland skule og barnehage	6 077	6 017	6 011	-7
1210-Sandeid barnehage	8 216	8 476	8 797	321
1220-Vågen barnehage	5 945	5 103	5 067	-36
1230-Vats barnehage	4 730	5 399	6 064	665
1240-Skjold barnehage	14 171	16 265	16 633	368
1250-PPT	4 326	4 315	4 653	338
1260-Kultur og læring	14 585	15 635	16 207	572
1295-Felles Oppvekst og kultur	36 879	37 962	38 074	113
Sum	221 064	230 564	230 580	17

Kommentar til status økonomi

Samla mindreforbruk i 2022 for rammeområdet var på 16 678 kr, som er så nære balanse ein kan koma. Dette skuldast god økonomistyring i einingane i oppvekst. Dei fleste er anten i balanse eller har levert eit lite overskot. Nokre einingar har slitt og leverer eit overforbruk, og dette skuldast ressurstildelingsmodellen som er retta opp i.

Skule

Skulane våre går med eit samla overforbruk som i hovudsak er meirforbruk på grunn av ressursfordelinga og enkelte tiltak som ein har måttet sett inn. Dette er spesielt knytt til utfordringar med læringsmiljøet ved nokre av skulane våre. Nokre einingar leverer eit nokså stort mindreforbruk. Dette vert tatt med i neste runde med ressursfordeling frå januar 2023. Skulane har generelt hatt store utgifter til vikarar i periodar med mykje sjukdom. Lønsauken til lærarane i haust blir ikkje utbetalt før i 2023.

SFO

Det er tilbod om SFO ved alle ni skulane våre. Brukarane har kunne velje dagar fritt, i tillegg har dei kunne velje om dei vil ha med eller utan morgontilbod. I SFO 2022 tilbaud kommunen ti alternative val. I utgangspunktet er det nok budsjettet med for høg foreldrebetaling, når ein gjennom skuleåret får oppseiingar blir det utfordrande då dette fører til enda mindre inntekt enn budsjettet. Dei tilsette er som regel tilsett for heile skuleåret.

Barnehage

Totalt viser denne sektoren eit godt mindreforbruk. Nokre einingar går med overforbruk grunna barn som treng styrking. Styrkingsmidlar er ikkje tilført budsjettet. Elles er det god økonomistyring generelt.

PPT

Tenesta har eit samla mindreforbruk på ca 160 000 kr. Ikkje justert pensjon (i budsjettet) utgjer ca 180 000 kr. Rådgjevarane (6) har ikkje fått utbetalt lønstillegg for 2022; dette skal etterbeta last i 2023. Utgifter til kurs har vore låge. I liten grad er det nytta vikar ved sjukefråvær.

Kultur- og læring

Samla mindreforbruk hiå på omlag kr 600 000,- skuldast i hovudsak at resultatet for 2022 er som forventa totalt. Noko mindreforbruk løn, vakant og vikar for tilsette i permisjon er løna lågare (utan godkjent utd/pensionistløn.) Det har ikkje vore behov for å bruke av fond i 2022. Kommunen har mottatt meir tilskot




grunna fleire busette flyktningar enn forventa i budsjettet. Dette er midlar som skal nyttast over fleire år og blir sett av på fond. Mindre utbetalte tilskot til lag og organisasjonar enn forventa. I stor grad har drift og resultat både gått og blitt som forventa gjennom året.

Felles Oppvekst og kultur


Totalt er det eit samla mindreforbruk på 112 000 kr, dette skuldast godt arbeid med budsjettering og at det har vore stabilt og forutsigbart med barnetal i dei private barnehagane. Likevel er det overforbruk på skyss, fylkeskommunalt og kommunalt, som må rettast opp i 2023. Det har vore mykje ekstraordinær skyss grunna farleg vegarbeid i lange periodar. Det er kome mindre inntekt frå Staten enn budsjettert.

Grafar Økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



— Lønn — Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon



— Refusjoner — Salgsinntekter — Overføringsinntekter — Finansinntekter og finansieringstransaksjoner

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Vindafjord 2021	Vindafjord 2022	Rogaland	Landet uten Oslo Kostragruppe 01	
Prioritet					
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1 955	2 040	3 486	2 874	2 130
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgif (B)	25,5 %	24,8 %	24,5 %	22,5 %	23,5 %
Netto driftsutgifter i prosent 201 førskole (B)	10,8 %	10,5 %	13,0 %	11,6 %	11,1 %
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) **)	111 095	111 714	101 739	103 851	107 020
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (B) **)	136 259	138 935	126 959	132 146	134 251



Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B)	3 802	4 079	3 091	2 925	3 072
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B) **)	8 484	9 787	9 215	8 047	6 877
Produktivitet					
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage (B)	178 380	182 664	193 172	188 996	183 964
Dekningsgrad					
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (B)	63,8 %	62,8 %	51,1 %	50,4 %	56,2 %
Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B)	15,8 %	13,7 %	14,2 %	13,3 %	16,2 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	8,1 %	8,7 %	7,5 %	7,9 %	9,3 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO (B)	47,6 %	52,3 %	57,7 %	62,4 %	55,2 %
Besøk i folkebibliotek per innbygger (B)	2,4	3,2	5,2	3,9	3,4
Kvalitet					
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,3	4,1	4,1		
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	47,0	47,0	50,0		
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	46,0	48,0	50,0		

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplantiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Vedtak førre periode		
Reduksjon skule og barnehage som følge av demografisk utvikling	-3 100	Ikkje starta Må sjåast i samanheng med barnehage- og skulebruksplan
Grunnskuleopplæring vaksne	500	Ferdig Budsjettjustering
Sum	-2 600	

Innsparingstiltak

Reduksjon skule og barnehage som følge av demografisk utvikling	-1 450	Ikkje starta Må sjåast i samanheng med barnehage- og skulebruksplan
Redusert pensjonssats tilskot private barnehagar	-339	Ferdig Budsjettjustering
Redusert kapitaltilskot til private barnehagar	-222	Ferdig Budsjettjustering
Samle merkantilressursane for oppvekst	-150	I arbeid Drøftingar har blitt gjennomført, må sjåast i samanheng med kabalen elles i barnehage og skule.
Sum	-2 161	

Nye tiltak

Inntektsgradert foreldrebetaling i SFO på 3.-4. trinn – heilårseffekt av endring i 2021	59	Ferdig Budsjettjustering
Auka ressursar til minoritetsspråklege elevar i Vindafjordskulen (velkomstklasse)	200	Ferdig Tildelt ressursen for hausten 2022 og vidare 500 000 kr frå 2023 og utover.
Reduksjon skule og barnehage som følge av demografisk utvikling	2 050	Ikkje starta Må sjåast i samanheng med barnehage- og skulebruksplan



Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Sum	2 309		
Politisk vedtak			
Redusert maksimalpris for foreldrebetaling i barnehagane	500	Ferdig	
Sum	500		
Sum tiltak	-1 952		

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,26 %	4,41 %	5,68 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,52 %	4,75 %	6,27 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,37 %	5,27 %	6,64 %
Årleg sjukefråvær 2022	1,73 %	4,38 %	6,11 %

Skjold skule

Omtale av rammeområde

Skjold skule er ein 1-10 skule med 323 elevar og 52 tilsette. Skulen ligg fint til med mykje flott natur rundt. I tillegg har skulen et stor idrettsanlegg som blir mykje brukt både på dagtid og kveldstid. Ute området for småskulen har fått ei oppgradering. Føresette på skulen arbeider for ytterlegare oppgradering.

Utvalde resultat

På nasjonale prøvar ser me at på 5. trinn ligg me under landsgjennomsnittet, mens med ligg over snittet på ungdomsskulen.

Olweusundersøkinga vart gjennomført hausten 2022. Denne blir nytta for å kartlegge om der går føre seg mobbing på skulen. Her viste undersøkinga at tal på elevar som opplever mobbing ligg stabilt, men me må bruka tid i enkelte klassar for å finna ut kva som ligg bak nokon av tala.

Udir si Elevundersøking blir tatt på 7.-10. trinn. Årets resultater er vanskelege å lesa, då det er innført nye prikkereglar. Det gjer det vanskeleg å les tala, som igjen gjer oss lite informasjon.

I 2022 vart det ikkje gjennomført eksamen ved Skjold skule.

Viktige hendigar

Året 2022 har vore eit roleg år. Dette året har med tatt tilbake dei fleste tradisjonane som me la til side grunna covid-19.

Skulen har hatt normal drift gjennom året.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022	2022	
Sum	30 729	31 117	31 568	451



Ølen skule

Omtale av rammeområde

Ølen skule er ein 1-10 skule med 280 elevar. 110 av elevane går på ungdomstrinnet. Om lag 85 av elevane er minoritetsspråklege. Introtilbodet for barn med fluktbakgrunn, velkomstklassen, er plassert på Ølen skule. I 2022 var det 30 elevar her. SFO har 44 barn. Det er 50 tilsette på skulen, Fleire går i reduserte stillingar. Gjennom 2022 har Ølen skule hatt praksiselevar frå vaksenopplæringa, vidaregåande og studentar frå Høgskulen på Vestlandet og universitetet i Stavanger. Det er blitt sett inn ekstra ressursar for å ivareta nyankomne barn med fluktbakgrunn. Me har og måtte sett inn auka bemanning klassar med store utfordringar. Januar til mars blei mykje av vikarbudsjetten brukt på ekstra utbetalingar til vikarbruk knytt til C19-fråver.

Skulen har utfordring med for liten gymsal. Med 16.klassar som skal gjennomføre kroppsøving har med fått leige SR-bank stadion og lokalar på FRISK.

Utvalde resultat

Ølen skule har gjennom fleire år jobba systematisk med å lage gode system for å ivareta det psykosiale miljøet for elevane på skulen. I 2022 har skulen har ti aktivitetsplanar der det er sett inn tiltak på individnivå, klassenivå og skulenivå.

Skulen arbeider framleis systematisk med å kontinuerleg utarbeida gode rutinar.

Skulen er med på Dekom der me har satsingsområdet lesing. Dette er eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Gjennom "lesing i eit inkluderande læringsmiljø" har me hatt fire samlingar saman med Høgskulen, i tillegg har ein tilsett ved HVL hatt eit forskingsprosjekt i saman med Velkomstklassen.

I tillegg til dette har me jobba systematisk med å lage eit profesjonelt læringsfellesskap på Ølen skule, der ein jobbar med både drift og utvikling og heile vegen har eleven sitt læringsutbytte i fokus.

Viktige hendingar

Skulen starta på Dekom arbeidet der ein har satsing på lesing, dette er sårt trengt då me er ein stor andel elevar som er fleirspråklege. I tillegg har skulen over tid hatt låge resultat på nasjonale prøvar i lesing på 5.trinn. Dette er noko skulen må jobbe meir med i 2023.

Ølen skule er blitt gode på å nytte pedagogisk analyse til å tolke og analysere både faglege og sosiale utfordringar. Denne metoden vert det og jobba med i felles utviklingsarbeid i skolebasert kompetanseutvikling saman med Sauda og Suldal kommunar.

Innhald i interne møter på skulen har i større grad fått faste saklister, der utvikling, deling og drift er faste punkt.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Sum	30 555	32 145	31 867	-278

Vikedal skule



Omtale av rammeområde

Vikedal skule er ein 1-10 skule med rundt 150 elevar. SFO har rundt 20 barn. I 2022 var det 26 tilsette fordelt på ulike stillinga og stillingstorleikar. Det har også vore innom personar i praksis og arbeidstrening. Det har gjennom 2022 vore ein periode på vår-halvåret at ein brukte for mykje ressursar på vikarbruk og overtid, og ein har klart å bremse dette meirforbruket på hausten. Likevel vart det 600 000 kr i meirforbruk i 2022.

Utvalde resultat

Vikedal skule har jobba vidare med rutine knytt til det psykososiale arbeidet og har jobba i tråd med dette. Skulen har hatt to systemsaker i 2022 knytt til psykososialt miljø og knytt til uro i klassen.

Me har jobba tett og godt med PPT og hatt fokus på korleis ein på best mogleg måte kan legge til rette for elevar i klasserommet innafor det ordinære.

Viktige hendingar

-Ny rektor frå 1.august 2022

-Skulen jobbar strukturert og godt med utviklingsarbeid og Vindafjord kommune gjekk inn i samarbeid i høve til skulebasert kompetanseutvikling saman med Sauda og Suldal. Vikedal skule er med i lesing i eit inkluderande perspektiv som bli avslutta mai 2023. Det har vore ulike samlingar i 2022 rundt dette.

-2022 har i nokon grad vore prega av korona i form av ekstra betaling i forhold til korona, og desse mildene vart dekka.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022	2022	
Sum	16 327	17 586	16 900	-686

Vikebygd skule og barnehage

Omtale av rammeområde

Skulen og barnehagen i Vikebygd er organisert som ei eining - Vik skule og barnehage. På Vik skule er det 30 elevar på 1.-7. trinn. I Vikebygd barnehagen er det 22 barn, 14 på avdeling for 3-6 år og 8 på avdeling for 0-3 år. På SFO går det 12 barn. Det er 14 fast tilsette i eininga. Dei deler ca. 12 hele stillingar.

Utvalde resultat

Me synes ordninga med å ha ein eigen PP-kontakt og PP-dag kvar månad fungerer godt. Dette er blitt ei god støtte for både skulen og barnehagen.

På skulen brukar me resultat frå kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar aktivt for å planlegge ulike tiltak og vidare arbeid. Me ser at dette gir gode resultat. Me driv målretta symjeundervisning og gir ekstra tilbod til dei elevane som ikkje klarar symjeprøven innan utgangen av 4. trinn.



Me har stabilt personal med relevant utdanning i alle stillingar, både på skulen og i barnehagen.

Viktige hendingar

Skulen sitt hovudsatsingsområde er “Eit trygt og godt skulemiljø for alle”. Me har lagt mykje tid i miljøtiltak i skulekvardagen dette skuleåret. Me brukar mellom anna opplegget “Livet og sånn” med felles tema for alle elevane kvar månad. Me meiner dette har gitt gode resultat.

I barnehagen jobbar me kontinuerleg med sosial kompetanse og med å skapa positive relasjoner mellom barna, og mellom barn og vaksne. Me skal vera gode med kvarandre, og alle skal få oppleva at ein blir sett pris på av andre. Utanom dette har me i år “Kommunikasjon, språk og tekst” som satsingsområde. Me har tatt utgangspunkt i problemstillinga: «Korleis kan barnehagen bidra til at kvart enkelt barn vidareutviklar omgrevpsforståing og evne til kommunikasjon best mogleg?»

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	8 233	8 491	8 404	-87

Bjoa skule og barnehage

Omtale av rammeområde

Bjoa skule og barnehage har 25 elevar i skulen og 11 barn i barnehagen året 2022-23. Det er 11 tilsette i eininga, vel 9 årsverk til saman.

Utvalde resultat

Arbeidet for eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø er eit felles fokusområde for oppvekstsenteret. Me er ein Olweus-skule og aktivitetsplikta i barnehagen og skulen ligg til grunn i utviklingsarbeidet vårt.

Inkludering og aktiv og tverrfagleg undervisning med bruk av nærmiljøet er sentralt. Me har fokus på tilpassa opplæring og å vera tydelege klasselærarar. I barnehagen jobbar me med å vera anerkjennande vaksne i møte med barn, slik at me kan gi dei eit godt grunnlag for vidare læring og utvikling.

Viktige hendingar

Det har vore eit “normalt” år fit drift, og utviklingsarbeidet vårt har stått i fokus. Me samarbeider godt på tvers, mellom barnehage, SFO og skule.

Det er tre år sidan me vart ein Olweus-skule, og til sommaren skal me re-sertifisere oss i Olweus-programmet.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	6 836	7 088	7 189	101



Vats skule

Omtale av rammeområde

Vats skule ligg fint til i Nedre Vats omgitt av flott natur.

Mange fine tur moglegheiter, med både tilgang til vatn, fjell og skog, samt tilgang til gapahauk og lova i nærmiljøet.

Klassane er flinke til å bruke naturen i undervisninga.

Personalet har i 2022 vore 11 lærarar, 6 fagarbeidrar/assistentar og rektor, tilsaman 18 personar.

Utvalde resultat

I 2022 har skulen hatt 104 elevar fordelt på 1.- 7. klassar .

Skulen har hatt to aktivplanar, 9A sak, som vert avslutta hausten 2022

Bry deg

Hausten 2022 jobba alle tilsette ved Vats skule vært med i utviklingsarbeidet/prosjektet "Bry deg" i regi av Læringsmiljøsenteret/Universitetet i Stavanger. Me avsluttar prosjektet hausten 2023.

Viktige hendingar

Fellestema for heile skulen vert i år "Folkehelse og livsmestring" der alle klassane hadde jobba med teamet i ein månad og avslutta med foreldrekveld med underhaldning av elevane

Vats skule har samarbeid med Vindafjordtunet.

Heile skulen feira 17. mai fredag 13.mai med tog på sjukeheimen. Der dei eldre fekk høyre Nasjonalsongen og andre vårlege songar

Siste dag før jul gjekk heile skulen i lystog til sjukeheimen og sang julesanger. Dette er blitt ein god tradisjon, som me tek vare på.

Kvar haust startar me skuleåret med Trivselsveka. Då gjer me ulike aktivitetar, som leik i skulegarden, spel på tverrs av klassane og samtaler rundt dette med trivsel i klassane.

I den samanheng har me foreldremøte, og i 2022 var det Barnevakten som foreleste om nettvett m.m.

Me avsluttar veka med ein trivselsmarsj, der klassane er blanda og lærarane/assistentane står ute i løypa med ulike oppgåver.

Status økonomi



Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Sum	11 505	11 470	11 329	-140

Vågen skule

Omtale av rammeområde

Vågen skule

Vågen skule ligg i Ølensvåg og er ein 1-7-skule med rundt 100 elevar. SFO har rundt 25 born.

Det er 19 tilsette fordelt på 15 stillingar.

Denne hausten har me hatt to tilsette i svangerskapspermisjon, og der har me hatt vikarar inne. I tillegg har me brukt to faste vikarar i andre vikariat.

I 2022 var det ei skeivfordeling i budsjettet som førte til at Vågen skule gjekk med eit stort underskot. Dette er retta opp i budsjettet for 2023.

Utvalde resultat

Bry deg!

Vågen skule har i heile 2022 vore med på eit satsingsområde som heiter Bry deg! Her har me hatt eit tett samarbeid med Vats og Sandeid skular.

Bry deg er eit nasjonalt satsingsområde som går på at alle elevane skal ha det trygt og godt på skulen. Med andre ord det psykososiale miljøet på skulen.

Det fine med dette prosjektet er at her arbeider alle tilsette saman, og me har med oss helsejukepleiar og PPT-kontakt.

Veilederane kjem frå læringsmiljøprosjektet.

Viktige hendingar

I juni 2022 gjorde kommunestyret eit vedtak om at frå hausten 2023 skal Vågen skule og Vågen barnehage slåast saman til Vågen Oppvekstsenter.

Det blir spanande å sjå kva dette fører til av endringar for skulen.

Vågen skule har eit stabilt vaksemiljø. Det fører til stabilitet og forutsigbarhet for elevane.

Skulen arbeider med utviklingsarbeid saman med dei andre skulene i kommunen.

Status økonomi

Beløp i 1000



Rammeområde/eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Sum	10 422	11 882	10 757	-1 125

Sandeid skule

Omtale av rammeområde

Sandeid skule er ein 1- 7 skule med 111 elevar. SFO har rundt 25 barn. I 2022 hadde med 22 tilsette fordelt på ulike stillingar og stillingsstorleikar.

Utvalde resultat

Sandeid skule gjekk inn i samarbeid med Læringsmiljøsenteret i Stavanger med Kompetansehevingsprogrammet Bry deg! Her er heilskapleg arbeid med skolemiljø, relasjon- og interaksjonskvalitet, av dekking og stepping av mobbing og kap. 9A i praksis nokre av teama som blir tatt opp. Skulen arbeider tett saman med Vågen og Vats skule. Me har faste felles fagdagar i tillegg til arbeid på ettermiddagar på eiga eining.

Viktige hendingar

Skulen har fast utviklingstid tysdagar. Da blir det jobba systematisk med Bry deg i tillegg til refleksjonar og arbeid med pepdagogisk analyse i lokale sakar.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Sum	11 528	11 614	11 060	-553

Imsland skule og barnehage

Omtale av rammeområde

- Imsland skule og barnehage er eit oppvekstsenter med 24 elevar frå 1,-7.klasse og 10 barn i barnehagen.
- Me har i 2022 hatt tre lærarar i tilsaman 280% stilling, og ein fagarbeidar i 60% stilling som er tilknytt skule og SFO.
- Har hatt ein annan fagarbeidar også på SFO i 20% stilling, og 20% stilling i barnehagen.
- Det er to andre tilsette i barnehagen med i 100% stilling der ein av desse er pedagog.
- Einingsleiar er 35% styrar og 65% rektor.
- Imsland skule og barnehage har ein merkantil ein dag i veka i 18% stilling.

Utvalde resultat

Imsland skule og barnehage arbeider med inkludering og trygt og godt leike- og læringsmiljø.

Viktige hendingar

- Normalt år på eininga.
- Samarbeid på tvers av barnehage, sfo og skule
- Samarbeid med heimane er godt.
- Fau har arrangert elevkveldar.



Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022	2022	
Sum	6 077	6 017	6 011	-7

Sandeid barnehage

Omtale av rammeområde

Sandeid barnehage er ein fire avdelinga barnehage. Eininga har tilsaman 21 barn under 3 år og 38 barn over 3 år. Dette utgjer tilsaman 80 plasser. Eininga har ei grunnbemanning på 13,9 årsverk fordelt på 15 ansatte.

Sandeid barnehage har mange barn og lite plass. Barnehagen har fleire rom med dårleg akustikk. Dette er ei stor utfordring for alle og spesielt de sårbare barna.

Eininga har og eit lite uteområde med lite leikeapparat. Dette året har fleire leikeapparat blitt tatt bort, pga råte/dårleg stand. Eininga har nå ein sandkasse og eit railestativ.

Utvalde resultat

Sandeid barnehage har hatt ei positiv fagleg utvikling, dette året. Eininga har dette året jobba vidare med utviklingsarbeidet frå sist år. Eininga har fortsatt eit stort fokus på å utvikle gode leikemiljø på avdelingane. Eininga har fått til gode og stimulerande leikemiljø, inne.

Viktige hendingar

Eininga har hatt eit år med stabilt personale og lite fråvær. Dette har gjort at eininga har hatt ei god fagleg utvikling.

Eininga opplever likevel ei utfordring med å få tak i vikarar når nokon er sjuke/sjukemeldte. Eininga opplever og at det er vanskelig å få tak i folk til vikariatstillingane.

Eininga har altfor lite kontorplasser til pedagogane.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022	2022	
Sum	8 216	8 476	8 797	321

Vågen barnehage

Omtale av rammeområde

Vågen barnehage opna i nytt bygg november 2009. Den ligg i Vågshagen, like ved skulen. Det er ein tre avdelings barnehage, med 66 plasser.

Vågstroll, 3-6 år, Bergtroll, 3-5 år og Sjarmtroll, 0-3 år. Det er no 38 barn fordelt på huset. Det første året med så få barn i barnehagen



I 2022 var der 12 ansatte på huset fordelt på ulike stillinger og stillingsstorleiker. Vi har hatt utskifting av personalet, og har hatt bedriftshelseteneste inne heile året på individsaker. Pr dags dato har vi 3 ansatte på arbeidsrett rehabilitering.

Vi har mangla full dekning på barnehagelærere. Det har også vore innom personal i praksis og arbeidstrening. Vi har stort sett lærling på huset kvar år, også dette året.

Utvalde resultat

Vi har god faglig kompetanse på huset med personal som har god kompetanse og erfaringar i faget.

Barnehagen er Livsgledebarnehage, dvs at ein har jevnlig besøk til Omsorgsenteret der ein har aktiviteter saman med dei eldre. Dette er givende for begge parter.

I overgangen til skule med 6 åringene har eit godt samarbeid med Vågen skulen der vi har jenlige besøk med 6 åringen siste halvåret før sommeren.

Viktige hendingar

Alle barnehagene i Vindafjord kommune har vore med på ei Regional ordning for KOMPetanseutvikling-ReKom. Dette er ei barnehagebasert kompetanseutvikling satsing i Nord Rogaland.

Barnehagen har jobba godt systematisk og dynamisk med faglig uvikling og språk i bhg.

Vi har laga utviklingsprogram som går på å utvikle gode språkmodeller i leiken som vi nå er ferdige med, men som vi skal forsette å ha som mål.

Vi er nå inne i ei vidareføring av ReKom arbeidet der vi er inne i ein prosess for å kartlegge behovet framover. Kor er vi nå i henhold til ståstadanalysen, og kva skal vi jobbe enda betre med framover for å auke kvaliteten.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	5 945	5 103	5 067	-36

Vats barnehage

Omtale av rammeområde

Vi jobber med kompetanse og utvikling. Innenfor dette, jobbet vi med lekemiljøet i barnehagen. Vi har vært i nettverk sammen med HVL og andre barnehager i Vindafjord. Barnehagekonseptet lek og læring går hånd i hånd. Vi har også hatt fojus på språkbegreper som natur og uteliv.

Vi har også jobbet med pedagogisk analyse og blitt bedre med tverrfaglig innsats.



Viktige hendingar

Vats barnehage består av to avdelinger med til sammen 35 barn. Vi har totalt 46 plasser med tanke på småbarn som regnes som to. Det er 13 barn på småbarnsavdelingen og 22 på storbarnsavdelingen. Vi har også et barn med spesielle behov som har en vernepleier på 100%.

6 av barna skal begynne på skolen til høsten.

Vi valgte å slå sammen de mellomste og eldste sammen til en avdeling, på den måten yter vi ressurser på best mulig måte.

Vi har 6 pedagoger ikke fulle stillinger og 3 fagarbeidere med 100% stilling.

Vi fikk vite at barnehagen skal leggas ned hesten 2024.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	4 730	5 399	6 064	665

Skjold barnehage

Omtale av rammeområde

Skjold barnehage er ein 8 avdelings barnehage med totalt 117 barn og med 31,5 årsverk fordelt på 37 tilsette tilsette. I tillegg har me to lærlingar.

Barnehagen er bygd i 3 bolkar og ligg på Vikaneset, med flott uteområde. Bygget er i god stand, og fungerer greit. Barnehagen er litt for stor, og det går mykje tid til logistikk og samarbeid, som igjen går ut over barna si grunnbemanning.

Søknad til hovudopptak for barnehageåret 23/24 var stor. Så barnehagen blir full også til komande barnehageår, og med litt ventelister per i dag.

Utvalde resultat

Barnehagen hadde i 2022 eit overskot på 367 674kr.

Utfordringa med økonomien er drifts postane som er lave og ikkje justert trass auke i barnetal og avdelingar. Dette gjer at ein alltid får overforbruk på desse postane. Bunnlinja reddes av at ein enten har fått meir refusjonar enn budsjettet, mindre forbruk på fast løn pga billigare vikarar etc. Dette er lite berekraftig, og gir lite handlingsrom. Håpar at dette vert betre i 2023, då det er gjort noko justering som betrar det for vår eining sin del.

Viktige hendingar

Framleis er den største utfordringa vikarmangel og rekrutteringsvanskars. Dette er blitt eit skikkeleg raudt flagg som må tas tak i. Enten med auke i grunnbemanning, vikarpool eller nedjustering på tilbodet. Dette er ei stor belastning for alle tilsette.



I ei så stor eining som Skjold barnehage så er det ferieavvikling gjennom heile året, velferdspermisjonar og anna fråvær som krev vikar. Og når dette er umogleg å få tak i slit det på dei tilsette, og spiralen vert negativ. Som leiar bruker eg mykje tid og krefter på organisering av dagleg drift.

Utviklingsarbeid har løfta seg i barnehagen og me jobbar godt og er eit fagleg godt team i barnehagen.

Fantastisk godt samarbeid med PP-tenesten, som også har vore utviklende for særleg pedagogane. Likeså det å ha spesial pedagog tett på som ein del av teamet ser me som veldig førebyggjande og utviklende.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	14 171	16 265	16 633	368

PPT

Omtale av rammeområde

PP-tenesta for Etne og Vindafjord er sakkunnig organ knytt til opplæring heimla i barnehagelova kap VII §33 «Spesialpedagogisk hjelp» og opplæringslova kap 5 §5-6 «Spesialundervisning». PP-tenesta har oppgåvene knytt til 13 barnehagar, 11 skular og vaksenopplæring på grunnskuleområdet for elevar med spesialpedagogiske behov.

I Vindafjord er tre barnehagar og tre skular organisert i oppvekstsenter. Tenesta skal hjelpe barnehagar og skular med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for barn/elevar med særlege behov. Som førsteprioritet skal tenesta syta for at det vert utarbeidd sakkunnige vurdering der lova krev det. Det er 6,5 årsverk knytt til tenesta. 0,8 årsverk merkantil funksjon er knytt til Service- og fellesstenesta. Dei tilsette har kontorstad på rådhuset i Vindafjord. Pr. 31.12.2022 hadde PP-tenesta 321aktive personsaker knytt til Etne og Vindafjord kommune.

Utvalde resultat

Nøkkeltal nasjonalt	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Sakkunnig vurderingar barnehage*	3,1%	3,2%	3,3%	3,4%	3,6%	
Sakkunnige vurderingar skule	7,85%	7,81%	7,81%	7,7%	7,8%	8,0%

Tala for barnehage er pr. 15.12.2022. For barnehage gjeld tal og % i høve til barnetal i kommunen. For åra 2016-2019 var det tal i høve til barnetal i barnehage. Dette er justert i høve barnetal i kommunen.

Tala for skule er år- 01.10.2022 (GSI-tal)



Viktige hendingar

PPT har levert 160 sakkunnige vurderingar i 2022 til Etne og Vindafjord. PP-tenesta nytta i større grad tid til utgreiing av behov og rettleiing til barnehagar og skular, både i individ og systemsaker. Målet for både Etne og Vindafjord kommune er at utviklinga av tal sakkunnige vurderingar skal fylgja nasjonalt nivå. Gjennom høg kvalitet i det ordinære tilbodet, både i barnehage og skule, vil behovet for spesialpedagogiske tiltak verta redusert.

PP-tenesta er med i arbeidet for tidleg innsats og førebygging. Kvar barnehage og skule har ein PP-rådgjevar som fast kontaktperson og samarbeidspart. Det vert sett opp plan for samarbeidet og helsejukepleiar er med i det systematiske samarbeidet to gonger pr. halvår. Tenesta har delteke i læringsmiljøprosjektet «Bry deg» saman med tre skular i Vindafjord kommune. ASK-nettverk (alternativ og supplerande kommunikasjon) på tvers av dei to kommunane er vidareført. PP-tenesta har dette året hatt auka etterspurnad for individbaserte tenester gjennom bestilling for utgreiingar og sakkunnige vurderingar. Sakkunnige vurderingar har etter lova første prioritet. Det ei utfordring å auka innsats for fleire barn/elevar med vekt på inkludering, likeverd og tilpassa opplæring gjennom intensive og systematiske tiltak i det ordinære, på same tid som det vert tilvist mange individssaker og bestilt mange sakkunnige vurderingar.

Både Etne og Vindafjord er BTI-kommunar. Stafettloggen fylgjer tilvisingar til PP-tenesta.

Mandatet for PP-tenesta vert frå 01.08.25 utvida og vil omfatta alle barn og unge. Statped skal også overføra fleire av oppgåvene sine til kommune og PPT. Dette vil krevja høg spisskompetanse og utfordra tenesta dersom stillingsvolumet er på nivå som i dag.

PPT har delteke i forprosjektet saman med Etne og Vindafjord kommune, HVL og NLA Høgskulen i "Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis". Det vert søkt om hovudprosjektmidlar.

Det er ei utfordring at kommunen ikkje har stillingsheimel eller avtale for synspedagog og psykolog.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	4 326	4 315	4 653	338

Kultur og læring

Omtale av rammeområde

Eininga dekkjer over eit breitt fagfelt og fleire ulike lovverk. Hovdudområda er kultur og idrett, kulturskule, voksenopplæring, bibliotek og frivilligsentral. Eininga held til i det nye kultur- og læringssenteret på Sjøperlo i Ølen sentrum.

Utvalde resultat

Det utvida omgrepet kultur dekkjer over eit breitt område og oppgåvene varierer stort gjennom året. Idrett, friluftsliv, aktivitetstilbod for barn og unge, kunst- og kulturformidling med ulike sakshandsamingsoppgåver, til dømes kulturtilstskot-, kulturstipend- og kulturprisar, spelemiddelordninga, bygdebokarbeid, kulturminneforvaltning, aktivitet for barn, unge og



vaksne. folkehelsearbeid mm. 2022 har vore eit meir positivt år for kulturlivet generelt. Det har merkast at ein er over koronaen, og at aktivitet normaliserer seg.

- Dagsturhytta i Kolbeinhaugslia stod ferdig i mars.
- «Ut på tur i Vindafjord» vore eit tiltak som har etablert seg som eit velkjent konsept. I følgje TellTur sine målingar, har det vore eit snitt på over 7000 registrerte turar til dei ulike turmåla i Vindafjord dei siste tre åra. Desse er gått av meir enn 1200 ulike turgåarar.
- Ung kultur møtes (UKM) vart arrangert i februar og då saman med Etne, eit populært arrangement der ungdommane får vist fram sine talentar.
- I samarbeid med Vindafjord frivilligsentral, har kulturavdeling også etablert ungdomsklubben «Ung Tysdag», som er ein møteplass for barn og ungdom i alderen 12 til 19 år. I snitt kjem det mellom 25 og 30 Ungdommar til ungdomsklubben kvar veke.
- Kultur- og læringssenteret på Sjøperlo er blitt ein populær møteplass for alle aldrar og i god samarbeid med frivillige. Mange deltek i dei vekentlege aktivitetane, og konsertar, bokbad, musikkbad osb. i Sjøperlo Hall, samt seniortreff og med anna *Bølga for dei eldre* i oktober månad.

Biblioteket

Biblioteket er ein aktiv, uavhengig møteplass, der innbyggjarane får tilgang til kunnskap, informasjon, kultur, opplevingar, offentleg samtale og debatt på tvers av kulturell, religiøs og økonomisk bakgrunn. Tilbod til barn og unge skal ha eit særleg fokus. 2022 blei i mindre grad prega av pandemien, og publikum har i aukande grad vitja biblioteklokala.

- I 2022 var det 28.005 besøkande, noko som gjev ei auke på 30% frå 2021 og nær 143% frå 2018. Talet på utlån har auka med 20 % om ein samanliknar med 2018 som var det siste året med full drift før flytting og restriksjonar knytt til pandemien. Sjå nøkkeltal nedst på sida.
- Det har vore avvikla ulike formar for arrangement. Arrangementa har famna vidt, frå bokbad, musikkbad, slektskafe og sjakkturneringar til seniorgaming, høgtlesing, føredrag, språktreff og litterære pusterom. Totalt har det vore 2075 deltakarar på denne typen arrangement. I tillegg har biblioteket hatt formidling i skulane knytt til prosjekt «Auka leselyst i Vindafjordskulane» og til «Sommarles».
- Biblioteket skal vere ein aktør for sosial utjamning, og biblioteket er med på eit samarbeid for utlån til utstyr til bruk i aktivitetsparken. Det er investert i gaming-utstyr til bruk i biblioteket, og ein ser at både barn og vaksne sett pris på dette.
- Bibliotek er nå eit meirope bibliotek, noko som gjer at lånarar etter særskilt avtale kan bruke biblioteket 07-22 alle dagar. 2022 var fyrste år med drift, og ein ser at elevar og studentar er hyppige brukarar av denne tenesta.
- Gjennom tilskot frå Nasjonalbiblioteket driv biblioteket bibliotekteneste i Sandeid fengsel to dagar i veka. I tillegg til utlån av bøker, blir det drive med lesestimulerande tiltak og arrangement. Det har blant anna blitt avvikla skrivekurs, sjakkturneringar, litterære pusterom og konsert på biblioteket i Sandeid fengsel. Utlån og besøkstala er også her aukande.

Kulturskulen

KS og Norsk kulturskuleråd, har under tema: «*Kulturskolen som utviklingsaktør i fremtidens kommune*», sett på korleis me på lokalt plan kan utnytte potensialet som ligg i kompetansen og ressursane som er i den enkelte kulturskule. Også Meld. St. 18, «Oppleve, skape, dele, (2021) gjev uttrykk for eit samla politisk satsingsområde, der kulturskulen har ei viktig rolle. Dette har såleis vore i fokus både i planar og utviklingsarbeid og både elevar og tilsette har på ulike måtar vore sentrale i aktivitetar både i kommunale tenester og det friviljuge kulturlivet.



Det å ha tilbod som rettar seg mot både kulturliv og andre kommunale tenester samsvarar godt med det som i rammeplanen vert omtala som breiddetilbod. Den tradisjonelle kulturskuleundervisninga er omtalt som kjerneverksemd, og den har vore tilbake i meir normal drift dette året.

- I Vindafjord har me for tida eit aktivt skulekorps (Skjold), og dirigenten der er tilsett i kulturskulen. Dei har no 19 medlemer i alderen 7-13 år. Korpset betalar ein kontingen for denne tenesta. Aktiviteten retta mot skule og barnehage har auka dette året, og lærarane har hatt både konserter og musikkstunder i løpet av skuleåret. Me har og kome i gang med musikktildot på aktivitetstenesta, Gnisten. Det er musikkterapeuten vår som gjev denne tenesta. Det er og under planlegging eit samarbeid om tilpassa opplæring for barn og unge i skule og barnehage.
- Både rammeplan (2016) og St.meld.18 (2021), tek opp at kulturskulen og bør tilby eit fordjupningstilbod til spesielt interesserte elevar. Det er lagt til rette for dette, men ikkje formalisert i den grad me ønskjer. Me er difor kome i gong med planlegginga av eit slikt tilbod, og forventar å ha klart eit prøveprosjekt hausten 2023.
- Innan visuelle kunstfag, er undervisningstilbodet utvida, og me kan no tilby kurs i digital teikning. Dette tilbodet er tenkt utvida til og å gjelda animasjon i 2023. Me har og hatt kurs for vaksne i 2022.

I samband med at det er 50 år sidan den første kommunale musikkskulen vart oppretta, er det lagt opp til ulike arrangement i kommunen. Jubileumsfeiringa vil finna stad i vår-halvåret 23.

Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa fekk ei veldig stor auke i deltakarar frå juni 2022, då mange ukrainske flyktningar fekk rett til norskopplæring.

- Det er 25 nye deltakarar pr desember frå Ukraina. Flyktningane frå Ukraina har rett til norskopplæring og introduksjonsprogram om dei sjølv ynskjer det – dei har ikkje plikt til å delta. Tilboden er framleis opp mot 30 timer i veka, men nokre av deltakarane har litt redusert tilbod norskundervisning, då dei kombinera undervisninga med jobb/språkpraksis. Inkludert i dei 30 timane får deltakarane undervisning i grunnleggande dugleikar på grunnskulen sitt nivå 1.– 7. trinn.
- Deltakarar som ikkje har fullstendig grunnskuleutdanning frå heimlandet sitt går vidare til eit eksamensretta løp, VK kjøper denne tenesta frå Breidablik læringsenter i Haugesund.
- I år har det vore satsa på vurdering for læring og vidareutvikling i digitale kunnskapar hjå undervisningspersonale, og avdelingsleiar har teke leiar/rektorutdanning i gjennom kompetanse for.

Frivilligsentralen

Frivilligsentralen har open møteplass for ungdom og seniorar kvar veke og for personar som er kreftramma ein gong i månaden.

- *UngTysdag, Seniortreff og Kveldskafé* er namnet på dei nye faste møteplassane.
- Det har blitt arrangert gratis ferieaktivitetar for barn, barnefamiliar og ungdom som *Camp Vindafjord, Kongesommar og Bølgja for dei unge*.
- Frivilligsentralen har gjennom året koordinert personar som er besøksvenner og frivillige til vaksineringsarbeidet i kommunen.
- Bufdir har støtta med midlar til å kunne arrangere ferieaktivitetar. Frå Sparebankstiftelsen SR-Bank har frivilligsentralen mottatt kr. 15 000,- til utandørs aktivitetsutstyr, kr. 25 000,- til speleutstyr og kr. 30 000,- til *For alle*.



- For alle-midlane har blitt brukt til å dekkje medlemskontingentar, utstyr, aktivitetsklede og eigenandelar til cupar/stevner. Målet er å sikra at alle barn får delta i fritidsaktiviteter uavhengig av føresette sin økonomi, i tråd med fritidserklæringa.
- Frivilligheita sitt år- 2022, der målet var å få fleire med, fjerna barrierar for deltaking og auka kunnskapen om frivillig sektor. Frivilligentralen har i løpet av året sendt ut informasjon om ulike støtteordningar til lag og organisasjonar. Me har arrangert *Vår dag*, hatt turne rundt i bygdene og i mai inviterte me politikarar og alle som er frivillige på showet «Heftig og frivillig» i Ølen kulturhus.

Utvalde resultat i tabellformat

	2019	2020	2021	2022
Kulturskule elevar (GSI)	187	186	186	173
Kulturskule elevplasser (GSI) *	191	191	191	175
Kulturskule venteliste	33	36	27	10
Kulturskule, musikk for barnehagebarn	100	0	0	55
Kulturskule på institusjon				12
Kulturskule på skulebesøk				300
Bibliotek, utlån (barn og vaksne)	21189	16429	18473	29901
Bibliotek utlån digitale bøker	1624	2014	1254	1342
Bibliotek besøk alle	15733	13925	21418	28005
Bibliotek SF, tal besøk/ snitt pr. veka	1940/40,5	997/26,5	1610/47	2018/40,36
Bibliotek SF, samla utlån bøker og digitale	4187	1739**	2398	3715
Vaksenopplæring, elevar norsk og sam.k.	37	26	37	48
Grunnskule, §4A-1 gr. Dugleikar og fag (1.-7.) (GSI)	35	23	34	27
Grunnskule, §4A-1 eksamensretta (GSI)	10	13	13	13
* elevar kan ha fleire elevplassar				
** ikke digitale bøker				

Viktige hendinger

Dagsturhytta i Kolbeinshaugslia stod ferdig i mars.

Bibliotek er blitt eit meirope bibliotek, noko som gjer at lånarar etter særskilt avtale kan bruke biblioteket 07-22 alle dagar. 2022 var første år med drift, og ein ser at elevar og studentar er hyppige brukarar av denne tenesta.

Vaksenopplæringa fekk ei veldig stor auke i deltararar frå juni 2022, då mange ukrainske flyktningar fekk rett til norskopplæring.

2022 var frivilligheita sitt år. Frivilligentralen har i løpet av året sendt ut informasjon om ulike støtteordningar til lag og organisasjonar. Me har arrangert *Vår dag*, hatt turne rundt i bygdene og i mai inviterte me politikarar og alle som er frivillige på showet «Heftig og frivillig» i Ølen kulturhus.



Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022	2022	
Sum	14 585	15 635	16 207	572

Felles Oppvekst og kultur

Omtale av rammeområde

Felles oppvekst og kultur administrerer vidareutdanning for lærarar, tilskot til private barnehagar, spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og styrking, kommunal - og fylkeskommunal skyss, gjesteelevar i andre kommunar, kursverksemder for oppvekst generelt. Også andre felles postar som dekkjer rammeområdet slik som lisensar og abonnement mm.

Utvalde resultat

I 2022 var det fem stk som tok vidareutdanning innan skule. Tre stk tok rektorutdanning. Elles er den pedagogiske IKT-planen i skule følgt med tanke på investering og innkjøp. Viser elles til [kvalitetsmelding for barnehage og skule for 2022](#) for fleire resultat med kommentarar.

Viktige hendingar

Me er med i statleg varig ordning for barnehage og skule, ReKom og DeKom, som står for regional kompetanseordning (bhg) og desentralisert kompetanseordning (skule). Den desentraliserte ordninga skal bidra til at alle barnehage - og skuleeigararar gjennomfører eigne kompetanseutviklingstiltak. Statsforvaltar, barnehage- og skuleigar, universitet eller høgskuler og andre relevante aktørar skal samarbeide for å kartlegge behov for kompetanseutvikling og planleggja utviklingsarbeidet.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022	2022	
Sum	36 879	37 962	38 074	113

Helse og omsorg

Omtale av rammeområde

Rammeområdet omfattar følgjande eininger: Barnevern, Helse, Rus og psykiatri, Tilrettelagde tenester, Vindafjordtunet, Ølen omsorgssenter, Heimetenester og NAV. I tillegg omfattar området kommuneoverlege, smittevernoverlege og tenestekontoret.

Vindafjordtunet og Ølen omsorgssenter er samla til ei felles driftseining med ein felles einingsleiar.

Utvalde resultat



Vindafjordtunet

VT har gjennom 2022 hatt 26 bebuarar på avlasting/utredning.

Har til saman 48 plasser.

Ein har drifta demensomsorga med ekstra tilsette grunna bebuarar med behov for meir enn normal drift der ein er refusjonskrevande (under 67 år). Ein har klart dette med og omorganisera drifta noko. Det er bygga 2 leiligheter i demensomsorga til bebuarar som treng ekstra skjerming.

Ølen omsorgssenter

På slutten av året har det vore stor auke av pasientar som har gått over frå korttids til langtidsplassar. Grunna mangel på somatisk langtidsplasser har fleire vore på KO plass.

Korttid har i snitt hatt ca 19 langtidsplasser (gjennom året) av sine 13 plasser for 2022, med unntak av slutten av året. Korttid har hatt i snitt 0.92 ledige plasser gjennom 2022 men og 72 overliggjande døgn på sjukehus. Samstundes er fleire av plassane på KO dekka av langtidspasientar.

Liggedøgn KO: 23,5 dagar.

Pasientar på KO har hatt komplekse og tidkrevjande rutinar/prosedyrar og oppfølging som har krevd stor innsats av tilsette.

Somatisk har gått ned på personal ila 2022 grunna overforbruk her. Godt jobba av alle tilsette i endringa! I tillegg fekk ein Covid ved starten av sommaravviklinga. Dette kravde særskilt mykje av tilsette samt reinhald.

Heimetenesta

- Tenesteområde har tilpassa seg ein kvardag med stadig fleire og krevjande oppgåver.
- I løpet av 2022 har ein gått over til miljøvennlige el-bilar i heimebaserte tenester.
- Samla drift av dagsentra under ein leiar, gitt tilbod til fleire heimebuande med fokus på brukarmedverknad og aktivitet.
- Ny teknologi og digitale hjelpemiddel har bidratt til betre kvalitet og større omfang av tenester. tryggleksalarmane er skifta ut, dei nye har sensor som vil varsle dersom det oppstår brann. Det er også mogleg å knytta andre sensorar til for å trygga heimebuande som for eksempel lokalisering, tilsynsordningar og dør sensorar. Medisindispenserar heimetenestene har deltatt i pilot og det er satt ut 63 dispensere til personar som kvalifisere til å ha nytte av medisin-dispenser for utlevering av faste medisinar.



Rus og Psykiatri

Helseavdelinga i Sandeid fengsel:

- 391 innsette møtte til soning i 2022
- Alle nye har hatt innkomst-samtale og samtalar etter ønske og/ eller behov
- Det har bært 27 ulike LAR - pasientar gjennom 2022, fleire har gått over til depot medisin gjennom injeksjonar.

Psykiatri bustad - Hauatunet:

- Me har auka årsverk til 17,01 % frå 16 , pga resurskrevjande brukarar. Det har vore ei utfordring med å få tilsett folk i reine helge stillingar. Det er generelt vanskeleg å få tak i helsepersonell og da spesielt sjukepleiar/vernepleiar og enda meir utfordrande å rekruttere helsepersonell med vidareutdanning innan psykisk helse og rus.
- Det har vore eit år med etterdønningar etter korona og låg aktivitet på m.a på kursfronten.
- Det me har fått av input innan ny kunnskap har vore kommunen sin nettbasert veiledning med psykolog kvar 14. dag. Den har vore nyttig og me har her hatt fleire rettleiingar med undervisning i fag, bl.a personlegdomsforstyrring, depresjon og angst.
- Hos bebuarane våre ser me større fysiske utfordringar i år enn tidligare. Fleire blir eldre og helsa blir dårligare. Vi har også fått ein ny resurskrevjande brukar med tidvis store utfordringar og svært krevjande. Det er på ny oppretta kontakt med DPS pga. denne brukaren

Psykisk helse og rus og dagsenter:

- 100 nye henvisningar kom inn i 2022, ei stor auke frå haust til jul. Henvisinigane varierer i alvorleghetsgrad.
- Ein del tek nå kontakt med tenesta sjølv. me ser ein auke i re-henvisninger (personar som har vore i kontakt med oss tidligare). Barnevern/helsetasjon/jordmor henvis.
- Avdelinga har kontakt opp med 2. linje tenesta Fact Psykose, dei er innøve til Vindafjord kvar veke. Faste tlf møte med tenesta kvar veke for gjennomgang av aktuelle pasientar . Fact Rus – oppstarts fase. Nytt møte med dei i februar 2023.

Barnevern

Utvalde resultat:

Etne Vindafjord barnevernsteneste har opplevd endringar i personalgruppa, inkludert heile leiargruppa, og eit auke i saksomfang. Det har gjort at det har vore eit krevjande år for tenesta, men resultata ein har levert både fagleg og økonomiske har vore stabile.

Halvårsrapporteringar syner til at tenesta driv innafor lovkrava.

Leiargruppa har jobba målretta med oppfølging både på gruppenivå og individuelt for å halde oppe gode nærværstal, og sjukefråværstala gjenspeglar dette på ein tydeleg og stadfestande måte.

Tenesta har fokus på å vera kreative i høve til hjelpetiltak i heimen for å betre bornet og familien sin situasjon, og å unngå brot/flytting. Dette er eit arbeid som er givande, men ressurskrevjande og ein må



pårekne ein viss feilmargin i høve til om tiltaka har ynskja effekt. Ein kan tydeleg sjå i tala sin tale at det no vert nytta betydeleg meir midlar til arbeid med tiltak i heimen enn utanfor, og at færre born vert flytta.

Utvalde nøkkeltal per 31.12.22	
Meldingar	196
Ferdigstilte undersøkingar	94
Barn med hjelpe tiltak i heimen	79
Ungdom som mottar ettervern etter fylte 18 år	17
Barn under omsorg	17
Akuttplasserte med samtykke	1
Akuttplasserte utan samtykke	0
Totalt i tiltak	113

NAV Vindafjord Etne

Økonomisk sosialstønad

Det har vore ein auke i utbetaling av økonomisk sosialstønad frå 2021 til 2022 på rundt 4,1 mill. Den store auken skuldast i hovudsak stor busetting av flyktningar, samt at det har nesten vore ein dobling i utbetalingar av straumutgifter frå 2021 til 2022. Me ser og at fleire som tidlegare akkurat klarte seg, no har behov for hjelp då både mat, drivstoff og straumprisar er blitt dyrare. Me ser og ein auke i personar som har behov for nødhjelp.

Grunna busetting av flyktningar har det blitt fleire sosialhjelpmottakarar, noko som påverkar utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Nye busette flyktningar er avhengig av økonomisk sosialstønad før dei startar i introduksjonsprogrammet og får utbetalet introduksjonsstønad. Me ser og at mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde auka frå 2021 til 2022, dette har samanheng med den store busettingen av flyktningar. Talet på unge sosialhjelpmottakarar har og hatt ein liten auke, dette kan og forklara med stor busetting av flyktningar. Det har vore ein stor auke på barnefamiliar som mottar økonomisk sosialstønad, dette gjeld ikkje berre busette flyktningar, men også andre mottakarar av økonomisk sosialstønad.

Kategori	2020	2021	2022
Antall mottakarar av økonomisk stønad	172	159	197
Antall med økonomisk stønad som hovudinntekt	62	53	74



Unge mottakararar under 25 år	41	36	46
Mottakararar med forsøringsplikt	58	53	83
Antall i kvalifiseringsprogrammet	8	5	9
Antall med § 17 vedtak (Råd og rettleiing)	19	61	52
Antall med § 27 vedtak (Mellombels bustad)	3	3	3

Kvalifiseringsprogrammet

Gjennom 2022 var det 9 deltagarar i kvalifiseringsprogrammet. I løpet av året var det 2 som gjennomførte programmet, den eine gjekk over til utdanning og den andre gjekk over til avklaring mot uføre.

FRAM

I starten av 2022 var det framleis restriksjonar som begrensa mogelegheit for oppmøte på FRAM sine lokalar Spire.

For nokon er det eit stort steg å delta i gruppeaktivitet. Me har i fleire tilfelle starta med individuelle samtalar kor me har blitt kjende og bygd relasjon. Dette har gjort det lettare for dei å delta i gruppeaktiviteten.

I 2022 har me følgt opp 10 deltagarar. 4 av desse har me hatt oppfølging på i over 1 år. Me har tatt med oss 6 deltagarar over til 2023. Me avslutta 4 deltagarar på FRAM i 2022. 1 deltagar hadde overgang til Menn i Helse, 1 deltagar flytta, 1 deltagar hadde behov for helse oppfølging, 1 deltagar gjekk vidare til tiltaket Oppfølging.

NAV Vindafjord (flyktningar)

Busetting

Vindafjord kommune var i utgangspunktet oppmoda om å busetje 10 personar i 2022, medan Etne kommune ikkje var oppmoda om å busetja i det heile. Etter kort tid vart alle kommunane oppmoda om å busetje fleire, og Vindafjord var oppmoda om totalt 55 personar og Etne 15 personar. Dette vart godkjent og vedteke i kommunestyra, og innan årsslutt var oppmodingstala nådd i begge kommunar. Oppmodinga om å busetja flyktningar er ikkje knytt eller fordelt på landbakgrunn. I løpet av 2022 vart det busett personar frå Kongo, Sudan, Syria og Ukraina. Dei ukrainske flyktningane får kollektiv beskyttelse. Det kom ingen på familiesameining i 2022. Flyktningane som har kome varierar i alder frå å vera babyar på nokre få månadar til over 70 år. Til saman i begge kommunar har 13 av dei ukrainske flyktningane reist tilbake til Ukraina eller andre land iløpet av 2022 etter at dei vart busett i Vindafjord eller Etne kommune.

Vindafjord kommune har eit mål om spreidd busetting i kommunen. I løpet av 2022 har det blitt busett flyktningar i Ølen, Ølensvåg, Vats, Skjold, Sandeid og Vikedal. Svært mange av flyktningane som vart busett i 2022 var såkalla sjølvbusettingsar. Det vil sei at dei sjølv fant seg bustad, som kommunen



deretter godkjende. Nokre av flyktingane var den første tida i kommunen under ordninga alternativ mottakslass, i påvente av opphaldsløyve og tildeling av kommune frå IMDi.

Kort tid etter at krigen i Ukraina braut ut vart det i begge kommunar oppretta tverrfaglege grupper på leiarnivå for å koordinere arbeidet og setje dei ulike tenestene i stand til å ta i mot ei større mengde flyktingar. Dei ordinære tverrfaglege integreringsteama har haldt fram med møter gjennom året og har samarbeida godt om busettinga vidare i året.

Introduksjonsprogrammet

I Vindafjord har 43 personar delteke i introduksjonsprogrammet i løpet av 2022. Totalt 11 personar fullførte eller avslutta introduksjonsprogrammet i løpet av året. Omrent halvparten er registrert med overgang til grunnskule for vaksne ved avslutning.

Det er no deltakarar i introduksjonsprogrammet etter den gamle introduksjonslova, den nye integreringslova, samt etter integreringslova med midlertidige reglar for fordrivne frå Ukraina. Etter at midlertidige reglar etter introduksjonslova vart vedteke i juni 2022 har dei vaksne flyktingane fått starta raskt i norskopplæring og introduksjonsprogrammet. Nokre deltakarar har fått seg deltidsjobb, medan nokre få vaksne har gått rett ut i arbeid utan å starte i introduksjonsprogrammet. Vi har arrangert foreldrerettleiingskurs (ICDP) for deltakarar frå Ukraina i løpet av hausten 2022.

Tilrettelagde tenester.

Solbakken vart ferdigstilt omlag ved årsskiftet og beboarane frå Seljebakken kunne flytte inn like etter nyttår .

Ferdigstilling av byggeprosjektet og planlegging av flytting har vore tidkrevjande men samstundes gler både beboarar og tilsette seg til ein ny kvardag på Solbakken.

Helse

Vindafjord helsestasjon har hatt ein auke i antal fødsler i 2022 (over 20 stk)

Det er generelt stor pågang på tenestene retta mot barn og unge, både i skulehelsetenesta,familie-teamet og i antall henvendingar til fysioterapeut. Det er ein auke i saker kring psykisk helse blant barn.

Felles Helse og omsorg

Vindafjord kommune fekk i 2022 tilskot frå statsforvaltar til eit leiarutviklingsprogram som me har kalla "Leiarløft". Alle avdelingsleierar og einingsleierar har gjennomført ei rekke samlingar og utviklingsamtalar. Målet er å utvikle ei felles plattform for leierar innan helse og omsorg, og utvikle eit betre samarbeid på tvers av avdelingane.

Tørn prosjektet starta i 2022 og vil forsette til neste år og sikkert i fleire år framover. Tørn er eit prosjekt som ser på korleis me bruker fagkompetansen vår i kommunen med eit heiltidsfokus.



Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022	2022	
1300-Vindafjordtunet	47 587	56 458	56 247	-211
1340-Ølen omsorgssenter	42 047	44 729	38 233	-6 496
1350-Heimetenesta	39 347	48 186	43 866	-4 320
1400-Rus og Psykiatri	23 947	26 676	27 021	345
1410-Barnevern	22 544	25 957	24 379	-1 578
1415-NAV Vindafjord Etne	10 934	13 637	12 567	-1 070
1416-NAV Vindafjord (flyktninger)	10 306	11 515	12 461	946
1417-NAV Etne	0	0	0	0
1418-NAV Etne (flyktninger)	0	0	0	0
1420-Helse	31 273	37 963	36 656	-1 307
1430-Tilrettelagte tenester	46 103	50 249	50 677	429
1495-Felles Helse og omsorg	-7 844	-7 657	-10 667	-3 010
Sum	266 242	307 713	291 441	-16 272

Kommentar til status økonomi


Avviket innan rammeområdet helse og omsorg, inkludert barnevern blei ca 16 millionar i minus sett i forhold til regulert budsjett. I årsoppgjaret blei det lagt til grunn eit endra reknesaksprinsipp for variabel lønn slik at rekneskapen blei belasta med mellom 4 og 5 millionar ekstra i høve til tidlegare år.

Det er i hovudsak omsorgstenestene, institusjonsdrift, heimetenester og kjøp av tenester frå eksterne leverandørar som bidrar til dette avviket.


For nærmere forklaring på avvika viser ein til einingane sine oppsummeringar på økonomi.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA

Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Vindafjord 2021	Vindafjord 2022	Rogaland	Landet uten Oslo	Kostragruppe 01
Prioritet					
Barnevern nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	3,6 %	3,8 %	3,7 %	3,8 %	3,6 %
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	49,1 %	47,3 %	43,4 %	41,6 %	37,9 %
Produktivitet					
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244) (B)	31,5 %	32,0 %	34,1 %	35,8 %	40,0 %
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	17,0	15,4	16,8	14,7	16,6
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	39 604	51 391	58 822	56 910	47 645
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B)	312 921	345 571	334 840	325 714	299 291
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B)	1 543 922	1 712 907	1 574 073	1 519 538	1 409 718
Dekningsgrad					



Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)	39,6 %	38,5 %	31,1 %	31,1 %	27,7 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B)	20,0 %	19,6 %	17,6 %	18,7 %	17,0 %
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc (B)	100,0 %	100,0 %	97,7 %	93,3 %	92,4 %
Andel plasser i skjermet enhet for personer med demens (B)	42,9 %	45,3 %	33,1 %	29,6 %	35,8 %
Andelen sosialhjelppsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år (B) **)	4,2 %	5,3 %	4,7 %	4,3 %	5,6 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år (B)	4,3 %	3,2 %	3,8 %	3,9 %	4,1 %
Kvalitet					
Avtale fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	7,5	7,0	7,9	9,6	9,7
Avtale årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	53,9	52,0	45,3	51,8	54,0
Gjennomsnittlig listelengde	734,0	755,0	1 120,0	994,0	915,0
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	1 213,0	1 080,0	1 294,0	1 127,0	1 102,0
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B)	5,4	5,1	4,5	5,6	5,2

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplantiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

<i>Beløp i 1000</i>	<i>Tiltak</i>	<i>Ramme år 1</i>	<i>Status Beskriving</i>
Nye tiltak			
Endringar i brukarbehov og ressurskrevjande tenester i tilrettelagde tenester	-330	Ferdig Budsjettjustering	
Styrking av heimetenester etter nedtrekk av sjukeheimsplassar	0	Ferdig	
Styrking av dagtilbod med fleire opningsdagar og betre skyss tilbod for brukarar.	0	Ferdig Under gjennomføring	
Kompetansekrav i barnevernet	86	I arbeid	
Godtgjersle for Kriseteam	100	Ferdig	
Harmonisering av lågaste sats for dagpengar - auka behov for sosialhjelp	113	Ferdig Budsjettjustering	
Faste leigeutgifter og driftssamarbeid med privat legekontor	120	Ferdig Budsjettjustering	
Rusreforma	164	I arbeid Planlegging i gang	
Sentralt auke i drifttilskot til privatpraktiserande fysioterapeutar	200	Ferdig Budsjettjustering	
Auka basistilskot til fastlegar	210	Ferdig Budsjettjustering	
Auka budsjett økonomisk sosialstønad flyktningar	400	Ferdig Dette inkluderer ikkje arbeidet knytt til mottak av Ukrainske flyktningar	
Nasjonale e-helseløysingar- Kommunal plikt til å betale for forvaltning og drift av helsenettet.	528	Ferdig Budsjettjustering	
Auka budsjett økonomisk sosialstønad	600	Ferdig Budsjettjustering	
Innlemming av stillingar i barnevernet finansiert av Øyremerka tilskot	1 180	Ferdig Budsjettjustering	
Auka ressursar til brukerstyrt personleg assistent (BPA)	2 000	Ferdig Budsjettjustering	
Ny ressurskrevjande brukar	2 104	Ferdig	



Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving	
Sum	7 475		
Sum tiltak	7 475		
Sjukefråvær			
Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,60 %	5,25 %	6,84 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,88 %	6,26 %	8,14 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,71 %	5,91 %	7,62 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,18 %	5,25 %	7,42 %

Vindafjordtunet

Omtale av rammeområde

Vindafjordtunet (VT) består av Demensomsorga med Sør (16 bebuarar), Nord (18 bebuarar) og Somatisk langtid (14 bebuarar).

Kjøkken som er drifta frå Ølen servera mat til bebuarane på institusjonen.

Antal tilsette er 66 til saman per 2022 (utan kjøkken som går under ØOS).

Ein driftar natt som eigen avdeling som og inkluderar nattpatrulje (heimeteneste) for Skjold, Vats og Vikebygd.

I tillegg, utan å drifta, inneheld VT dagsenter for eldre heimebuande samt personar med demens. Ein har og omsorgsbustadene som er drifta av HT.

Utvalde resultat

VT har gjennom 2022 hatt 26 bebuarar på avlasting/utredning.

Har til saman 48 plasser.

Ein har drifta demensomsorga med ekstra tilsette grunna bebuarar med behov for meir enn normal drift der ein er refusjonskrevande (under 67 år). Ein har klart dette med og omorganisera drifta noko. Det er bygga 2 leiligheter i demensomsorga til bebuarar som treng ekstra skjerming.

Viktige hendingar

Februar 2022 gjekk ein over frå to til ein einingsleiar som no har samla institusjonsdrift.

Frivillige; VT har fleire ildsjeler og flinke frivillige. Grunna corona pandemien har ikkje alle komme tilbake gjennom 2022. Fleire har vore med på å ordne bryggedans, sette opp pergola, sett saman møbler til "sentrum", hønsehus i hagen osv. Ein har frivillige som kjem å underheld med sang og musikk samt



valfagsklassen "Med innsats for andre" frå Skjold skule som har vore å sykla tur med bebuarane blant anna. TAKK!

Kanefart: som tidlegare var det plan om å gjennomføre kanefart. Værer var derimot ikkje med oss men stor samling inne i sentrum på VT med sang, musikk og god julestemning.

Bryggedans vart også i år avhold nede ved Vannkanten. Ca 120 personar var tilstades denne nydelege sommarsdagen og bebuarar frå ØOS fekk vera med gjennom frivillige sjåførar!

Basar vart avholdt i november som før pandemien, til stor glede for veldig mange! Inntektene går kun til miljøretta føremål for bebuarane.

Matglededagen; ny matglededag med nydelig mat og drikke, fin oppdekking som kjøkkenet har ansvaret for! Stor stas og utruleg godt jobba av kjøkkenet!

Hausten har i stor grad vore knytt til **TØRN** arbeidet. Eit arbeid for å i betre grad møte utfordringane i helse som kjem med fleire eldre og færre til å ivareta desse med rett helsefagleg bakgrunn.

Kva gjer me? Kven gjer det og Når gjer me det? Alle desse viktige spørsmåla vert drøfta- om og om igjen. Kvifor? for å få betre flyt, oppgåvegliding og deling samt å nytte rett kompetanse til rett tid være seg sjukepleieren, helsefagarbeidaren eller assistenten. Ein må vekk frå at alle gjer litt av alt til meir spissa oppgåver.

Dette vil i så måte, forhåpentlegvis, gi auka motivasjon for arbeidet og dermed betre å behalde eigne tilsette samt rekruttera.

Gjennom TØRN ser ein og på korleis ein kan få fleire kontinuitetsberarar- heiltidskultur samt helgeproblematikken. Det er ei kjennsgjerning at skal ein få auka heiltid samst få god, fagleg dekning må ein arbeide fleire helgetimar- så gjenstår det å sjå korleis ein skal få dette til. Fleire tilsette ved VT går langvakter og i all hovudsak er det gode tilbakemeldingar og per no ingenting som tilseier at sjukefråværet er knytt til evt belasting av dette, ei heller grunna fleire helgetimar og tredje kvar helg.

Rekruttering: Utfordringar med å rekruttera- i hovudsak sjukepleierar og særskilt stillingar på natt. Her må ein sjå på ulike løysingar for å verta meir attraktive.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	47 587	56 458	56 247	-211

Kommentar til status økonomi

Overforbruk på 211 000,- knytt til lønn.



Bebuarar med særskilt nytte for 1-1 over tid. Som ein ser har ein klart med andre grep å halde det innafor ramma.

Oppsummering tiltak

Tiltak Vindafjordtunet:

- **TØRN:** arbeidar vidare med å finne handlingsrom i lag med tilsette og eit godt partssamarbeid. Hovudfokus på sjukepleiar som team/på topp. Utover i prosjektet TØRN vil ein komme til nye arbeidstidsordningar og oppgåvedeling/gliding. Dette vil igjen gi resultat og endring for alle tilsette uavhengig av profesjon. Per oktober er ein i gong med å undersøke kven gjer kva oppgåver når.
 - Dette vil gi vidare føringar for bemanningsplanar/ arbeidstidsordningar på ein betre måte enn per i dag.
- **Arbeidsmiljø:** Framhalde det gode arbeidsmiljøet og omdømme.
- **Frivillig:** Nytte frivillige i enda større grad enn før. Ein avd.leiar har hovudansvaret for å arbeide konkret med dette.

Ølen omsorgssenter

Omtale av rammeområde

Ølen Omsorgssenter består av Somatisk Langtid med 14 plasser, Korttid/rehab med 13 plassar og Kjøkken drifta for institusjonane og heimebuande.

Til saman arbeidar det per 2022 54 tilsette på Ølen omsorgssenter. Ein har òg natt som driftar nattpatruljen (HT) som dekker Ølen, Ølensvåg, Bjoa, Vikedal, Sandeid og Imsland.

Utan å drifte innehold og Ølen Omsorgssenter dagsenter for eldre heimebuande, Fysio/ergo og vaksinekontoret (tidlegare smittevernkontoret).

Utvalde resultat

På slutten av året har det vore stor auke av pasientar som har gått over frå korttids til langtidsplassar. Grunna mangel på somatisk langtidsplasser har fleire vore på KO plass.

Korttid har i snitt hatt ca 19 langtidsplasser (gjennom året) av sine 13 plasser for 2022, med unntak av slutten av året. Korttid har hatt i snitt 0.92 ledige plasser gjennom 2022 men og 72 overliggjande døgn på sjukehus. Samstundes er fleire av plassane på KO dekka av langtidspasientar.

Liggedøgn KO: 23,5 dagar.

Pasientar på KO har hatt komplekse og tidkrevjande rutinar/prosedyrar og oppfølging som har krevd stor innsats av tilsette.

Somatisk har gått ned på personal ila 2022 grunna overforbruk her. Godt jobba av alle tilsette i endringa! I tillegg fekk ein Covid ved starten av sommaravviklinga. Dette kravde særskilt mykje av tilsette samt reinhald.



Viktige hendingar

Overgang til ein leiar for institusjonsdrift frå februar.

Nedtrekk av bemanning på somatisk til ordinær bemanning.

Sommaren starta med Corona på Somatisk avdeling. Høg innleige av tilsette, store belastningar og fråvær grunna corona. Etter kvart vart det og utbrot på korttid/rehab.

Vindafjordtunet arrangerte og i 2022 **bryggedans** og denne dagen fekk me frivillige sjåførar og bilar til å hente bebuarar ved ØOS. Dette var kjempestas og vart ein fin ettermiddag for bebuarane! Veldig kjekt å få til noko på tvers!

Matglededagen; ny matglededag med nydelig mat og drikke, fin oppdekking som kjøkken har ansvaret for! Stor stas og utruleg godt jobba av kjøkken!

Somatisk avdeling slo saman frå to stover til ei stove. Dette for å i større grad nytte dagen og ressursane på ein betre måte for bebuarane og dei tilsette.

Me har hatt inne nokre enkelte **frivillige** men ønskjer fleire! Saniteten kjem trufast samt dei Gule Englane. Før jul kunne me og få besøk av Livsgledebarnehagen igjen! Kjempestas!

Hausten har i stor grad vore knytt til **TØRN** arbeidet. Eit arbeid for å i betre grad møte utfordringane i helse som kjem med fleire eldre og færre til å ivareta desse med rett helsefagleg bakgrunn.

Kva gjer me? Kven gjer det og Når gjer me det? Alle desse viktige spørsmåla vert drøfta- om og om igjen. Kvifor? for å få betre flyt, oppgåvegliding og deling samt å nytte rett kompetanse til rett tid være seg sjukepleiaren, helsefagarbeidaren eller assistenten. Ein må vekk frå at alle gjer litt av alt til meir spissa oppgåver.

Dette vil i så måte, forhåpentlegvis, gi auka motivasjon for arbeidet og dermed betre å behalde eigen tilsette samt rekruttera.

Gjennom TØRN ser ein og på korleis ein kan få fleire kontinuitetsberarar- heiltidskultur samt helgeproblematikken. Det er ei kjennsgjerning at skal ein få auka heiltid samt få god, fagleg dekning må ein arbeide fleire helgetimar-. Ein er starta i 2022 med å kartlegge ønskje om auka stillingar (frå deltid til heiltid) og kven som ønskjer langvakter.

Rekruttering: Utfordringar med å rekruttera- i hovudsak sjukepleierar og særskilt stillingar på natt og Somatisk Langtid. Her må ein sjå på ulike løysingar for å verta meir attraktive.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Sum	42 047	44 729	38 233	-6 496



Kommentar til status økonomi

Overforbruk 2022 på 6 496 252,-.

Derav 3 831 000,- på vikarbyrå, 1 378 000,- overforbruk lønn somatisk, 1 016 000,- overforbruk KO/rehab samt overforbruk adm lønn 677 500,-.

Avvik:

- Vikarbyrå er eit stort overforbruk. Hadde ein klart å rekruttera å vore attraktive som arbeidsstad samt konkurrert med lønn - særskilt natt- hadde ein i større grad kunna unngått vikarbyrå og heller nyitta midlane på eigen tilsette.
- Somatisk hadde fram til oktober '22 meir bemanning som vart gradvis teke vekk ila året. Per oktober tilsa dette ca 1 300 000,-.
- ADM har overforbruk på 677 500,- på VP då det ikkje er budsjett til å dekke alle stillingane innafor rammene.

Avvik vidare begrunnning:

- Stort sjukefråvær- ikkje arbeidsrelatert - særskilt natt.
- Vanskeleg å rekruttera- særskilt natt men og D/A somatisk langtid.
- Dyre turnusar- arbeidar med dette i TØRN- leitar etter handlingsrom.
- Medisiner og medisinske forbruksvarer.

Oppsummering tiltak

- Framhalde fokus på HMS og AML; tilrettelegging for å hindre fråvær men og under fråvær: *god start ifh til tidlegare.*
- Innkjøp av hjelpemidler for å hindre slitasje samt betre ressursbruk og dermed betre tenester: *Innkjøp er gjort, må framleis gjera gode innkjøp.*
- Framhalde arbeidet med Tørn og heiltid samt finne handlingsrom for ein betre måte å møte tenestebehovet; *VK utmerkar seg i TØRN arbeidet- viktige grep for bemanningsplanar vert tatt. Utifra dette vidare fokus på oppgåvegliding/spissing rundt korleis me arbeidar og kven gjer kva når.*

Heimetenesta

Omtale av rammeområde

Heimebaserte tenester har omlag 46,5 årsverk og består av tenesteområde heimesjukepleie, praktisk bistand, velferdteknologi og drift av dagsenter ved Ølen omsorgs senter og Vindafjord tunet. Til tenesteområde ligg og kreft koordinator, hukommelsesteam, høyrselkontakt og matombringing.

Indre strok har base på Ølen omsorgs senter å levere tenester til heimebuande i Ølen, Ølensvåg, Bjoa, Sandeid, Vikedal og Imsland. Det er 18,63 årsverk fordelt på sjukepleiarar, helsefagarbeidrarar og assistentar. Det er registrert 118 personar som mottekk heimesjukepleie og 49 som får praktisk bistand.

Ytre strok har base på Vindafjordtunet å levere tenester til heimebuande i Vats, Skjold og Vikebygd. Det er 20,43 årsverk fordelt på sjukepleiarar, helsefagarbeidrarar og assistentar. Det er registrert 107 personar som mottekk heimesjukepleie og 36 som får praktisk bistand.



Dagsentra drifter på Ølen omsorgs senter og Vindafjord tunet og har 3,60 årsverk. Det er drift på 3 avdelingar 4 dagar per veke, tilsaman er det 49 personar som nyttar seg av dagsenter. 38 personar er på dagsenter for eldre og 11 stk er på dagsenter tilrettelagt for personar med demens.

Velferds teknologi: Heimetenesta har tatt i bruk velferdteknologi som teknologisk assistanse som skal understøtta og forsterka tryggleik, sikkerheit og mobilitet i dei tiltaka som inngår i tenestene våre. Det er plassert ut 53 medisindispensere og 193 tryggleiksalarmar med innebygd røyksensor som varslar dersom branntilløp.

Høyrselkontakt: Heimebaserte tenester har hørsel kontakt som hjelper dei med nedsett hørsle til å søkja hjelphemidlar og finna gode løysingar som fungere i kvarldagen. Det er 20% stilling øyremerka hørsle, 17 personar er registrert med teneste.

Hukommelssteamet har 40 % stilling fordelt på 2 personar og er eit tilbod til personar med svikt i minnet og deira pårørande. Teamet hjelper til med kartlegging og utgreiings-samtalar og gjer tenester til 25 personar.

Kreftkoordinatorar har 1 årsverk fordelt på to personar. Kreft-koordinatorane har oppfølging og samtalar med kreftpasientar i alle fasar av sjukdommen. Det er 65 personar som er registrert med teneste. Kreft koordinatorane underviser tilsette, pasient/pårørande og samarbeider tett med heimetenesta og spesialist helsetenesta. Kreft-koordinatorane drifta og kveldskafe for dei som er råka av kreft og deira pårørande.

Utvalde resultat

- Tenesteområde har tilpassa seg ein kvardag med stadig fleire og krevjande oppgåver.
- I løpet av 2022 har ein gått over til miljøvennlige el-bilar i heimebaserte tenester.
- Samla drift av dagsentra under ein leiar, gitt tilbod til fleire heimebuande med fokus på brukarmedverknad og aktivitet.
- Ny teknologi og digitale hjelphemiddel har bidratt til betre kvalitet og større omfang av tenester. tryggleisksalarmane er skifta ut, dei nye har sensor som vil varsle dersom det oppstår brann. Det er også mogleg å knytta andre sensorar til for å trygga heimebuande som for eksempel lokalisering, tilsynsordningar og dør sensorar. Medisindispenserar heimetenestene har deltatt i pilot og det er satt ut 63 dispensere til personar som kvalifisere til å ha nytte av medisin-dispenser for utlevering av faste medisinar.

Viktige hendingar

Året 2022 har vore året med omstilling frå å drifta under ein pågåande pandemi, til ei normalisering av drifta. Utviklinga går i retting av meir krevjande og alvorleg sjuke heimebuande. Det har skjedd ei dreiling frå institusjonsbaserte omsorg til heimetenester i kommunen. Tenesteområde må bygge kompetanse slik at me i framtida skal vera rusta til å gje fleire alvorleg sjuke gode helsetenester i heimen, heile livet.

Rekruttering, det er nå ingen ledige stillingar i heimetenestene, det er tilsett sjukepleiar og fagarbeidere i alle stillingar.

Avslutta 3-årig prosjekt i palliasjon, 86 tilsette har gjennomført digital opplæringspakke i tillegg til undervisning og kursdagar. Mål for prosjektet var å heva kompetanse innan palliasjon hjå tilsette i pleie- og omsorg og helse i kommunen, samt å leggja til rette for auka samhandling, med fokus på mest mogeleg heimetid og heimedød for pasientar som ynskjer det.



Leiarutvikling, einingsleiar og sone/avd leiar har deltatt i felles leiarutviklingskurs, frå "leiar kløft til leiar løft".

Tilsette har vist stor vilje til invasjon ved å ta i bruk ny teknologi og digitale løysingar, mellom anna ved å auka kompetanse gjennom nettbaserte løysingar og digital kurs.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	39 347	48 186	43 866	-4 320

Kommentar til status økonomi

Heimebaserte tenester har eit samla meirforbruk på kr 4 319 900. Avvik ligg til tenesteområdene, administrasjon og heimetenestene i indre og ytre stok.

Administrasjonen: Har eit meirforbruk på kr 3 192 400. Dette skuldast hovudsaklig meirforbruk på postar som ligg til drift samt merkantil stilling ligg med 20% utan lønsbudsjett og utgjer eit meirforbruk inkl arb.gjevaravgift og sos.utg. tot kr 137 300,-. I 2022 har ein og gjennomført tilbake levering av 12 stk leasing bilar i den fb har en fått meirutgifter på leasing utgifter pga verkstads utgifter ifb med oppgradering av bilar før innlevering samt betaling for overkjøpte kilometer tot kr 971 730,- Det største avviket på kr 1 777 940 skuldast overskridning på tenesta brukarstyrt personleg assistent (BPA) og utgifter for å dekka opp for forsvarleg helsehjelp for ressurskrevjande brukarar i fyrste del av året. Heimebaserte tenester har også nytta bedriftshelsetenesta til opplæring på allmøte kr 24 130,-. Ellers så finn ein meirforbruk på:

- pakking av medisinar til multi-dose kr 170 000
- lisensar og programvarer kr 359 155
- Service og drift av programvare kr 137 490

Indre strok: Har eit meirforbruk på kr 1 177 900. Dette skuldast i meirforbruk på lønspostar og drift. Fastløn ligg med mindreforbruk med kr 216 000 mens vikarpool ligg med meirforbruk kr 480 260 tek ein omsyn til dette ligg fastløn med eit samla meirforbruk på kr 264 260. Våren 2022 har vore svært krevjande med mange alvorleg sjuke brukarar, som ført til at tilsette har blitt pålagt overtid for å dekka opp for å gje forsvarleg helsehjelp, det er betalt ut kr 107 000 i overtid og kr 308 000 for vikar innleie. Fram til påskan drifta ein og 1:1 i privat bustad ved hjelp av vikarbyrå kr 522 700. Under ferieavviklinga sommaren 2022 var det innleidd vikarar frå vikarbyrå for å dekka opp for fagpersonar som var ute i ferieavvikling, tot kr 386 000, det er eit mindreforbruk på ferievikar på kr 421 160 tek ein omsyn til dette har ein eit mindreforbruk på ferieavvikling kr 35 160 sjølv med bruk av vikarbyrå under ferieavviklinga.

Ytre strok: Har eit samla meirforbruk på kr 1 102 178, dette skuldast stort sett meirforbruk på lønspostar, deler av dette ligg til tilsette som er overtalige i turnus. Når det ligg stillingar ut over det som er heimla i budsjett vert det og meirforbruk på arb.gjevaravgift og sos.utgifter, tot kr 177 380. Det er utbetalt kr 88 860,- for støttekontakt som ligg utan budsjettpost. Det er leigd inn vikarar i periodar for å dekka opp for forsvarleg helsehjelp og travle periodar med kr 69 518. Innleige ifb me ferieavvikling ligg med meirforbruk kr 136 970.



Oppsummering tiltak

- God økonomistyring.
- Utvikla heimebaserte tenester i tråd med utvikling i samfunnet.
- Auka kompetanse hos tilsette. Utvikling i behandlingsformer og metodar bidreg til at graden og omfang av spesialisering av personell auke.
- Legga til rette for at fleire som ynskje å avslutta livet i eigen heim kan få gode helsetenester heilt til livet er slutt.
- Godt omdømme, rekruttera og behalda sjukepleiar-kompetanse og helsefagarbeidrar.
- Ta i bruk ny teknologi og digitale løysingar som auke kvaliteten på tenestene og redusere behovet for tilsette.

Rus og Psykiatri

Omtale av rammeområde

Eining Rus og Psykiatri består av følgjande avdelingar:

- Psykisk helse og rus teneste samt dagsenter for personar med psykiske utfordringar, denne avdelinga er samlokalisert i Sandeid. Avdeling Psykisk helse og rus gjev individuell oppfølging tilpassa enkeltmenneske sitt behov, utfordringar og ressursar. Avdelinga gjev målretta miljøarbeid og gruppetilbod gjennom fysisk og sosial trening.
- Hauatunet - består av 8 omsorgsbustader, med heildøgntenester for personar med psykiske lidningar, lokalisert i Ølen. Dei gjev individuell oppfølging og miljøterapi.
- Fengselshelseteneste i Sandeid fengsel. Helsetenesta i Sandeid fengsel arbeider med innsette som har utfordringar både med fysisk og psykisk helse og mange har rusutfordringar. Det kan vere utfordrande å vere hjelpar, fordi det ofte er uforutsigbart kor lenge den enkelt blir verande i fengsel.
- Psykososial støttegruppe - organisering og deltaking i kommunalt kriseteam ligg også innanfor eininga.

Utvalde resultat

Helseavdelinga i Sandeid fengsel:

- 391 innsette møtte til soning i 2022
- Alle nye har hatt innkomst-samtale og samtalar etter ønske og/ eller behov
- Det har bært 27 ulike LAR - pasientar gjennom 2022, fleire har gått over til depot medisin gjennom injeksjonar.

Psykiatri bustad - Hauatunet:

- Me har auka årsverk til 17,01 % frå 16 , pga resurskrevjande brukarar. Det har vore ei utfordring med å få tilsett folk i reine helge stillingar. Det er generelt vanskeleg å få tak i helsepersonell og da spesielt sjukepleiar/vernepleiar og enda meir utfordrande å rekruttere helsepersonell med vidareutdanning innan psykisk helse og rus.
- Det har vore eit år med etterdønningar etter korona og låg aktivitet på m.a på kursfronten.



- Det me har fått av innputt innan ny kunnskap har vore kommunen sin nettbasert veiledning med psykolog kvar 14. dag. Den har vore nyttig og me har her hatt fleire rettleiingar med undervisning i fag, bl.a personlegdomsforstyrring, depresjon og angst.
- Hos bebuarane våre ser me større fysiske utfordringar i år enn tidligare. Fleire blir eldre og helsa blir dårligare. Vi har også fått ein ny ressurskrevjande brukar med tidvis store utfordringar og svært krevjande. Det er på ny oppretta kontakt med DPS pga. denne brukaren

Psykisk helse og rus og dagsenter:

- 100 nye henvisningar kom inn i 2022, ei stor auke frå haust til jul. Henvisinigane varierer i alvorleghetsgrad.
- Ein del tek nå kontakt med tenesta sjølv. me ser ein auke i re-henvisninger (personar som har vore i kontakt med oss tidligare). Barnevern/helsestasjon/jordmor henvis.
- Avdelinga har kontakt opp med 2. linje tenesta Fact Psykose, dei er innøve til Vindafjord kvar veke. Faste tlf møte med tenesta kvar veke for gjennomgang av aktuelle pasientar . Fact Rus – oppstarts fase. Nytt møte med dei i februar 2023.

Viktige hendingar

Viktige hendingar i eininga i 2022:

- Ny tilsyns lege frå oktober i Sandeid fengsel
- Fysioterapeut kjem inn i fengselet 1 gong i mnd og bendlar dei som har blitt henvist
- I rus teamet har ein tilsett erfaringskonsulent i 20% stilling, dette i tråd med føringar frå staten. Som følg av rusreforma har ein fått mulighet til å auke opp med 20% fast stilling.
- I Psykisk helse og rus, har ein starta opp med : Recoverykurs – «Mitt liv – mine val» Kurs for dei som har utfordringar knytta til psykisk helse og rus. Kurset skal fremme muligheter å ha tru på at menneske kan leve meiningsfulle liv sjølv med utfordringar. Me har halde to kurs på dagsenteret i haust eit i august og eit i nov. Eit nytt er planlagt etter påske 2023. Tanken er kurs to gonger i året eit på vår og eit på haust. Dei som arrangerer kurset er ein fagperson (her psyk spl) og ein erfarings konsulent. Dei har gått på kurs med andre kursdeltakrar. Gode tilbakemeldingar frå dei som har deltatt på kurset!
- Det blei tilsett ny avdelingsleiar etter at den forrige gjekk av med pensjon 1. mai.
- På psykiatri bustadane har ein hatt fokus på å ta tilbake kvardagen etter to år med pandemi, så ein har starta opp med sosiale aktivitetar for bebuarane igjen, ein har hatt haustfest og julebord og andre sosial tilstellingar, noko som har vore veldig positivt for bebuarane.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	23 947	26 676	27 021	345

Kommentar til status økonomi



Eininga viser eit mindreforbruk på ca. 340 000kr.

Hovudårsak til dette er vakanse i fleire avdelingar og ein har ikkje hatt innleie av personell. Året har også vore prega av koronapandemi og lågare aktivitet spesielt i forhold til kurs og opplæring. I psykiatri bustad har ein hatt eit overforbruk, mye grunna sjukefråvær og resurskrevjande bebruarar.

Barnevern

Omtale av rammeområde

2022 var eit krevjande år med utskifting i personell og eit auke i tilkomst av bekymringsmeldingar og saker. Samstundes har ein stadfesta at tenesta har ei sunn drift målt ut i får dei viktigaste parameter, inkludert økonomi. Eininga når lovkrav og har forsvarleg drifta på fleire sentrale områder innafor vedteken budsjetttramme.

Den mest framtredande utfordringa for andre halvdel av 2022 og i overgangen til 2023 er å sikre tilstrekkeleg bemanning og rekruttering av tilsette. Sjukefråværet er lågt og den eksisterande tilsettgruppa er stabil, men ein manglar folk i fleire stillingar. Dette er ei problemstilling som vil få verknad på fleire faktorar dersom ein ikkje lukkast å betre det, inkludert for økonomien.

Endring i den økonomiske ansvarsfordelinga mellom stat og kommune, gjer at refusjonsordningane er fjerna eller eigenandelane blitt så høge at kommunen må rekne med store utgifter. Til dømes: Ein får ikke lenger refusjon for forsterka fosterheimar/familieheimar og eigenandelen på ein institusjonsplass er 170 000 kr pr. mnd. Dette vil sei, at endå meir enn før, vil plasseringar utanfor heimen svært kostbare for kommunen.

Overforbruket totalt sett på omlag 1,5 millionar skyldast i all hovudsak nokre få saker som gjer meirforbruk på omfattande tiltak i heimen. Her er kommunen per no ikkje rigga for å gje denne hjelpa sjølv og kjøper tenester i frå ideell privat aktør.

Kommentarar til nettoavvik – kulepunkt med hovudorsakar:

2440 – barnevern administrasjon: Mindreforbruk på 147 134 kr.

- Mindre lønsutgifter. Gått med mindre bemanning grunna vanskar med rekruttering.
- Innhenta større summar tidlegare refusjonar, frå til dømes lønstilskot.
- God økonomistyring av administrative utgifter i samarbeid mellom merkantil og leiar.

2510 – tiltak i heimen: Overforbruk på 2 777 521 kr.

- Kjøp av private tenestar til miljøterapeutiske tiltak.
- Store utgifter knyt til tolk og advokat.
- Fleire ungdommar på ettervern som bur i fosterheimane sine etter fylte 18 år og fosterheimautgiftene blir flytta frå 2520 til 2510 fordi det no reknast som frivillige hjelpetiltak.

2520 – tiltak utanfor heimen: Mindreforbruk på 1 062 419 kr.

- Færre plasseringar. Ungdommane blir over 18 og færre nye plasseringar blir oppretta.



- Rammetilskot i samband med barnevernreforma, for å gjere opp for manglande refusjonar frå staten, er blitt satt på denne budsjettposten. Dette er ikkje blitt brukt opp og ein sit difor igjen med eit betydeleg mindreforbruk.

I samråd med økonomisjef i Vindafjord og etter samtalar med andre kommunar, har ein lagt opp til ei anna fordeling av budsjettet mellom 2510/2511 og 2520/2521 i 2023. Det er to måtar å plassere rammetilskotet frå barnevernreforma og fordele dei generelle budsjettmidlane: 1. I 2520 for å ha ein buffer i høve nye, kostbare plasseringar og gjere opp for tapte refusjonar. 2. I 2510 for å styrke arbeidet med hjelpetiltak for å unngå plasseringar. Ein ser på reknskapet for 2022 at det er det sistnemnde ein i praksis har gjort, men pengane var i større grad plassert i 2520. I budsjettet for 2023 er no meir av midlane plassert i 2510 der forbruket størst.

Eit anna tiltak planlagt for 2023 for å betre det økonomiske resultatet i tenesta er å tilsette eigne miljøterapeutar i tenesta. På denne måten vil ein avgrense bruken av private aktørar betydeleg, samt ein vil ha betre detaljstyring over korleis desse ressursane vert nytta.

Utvalde resultat

Etne Vindafjord barnevernsteneste har opplevd endringar i personalgruppa, inkludert heile leiargruppa, og eit auke i saksomfang. Det har gjort at det har vore eit krevjande år for tenesta, men resultata ein har levert både fagleg og økonomiske har vore stabile.

Halvårsrapporteringar syner til at tenesta driv innafor lovkrava.

Leiargruppa har jobba målretta med oppfølging både på gruppenivå og individuelt for å halde oppe gode nærværstal, og sjukefråværstala gjenspeglar dette på ein tydeleg og stadfestande måte.

Tenesta har fokus på å vera kreative i høve til hjelpetiltak i heimen for å betre bornet og familien sin situasjon, og å unngå brot/flytting. Dette er eit arbeid som er givande, men ressurskrevjande og ein må pårekne ein viss feilmargin i høve til om tiltaka har ynskja effekt. Ein kan tydeleg sjå i tala sin tale at det no vert nytta betydeleg meir midlar til arbeid med tiltak i heimen enn utanfor, og at færre born vert flytta.

Utvalde nøkkeltal per 31.12.22	
Meldingar	196
Ferdigstilte undersøkingar	94
Barn med hjelpetiltak i heimen	79
Ungdom som mottar ettervern etter fylte 18 år	17
Barn under omsorg	17
Akuttplasserte med samtykke	1
Akuttplasserte utan samtykke	0
Totalt i tiltak	113



Viktige hendingar

- Ny barnevernlov tredde i kraft 01.01.23. Enkelte lovendringar tredde i kraft i 2022, som til dømes at retten til ettervern vart utvida frå 23 til 25 år.
- Endringa i den økonomisk ansvarsfordelinga mellom stat og kommune tredde i kraft 01.01.22. Kommunane er no meir eller mindre heilt ansvarlege for utgiftene sjølv.
- Tenesta er med i eit felles anbud om nytt fagsystem, saman med Haugesund, Karmøy, Tysvær og Sveio. Eit naudsynt arbeid, då noverande program er utdatert og skal avviklast frå drift. Det vil koste både tid og pengar å få eit nytt program operativt.
- Det blei lagt fram ei tilstandsrapport for kommunestyre oktober 2022 og ein ny våren 2023. Dette er ei god heilskapleg skildring av Etne Vindafjord barnevernteneste og leiar anbefalar at ein les den økonomiske årsmeldinga og tilstandsrapporten saman.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022	2022	
Sum	22 544	25 957	24 379	-1 578

Kommentar til status økonomi

2022 var eit krevjande år med utskifting i personell og eit auke i tilkomst av bekymringsmeldingar og saker. Samstundes har ein stadfesta at tenesta har ei sunn drift målt ut i får dei viktigaste parameter, inkludert økonomi. Eininga når lovkrav og har forsvarleg drifta på fleire sentrale områder innanfor vedteken budsjetttramme.

Den mest framtredande utfordringa for andre halvdel av 2022 og i overgangen til 2023 er å sikre tilstrekkeleg bemanning og rekruttering av tilsette. Sjukefråværet er lågt og den eksisterande tilsettgruppa er stabil, men ein manglar folk i fleire stillingar. Dette er ei problemstilling som vil få verknad på fleire faktorar dersom ein ikkje lukkast å betre det, inkludert for økonomien.

Endring i den økonomiske ansvarsfordelinga mellom stat og kommune, gjer at refusjonsordningane er fjerna eller eigenandelane blitt så høge at kommunen må rekne med store utgifter. Til dømes: Ein får ikkje lenger refusjon for forsterka fosterheimar/familieheimar og eigenandelen på ein institusjonsplass er 170 000 kr pr. mnd. Dette vil sei, at endå meir enn før, vil plasseringar utanfor heimen svært kostbare for kommunen.

Overforbruket totalt sett på omlag 1,5 millionar skyldast i all hovudsak nokre få saker som gjer meirforbruk på omfattande tiltak i heimen. Her er kommunen per no ikkje rigga for å gje denne hjelpa sjølv og kjøper tenester i frå ideell privat aktør.

Kommentarar til nettoavvik – kulepunkt med hovudorsakar:

2440 – barnevern administrasjon: Mindreforbruk på 147 134 kr.

- Mindre lønsutgifter. Gått med mindre bemanning grunna vanskar med rekruttering.
- Innhenta større summar tidlegare refusjonar, frå til dømes lønstilskot.
- God økonomistyring av administrative utgifter i samarbeid mellom merkantil og leiar.

2510 – tiltak i heimen: Overforbruk på 2 777 521 kr.



- Kjøp av private tenestar til miljøterapeutiske tiltak.
- Store utgifter knyt til tolk og advokat.
- Fleire ungdommar på ettervern som bur i fosterheimane sine etter fylte 18 år og fosterheimautiftene blir flytta frå 2520 til 2510 fordi det no reknast som frivillige hjelpetiltak.

2520 – tiltak utanfor heimen: Mindreforbruk på 1 062 419 kr.

- Færre plasseringar. Ungdommane blir over 18 og færre nye plasseringar blir oppretta.
- Rammetilskot i samband med barnevernreforma, for å gjere opp for manglande refusjonar frå staten, er blitt satt på denne budsjettposten. Dette er ikkje blitt brukt opp og ein sit difor igjen med eit betydeleg mindreforbruk.

I samråd med økonomisjef i Vindafjord og etter samtalar med andre kommunar, har ein lagt opp til ei anna fordeling av budsjettet mellom 2510/2511 og 2520/2521 i 2023. Det er to måtar å plassere rammetilskotet frå barnevernreforma og fordele dei generelle budsjettmidlane: 1. I 2520 for å ha ein buffer i høve nye, kostbare plasseringar og gjere opp for tapte refusjonar. 2. I 2510 for å styrke arbeidet med hjelpetiltak for å unngå plasseringar. Ein ser på reknskapet for 2022 at det er det sistnemnde ein i praksis har gjort, men pengane var i større grad plassert i 2520. I budsjettet for 2023 er no meir av midlane plassert i 2510 der forbruket størst.

Eit anna tiltak planlagt for 2023 for å betre det økonomiske resultatet i tenesta er å tilsette eigne miljøterapeutar i tenesta. På denne måten vil ein avgrense bruken av private aktørar betydeleg, samt ein vil ha betre detaljstyring over korleis desse ressursane vert nytta.

NAV Vindafjord Etne

Omtale av rammeområde

NAV skal arbeida for å betra levevilkåra for vanskelegstilte slik at den einskilde får høve til å leva og bu sjølvstendig og ha eit meiningsfullt liv i eit sosialt fellesskap. Vidare skal ein gi råd og rettleiing som kan bidra til å løysa eller førebyggja sosiale vanskar. NAV kontoret består av 23,3 faste årsverk. NAV Vindafjord- Etne har ansvar for statlege arbeids- og velferdsoppgåver, økonomisk sosialhjelp inkludert krisehjelp og mellombels husvære, kvalifiseringsprogrammet (KVP), FRAM, økonomisk rådgjeving, gjeldsrådgjeving, startlån og bustøtte gjennom Husbanken og Integreringstenesta.

Økonomisk sosialstønad

I rapporten "Lavinntek og levekår i Norge - tilstand og utviklingstrekk 2022" viser dei til at andelen av den samla befolkninga som opplev å ha därleg råd har vore relativt stabil i Noreg over fleire år. I 2022 har dette endra seg. Ein utvalsundersøking gjennomført regelmessig i perioda 2017 til 2022 viser ein stabil andel med økonomisk vanskelegstilte hushaldningar fram til 2021 (7 prosent), og så ein kraftig auke til 16 prosent ved siste måling i august 2022. Dette er klart brot med den stabile, til dels nedadgående trenden frå 2002 til 2021. Ut fra denne indikatoren kan det altså sjå ut til at prisveksten allereie har slått ganske sterkt negativt ut for økonomien til ei gruppe økonomisk utsatte hushaldningar, særleg hushaldningar med låginntekt. Dette er og vår erfaring her i kommunen.

På grunn av renteauke og den ekstraordinære prisveksten i 2022 forventast det ein betydeleg auke i andel med därleg råd. Det er særleg hushaldningar med låginntekt, eller hushaldningar som mottek ytingar frå NAV som no opplev økonomisk utryggheit.

Dei auka levekostnadane påverkar alle grupper, noko som skaper nye brukarar for NAV. Personar med låg inntekt, både dei i arbeid og på andre ytingar, er no i større grad representert blant sosialhjelpposkjerar, og det er ein tendens til auka behov for supplerande sosialstønad til personar som tidlegare akkurat klarte seg sjølv.



Kjelde: <https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/kunnskap/analyser-fra-nav/analyser-sosiale-tjenester/lavinntekt-og-levekar-i-norge.tilstand-og-utviklingstrekk-2022>

Tiltak og aktivitetsplikt

NAV sitt hovudfokus er å få folk i arbeid, og me jobbar aktivt for at ingen skal gå passivt på ytingar. Me ser at det å få folk i aktivitet og arbeidsretta tiltak er bra, og det har ein stor effekt når det gjelder å koma seg tilbake i arbeidslivet. Kommunane er pålagt å setja i gong tiltak som kvalifiseringsprogrammet (KVP) og aktivitetsplikt for sosialstønadsmottakarar under 30 år.

NAV kontoret etablerte FRAM hausten 2016, som eit tiltak for unge vaksne som mottar økonomisk sosialhjelp. I 2019 opna me opp for at andre aldersgrupper og ytingar som kunne ha god nytte av FRAM. På FRAM tilbyr me oppmøte ein heil dag i veka og individuelle samtalar fysisk eller på video. Nokre deltagarar har både oppmøte og individuelle samtalar, medan andre har berre ein av delane. Me legg til rette for den enkelte deltagar sitt behov. Døme på tema ein er innom er sjølvutvikling, tankevirus, personleg økonomi, karriereverktøy, eigenmotivasjon mot utdanning/arbeid, trening på jobbintervju, CV- skriving og jobbsøknad m.m.

NAV fekk i 2021 innvilga prosjektmidlar frå statsforvaltaren til ein aktivitetskoordinator som skal jobba med ulike aktivitetstilbod, samt auka samarbeid på tvers med andre einingar i kommunen og næringslivet. Me fekk forlenga prosjektet ut april 2023, men grunna utfordring med rekruttering til aktivitetskoordinator måtte me avslutte prosjektet 01.12.2022.

I tillegg er Vaktmeisterteamet eit tiltak NAV kan nytta seg av. Dette ligg under Tilrettelagte tenester.

Utvalde resultat

Økonomisk sosialstønad

Det har vore ein auke i utbetaling av økonomisk sosialstønad frå 2021 til 2022 på rundt 4,1 mill. Den store auken skuldast i hovudsak stor busetting av flyktningar, samt at det har nesten vore ein dobling i utbetalingar av straumutgifter frå 2021 til 2022. Me ser og at fleire som tidlegare akkurat klarte seg, no har behov for hjelp då både mat, drivstoff og straumprisar er blitt dyrare. Me ser og ein auke i personar som har behov for nødhjelp.

Grunna busetting av flyktningar har det blitt fleire sosialhjelpløftmottakarar, noko som påverkar utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Nye busette flyktningar er avhengig av økonomisk sosialstønad før dei startar i introduksjonsprogrammet og får utbetalt introduksjonsstønad. Me ser og at mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde auka frå 2021 til 2022, dette har samanheng med den store busettingen av flyktningar. Talet på unge sosialhjelpløftmottakarar har og hatt ein liten auke, dette kan og forklara med stor busetting av flyktningar. Det har vore ein stor auke på barnefamiliar som mottar økonomisk sosialstønad, dette gjeld ikkje berre busette flyktningar, men og andre mottakarar av økonomisk sosialstønad.

Kategori	2020	2021	2022
----------	------	------	------



Antall mottakarar av økonomisk stønad	172	159	197
Antall med økonomisk stønad som hovudinntekt	62	53	74
Unge mottakararar under 25 år	41	36	46
Mottakararar med forsørgingsplikt	58	53	83
Antall i kvalifiseringsprogrammet	8	5	9
Antall med § 17 vedtak (Råd og rettleiing)	19	61	52
Antall med § 27 vedtak (Mellombels bustad)	3	3	3

Kvalifiseringsprogrammet

Gjennom 2022 var det 9 deltarar i kvalifiseringsprogrammet. I løpet av året var det 2 som gjennomførte programmet, den eine gjekk over til utdanning og den andre gjekk over til avklaring mot uføre.

FRAM

I starten av 2022 var det framleis restriksjonar som begrensa mogelegheit for oppmøte på FRAM sine lokalar Spire.

For nokon er det eit stort steg å delta i gruppeaktivitet. Me har i fleire tilfelle starta med individuelle samtalar kor me har blitt kjende og bygd relasjon. Dette har gjort det lettare for dei å delta i gruppeaktiviteten.

I 2022 har me følgt opp 10 deltarar. 4 av desse har me hatt oppfølging på i over 1 år. Me har tatt med oss 6 deltarar over til 2023. Me avslutta 4 deltarar på FRAM i 2022. 1 deltar hadde overgang til Menn i Helse, 1 deltar flytta ,1 deltar hadde behov for helse oppfølging, 1 deltar gjekk vidare til tiltaket Oppfølging.

Viktige hendingar

Tilsyn

Hausten 2022 hadde Statsforvaltaren i Rogaland tilsyn med NAV kontoret i kommunen. Tema for tilsynet var ansvaret Nav-kontora har for å ta vare på barn sine behov når familien søker økonomisk stønad. Statsforvaltaren undersøkte om Vindafjord kommune sørger for at arbeidet med kartlegging, vurdering, avgjerd og oppfølging av barnefamiliar vert utført i samsvar med aktuelle lovkrav slik at brukarane får trygge og gode tenester.

Statsforvaltaren peikar på følgande:

- Nav Vindafjord-Etne gjer ikkje ei forsvarleg kartlegging av barn sine behov når familien søker økonomisk stønad
 - o Det enkelte barn sin heilheitlege situasjon blir ikkje kartlagt i alle saker
 - o Dokumentasjon av kartlegginga er mangefull o
 - o Det er ikkje tilstrekkeleg kontroll av kartleggingsarbeidet



Dette er brot på sosialtenestelova §§ 18 og 19, jf §§ 4 og 43, forvaltningslova §§ 11 d og 17 og kommunelova § 25-1

Det vert no arbeida med å rette opp i lovbroten.

Avslutta prosjekt “Opp og ut”

I 2021 fekk NAV innvilga prosjektmidlar frå statsforvaltaren, og fekk tilsett ein aktivitetskoordinator i august 21. Aktivitetskoordinatoren skulle jobba med ulike aktivitetstilbod, samt auka samarbeid på tvers med andre einingar i kommunen og næringslivet.

Gjennom prosjektet sikra me at me kom i posisjon til å hjelpe fleire ut i aktivitet. Me sikra at deltakarane hadde eit fullverdig kvalifiseringsprogram (KVP) der deltakarane ikkje gjekk med tomt program over tid då dei fekk ein eller anna form for aktivitet. Me fekk kartlagt brukarane i og gjennom aktivitet både fysisk, psykisk og sosialt ved at aktivitetskoordinator hadde tett oppfølging av dei. Ved at me har involvert brukarar uavhengig av yting inn i aktiviteten har me oppdaga potensielt nye deltakarar i KVP, som då har ført til at me har fått fleire deltakarar inn i programmet.

I løpet av prosjektet blei 25 kartlagt. Resultat etter kartlegginga:

- 2 har søkt på grunnskule
- 9 har starta opp i KVP
- 1 har fått sertifikat etter å fått hjelp med teorien til klasse B
- 1 har bestått klasse C teori å fått hjelp med teorien til klasse B
- 2 har vore med på vaktmesterteamet
- 4 er med på trening på FRISK per 31.09.22

Ein person som starta opp med vaktmesterteamet i forbindelse med prosjektet kom seg etter kvart ut i 100 prosent jobb. Utan dette prosjektet med oppstart hos aktivitetskoordinator trur me ikkje at denne personen hadde klart å koma så raskt i arbeid igjen.

Prosjektet har skapt fleire arena for samarbeid slik som for eksempel vaktmesterteam, Frisk treningsenter og Etne kyrklege fellesråd. Det blei forsøk med samarbeidsmøter med aktuelle tenester for å få til ein felles aktivitet me kunne samarbeide om. Vår erfaring er at einingane ikkje har ressursar til å skape nye arenaer for samarbeid, og det er ikkje aktuelt å flytte og/eller endre på aktivitetar som allereie er oppretta i einingane.

Aktivitetskoordinatoren slutta i oktober grunna ny jobb. Me har søkt etter ny, men utan hell. Prosjektet vert difor avslutta 1. desember 2022.



Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022	2022	
Sum	10 934	13 637	12 567	-1 070

Kommentar til status økonomi

Samla meirforbruk per 31. desember er rundt kr 1,1 mill. Overforbruket skuldast i hovudsak:

- Kvalifiseringsprogrammet (KVP) har eit meirforbruk på rundt 0,5 mill. Dette skuldast at me har fleire deltagarar i programmet enn budsjettet. Dette er ein lovpålagt teneste og dei som fyller vilkåra har rett på program.
- Økonomisk sosialstønad har eit meirforbruk på 0,6 mill. Det har nesten vore ein dobling i utbetalingar av straumutgifter frå 2021 til 2022. Me ser og at fleire som tidlegare akkurat klarte seg, no har behov for hjelp då både mat, drivstoff og straumprisar er blitt dyrare. Me ser og ein auke i personar som har behov for nødhjelp. I 2022 har det vore ein auke i barnefamiliar som har behov for økonomisk sosialstønad samanlikna med 2021. Me har ikkje fått inn like mykje inntekter som me har budsjettet med i år, noko som og gjer at meirforbruket vert større.

Oppsummering tiltak

Vårt hovedfokus er å få folk i jobb, og me jobbar aktivt for at ingen skal gå passivt på ytingar. Me ser at det å få folk i aktivitet og arbeidsretta tiltak er bra, og det har ein stor effekt i forhold til å koma seg tilbake i arbeidslivet. Me har utfordringar med at ikkje alle passar inn i dei tiltaka me har, og me ser eit behov for fleire kommunale lågterskeltilbod for at brukerar skal ha noko å gå til og få forbereda seg til arbeidsretta tiltak. Det er spesielt i kvalifiseringsprogrammet me har utfordringar med å finne passande aktivitetar, men og i forhold til unge sosialhjelpsmottakarar.

Slik eg ser det så er den største innsparinga hos NAV å få folk ut i arbeid. Dette er ein vinn-vinn situasjon for kommunen, mindre utgifter på sosialstønad, samt at kommunen får fleire skattebetalarer. For at me skal lukkast med dette må kommunen investera i fleire tiltak og verkemiddel, slik at fleire kjem seg ut i lønna arbeid.

Me fekk i 2021 innvilga prosjektmidlar frå statsforvaltaren til ein aktivitetskoordinator som skal jobba med ulike aktivitetstilbod, samt auka samarbeid på tvers med andre einingar i kommunen og næringslivet. Prosjektet vart forlenga ut april 2023, men grunna utfordring med å tilsette ny aktivitetskoordinator måtte me sjå oss nødt til å avslutte prosjektet 01.12.22.

NAV Vindafjord (flyktningar)

Omtale av rammeområde



Integreringstenesta jobbar med flyktningar i både Vindafjord og Etne. Integreringstenesta besto av 3,6 årsverk ved starten av året, men vart auka til 5,5 iløpet av året. Tenesta har oppfølging av busette flyktningar i 5 år etter busetting. I nokre tilfelle strekk oppfølginga seg noko over 5 år, t.d. for personar som ikkje rekk å fullføra introduksjonsprogrammet innan 5 år. Oppfølginga inneber koordinering av introduksjonsprogram, arbeid og kvalifisering, bussningsprosessen og oppfølging kring bustad, fritid, familieliv, helse og anna miljøarbeid.

Fokuset var i 2022 å få busett eit rekordhøgt tal på flyktningar, fordelt på fleire bygder. Det handlar om koordinering knytt til bussningsfasa, skaffa bustadar, kartlegga vaksne og få dei i gang i introduksjonsprogrammet og anna type oppfølging. Det har vært lovendringar og nye ordningar å setja seg inn i knytt til flyktningar frå Ukraina. Vi har fått praktisert bersetting i fleire bygder i større grad enn tidlegare noko som medfører meir koordinering og samarbeid med kommunale einingar og frivilligheita i fleire bygder. Å busetje flyktningar i fleire bygder har synleggjort at dette medfører ekstra utfordringar som må løysast. Mykje handlar om transport og logistikk for at flyktningane skal få kvar dagen til å gå rundt. Dessverre er det allereie nokre familiar som er busett i forskjellige bygder som ynskjer å flytta då dei synest det er vanskeleg og upraktisk å bu der dei bur.

Vi har i 2022 buset fleire enn nokon gong. Sjølv om vi har fått noko auka ressursar i tenesta ser vi at det er krevjande å gi oppfølging av god kvalitet til alle vi har buset dei siste 5 åra. Vi har i tillegg til dei ukrainske flyktningane buset ein del overføringsflyktningar dei siste åra som har store oppfølgingsbehov.

Det har vært ei utfordring å få til effektive og tilpassa fulltidsprogram for deltakarar i introduksjonsprogrammet. For nokre deltakarar er det ikkje hensiktsmessig med full veke på norskopplæring, og dei er for svake i norsk til å vera i ordinære praksisplassar. For deltakarar som har fullført vidaregåande utdanning eller høgare utdanning har dei kun rett til deltaking i introduksjonsprogrammet i seks månadar. Dei fleste frå Ukraina kjem i denne kategorien. Hausten 2022 har denne gruppa hatt tre dagar med norskopplæring i veka, og målet har vore å skaffa praksisplassar dei andre to dagane. Dette arbeidet er tidkrevjande og det har vist seg å vera vanskeleg å finna eigna praksisplassar på kort tid.

Utvalde resultat

Busetting

Vindafjord kommune var i utgangspunktet oppmoda om å busetje 10 personar i 2022, medan Etne kommune ikkje var oppmoda om å busetja i det heile. Etter kort tid vart alle kommunane oppmoda om å busetje fleire, og Vindafjord var oppmoda om totalt 55 personar og Etne 15 personar. Dette vart godkjent og vedteke i kommunestyra, og innan årsslutt var oppmodingstala nådd i begge kommunar. Oppmodinga om å bersetje flyktningar er ikkje knytt eller fordelt på landbakgrunn. I løpet av 2022 vart det berset personar frå Kongo, Sudan, Syria og Ukraina. Dei ukrainske flyktningane får kollektiv beskyttelse. Det kom ingen på familiesameining i 2022. Flyktningane som har kome varierar i alder frå å vera babyar på nokre få månadar til over 70 år. Til saman i begge kommunar har 13 av dei ukrainske flyktningane reist tilbake til Ukraina eller andre land iløpet av 2022 etter at dei vart berset i Vindafjord eller Etne kommune.

Vindafjord kommune har eit mål om spreidd bersetting i kommunen. I løpet av 2022 har det blitt berset flyktningar i Ølen, Ølensvåg, Vats, Skjold, Sandeid og Vikedal. Svært mange av flyktningane som vart berset i 2022 var såkalla sjølvbusettingar. Det vil sei at dei sjølv fant seg bustad, som kommunen



deretter godkjende. Nokre av flyktningane var den første tida i kommunen under ordninga alternativ mottakslass, i påvente av opphaldsløyve og tildeling av kommune frå IMDi.

Kort tid etter at krigen i Ukraina braut ut vart det i begge kommunar oppretta tverrfaglege grupper på leiarnivå for å koordinere arbeidet og setje dei ulike tenestene i stand til å ta i mot ei større mengde flyktningar. Dei ordinære tverrfaglege integreringsteama har haldt fram med møter gjennom året og har samarbeida godt om busettinga vidare i året.

Introduksjonsprogrammet

I Vindafjord har 43 personar delteke i introduksjonsprogrammet i løpet av 2022. Totalt 11 personar fullførte eller avslutta introduksjonsprogrammet i løpet av året. Omrent halvparten er registrert med overgang til grunnskule for vaksne ved avslutning.

Det er no deltakrar i introduksjonsprogrammet etter den gamle introduksjonslova, den nye integreringslova, samt etter integreringslova med midlertidige reglar for fordrivne frå Ukraina. Etter at midlertidige reglar etter introduksjonslova vart vedteke i juni 2022 har dei vaksne flyktningane fått starta raskt i norskopplæring og introduksjonsprogrammet. Nokre deltakrar har fått seg deltidsjobb, medan nokre få vaksne har gått rett ut i arbeid utan å starte i introduksjonsprogrammet. Vi har arrangert foreldrerettleiingskurs (ICDP) for deltakrar frå Ukraina i løpet av hausten 2022.

Viktige hendingar

Kursrekke for tilsette gjennom RVTS

I 2022 fullførte kommunen den oppstarta kursrekka «Flyktningkompetent kommune» i samarbeid med RVTS. Om lag 50 tilsette frå ulike tenester har vært ein del av kursrekka. Kursa har gitt oss ny kompetanse og nye verktøy i arbeidet med flyktningar, og vi har satt fokus på samarbeid og det tverrfaglege arbeidet.

Prosjektarbeid

Vi har fleire prosjekt som vi er nøgde med å ha gjennomført og starta opp i 2022. Vi har iløpet av hausten arrangert sju bygdemøter om inkludering og mangfold. Vi starta opp eit familieprosjekt for å kople saman herbuande familiar og nye flyktningfamiliar. Vi har også samarbeida med Frivilligsentralen, Sanitetsforeininga, Haugaland kraft, Soknerådet og Mitt fargerike nabolag om arrangement og aktivitetar for flyktninggruppa.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	10 306	11 515	12 461	946

Kommentar til status økonomi



Samla mindreforbruk per 31. desember er kr 680.000.000 kr. Underforbruket skuldast i hovudsak:

- Mindreforbruk på utbetaling av introduksjonsstønad og utgifter knytt til tenesta på rundt 700.000. Me har busett alle 55 personar kommunen har fått oppmoding om å busette. Me har eit mindreforbruk på introduksjonslønn, men eit overforbruk på utgifter i tenesta, i hovudsak skuldast dette arrangement, annonser, ventehusleige, kjøp av 1. gangs helsesjekk og kjøp av undervisningstenester. På grunn av auka busetting til 55 personar fekk tenesta ved 2. tertial tilført 600.000.
- Mindreforbruk på 140.000 på lønn.
- Økonomisk sosialstønad har eit meirforbruk på rundt 160.000. Det har vore ein auke i mottakarar av økonomisk sosialstønad i år. Mykje av dette handlar om auka busetting av flyktningar. Det har og vore auke i utbetalingar grunna store straumutgifter. Me ser og at fleire som tidlegare akkurat klarte seg, no har behov for hjelp då både mat, drivstoff og straumprisar er blitt dyrare. Me ser og ein auke i personar som har behov for nødhjelp. På grunn av auka utgifter fekk tenesta tilført 0,9 mill ved 2. tertial.

Oppsummering tiltak

Kvalifisering til ordinær utdanning og arbeid er ei av våre største utfordringar når det kjem til busette flyktningar. Det er oppretta faste møtepunkt mellom rekrutteringskontakt i NAV og programrådgjevar slik at NAV med sin arbeidsmarknadskunnskap kan vera med å kartlegga framtidig behov for arbeidskraft, og dermed legge opp meir berekraftige løp for elevane. Det jobbast og aktivt med å få etablert fleire språktreningsplassar og arbeidstreningsplassar i kommunen.

Det er etablert eit tettare samarbeid mellom Integrerkingstenesta og vaksenopplæringa, og det er utarbeida ein samarbeidsavtale.

For mange flyktningar er det ein stor overgang å koma til eit framand land, og det krev mykje kompetanse av tenesteapparatet som skal ta i mot dei. Kommunen har tilbydd kursrekker gjennom RVTS for å heva kompetansen til dei tilsette slik at me er meir rusta for å gje denne gruppa ei god oppfølging.

Den nye Integreringslova trerde i kraft 01.01.2021. Dette betyr at me må rigge drifta for nye lovkrav. Den nye lova omhandlar blant anna dette:

- I forhold til norskopplæring vil det handle meir om kva nivå den enkelte er på, ikkje antal timer
- Det vil vera meir fokus på formell utdanning
- Obligatorisk foreldreveiledningskurs for alle foreldre
- Livsmestring som tema i introduksjonsprogrammet
- Meir krav til kompetansen for norsklærerane
- Fylkeskommunen skal inn med karriereveileding
- Integreringskontrakt mellom kommunen og deltagaren

Me er avhengige av at andre tenester bidrar med sin kompetanse inn i introduksjonsprogrammet slik at me får gode program som fyller lovkrava.

I 2022 har me fått anmodning om å busette 10 flyktningar. I forbindelse med krigen i Ukraina har kommunen fått anmodning om å busette ytterlegare 45 personar, altså 55 til sammen. Dette vil krevje meir ressursar på grunn av auka arbeidsmengda, samt at utgiftene vil auka. Me har auka opp med ressursar i integrerkingstenesta, men det er og ein stor auke i arbeidsmengde for team økonomi, så det vil også vera nødvendig å auka opp med ressursar her og. Det vert og auke i inntekter grunna større integreringstilskott til kommunen.



Målet er å busette utanfor Ølen, slik at me tar i bruk fleire bygder. Me har og planar om å styrke samarbeidet med dei frivillige, og har blant anna hatt informasjonsmøter i dei ulike bygdene rundt integreringsarbeid.

Helse

Omtale av rammeområde

Eining helse er ansvarleg for fastlegeordninga i Vindafjord. Fastlegeordninga inneholder to kommunale og eit privat legekontor. Tilsaman 12 fastlegar+ein turnuskandidat (LIS 1). Eining helse driftar også den Interkommunale legevaktordninga Etne/Vindafjord legevakt, fysio- og ergoterapi tenestahelsestasjon- og skulehelseteneste. Denne eininga er også ansvarleg for oppfølging av familie-teamet, i samarbeid med barnevernet.

Eining helse har også ein eigen smittevern avdeling som handterer og koordinerer ulike utfordringar innan smittevern. Avdelinga samarbeider tett med både smittevernlege og kommuneoverlege. Smittevern avdelinga driv også eit kommunalt vaksinekontor som handterer all aktuell masse vaksinering som blant anna korona vaksinering og influensa vaksinering. Dei tilbyr også reise vaksinering og har stor rettleiingskompetanse innan dette fagfeltet.

Utvalde resultat

Vindafjord helsestasjon har hatt ein auke i antal fødsler i 2022 (over 20 stk)

Det er generelt stor pågang på tenestene retta mot barn og unge, både i skulehelsetenesta, familie-teamet og i antall henvendingar til fysioterapeut. Det er ein auke i saker kring psykisk helse blant barn.

Viktige hendingar

Eining helse har i 2022 samla familie-teamet som ei avdeling under helse. Familieteamet er eit samarbeid mellom helse og barnevern. Ved å samla dei tilsette i ei avdeling oppnår ein ei meir optimal drift og ein tydligare leiing med eigen avdelingsleiar. Ein har i tråd med oppvekstreformene styrka familie-teamet med to årsverk. Det er stor etterspørsel etter tenesta familie-teamet tilbyr.

Ein har også endra leiarstruktur med eigen avdelingsleiar på helsestasjon/skulehelsetenesta dette året. Dette har styrka drifta og fagnivået vårt. Det har vore utfordrande å rekruttere helsesjukepleiarar til kommunen vår og me har deler av året mangla ressursar grunna dette. Me har nå tilsette i alle stillingane, men ikkje lykkast å få helsesjukepleiarar i alle.

Vindafjord kommune kan vise til ei stabil fastlegeordning med fastlege i alle hjelmar, samt ei stabil legevaktordning. Den interkommunale legevaktavtalen blei reforhandla i 2022.

Det blei tilsett eigen avdelingsleiar for dei kommunale legekontora dette året. Målet er å få til betre nærlleiing på begge kontora og eit tettare samarbeid mellom legekontora og blir sett på som ei styrking i fastlegeordninga.

Innan smittevern har det vore eit ekstraordinært år med gjentatte omstruktureringar og strategimelding av som følge av både Korona pandemi og krigen i Ukraina. Ein har nå skilt ut ein eigen smittevern avdeling under helse.



Ergo og fysioterapiavdelinga er ei stabil avdeling med god spisskompetanse, som blir brukt både sær- og tverrfagleg i heile kommunen. Har stor pågang på både barn og vaksne, men ventelistene er korte på dei viktigaste sakene. Har gruppetilbod med fokus på balanse, desse er svært populære. Samarbeider bra med fysioterapeutane som har kommunalt driftstilskot. Desse har og kort venteliste. Hjelpemiddelsakene aukar stadig på, og er til tider ganske omfattande. Dette er ofte fordi me tilstrebar å jobbe etter eit av måla i helse- og omsorgsplanen, at folk skal få bu heime lengst mogeleg.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022	2022	
Sum	31 273	37 963	36 656	-1 307

Kommentar til status økonomi

Eininga viser et meirforbruk på ca 1,3 mill. Avvika skyldast i hovudsak

- Kurativ fysio/legetjeneste/legevakt Utanom legevaktoppgjer mot Etne (som blei litt større enn venta) og korrigering av lønn som me alle måtte gjera, blei det oppdaga ein feil hos Hove total. Dette var ein feil i summen på nokre av taksane til legane. Feilen ligg hos Hove total, men gjordet utslag i at legane måtte få tilbakebetalt ein del summar. Periodisering av lønn frå desember 2022 utbetaadt i 2023 utgjere omlag kr 831 000. De
- Helsestasjon Grunna rekrutteringsutfordringar, vakans stilling og sjukefråvær utan vikar på helsestasjonen, var det mindreutgifter på lønn på ca 750 000

Tilrettelagte tenester

Omtale av rammeområde

Eining tilrettelagte tenester gjev målretta miljørarbeid. Tenestene er personleg, sosialt og fysisk tilpassa enkeltmenneske sitt behov. Formålet er å fremje personleg vekst og utvikling, eigenmeistring og deltaking på lik linje med andre i samfunnet.

Eininga består av 3 bufellesskap som gjev heildøgns tenester, uteteneste og Gnisten som er eit arbeids- og aktivitetssenter.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022	2022	
Sum	46 103	50 249	50 677	429



Kommentar til status økonomi

Tilrettelagdet tenester hadde eit mindreforbruk på i overkant av 400 000 kroner.

Til trass for nye og endra brukarbehev i eininga og planlegging av innflytting til Solbakken enda resultatet på litt over 400 000. Endra brukar behov og kostnader knytt til Covid i første halvår såg lenge ut til å gi negativt resultat, men endeleg kompensasjon og justering for andre forhold fekk endeleg resultat positivt.

Drifta i Eininga er balansert men opplever som øvrige einingar i helse og omsorg krevjande rekrutteringssituasjon.

Felles Helse og omsorg

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022	2022	
Sum	-7 844	-7 657	-10 667	-3 010

Kommentar til status økonomi

Vesentlig negative avvik er knytt til ressurskrevjande brukerar og auka lisensar til fagprogram. Utgifter for ressurskrevjande brukerar har vore klar progronse på, og det var forventa vesentlig overforbruk. Det er vurdert at utgiftene er naudsynte då kommunal tenesteyting åleine ikkje vil dekke behovet samt føre til stor slitasje på kommunen sine personalressurser med fare for tap av kompetanse.

Mindre positive avvik er lønnsartar grunna ledig stilling etter pensjonsavgang samt eit lengre sjukefråvær utan inntak av vikar.

Utgifter for utskrivingsklare pasientar har vore godt under budsjett. Dette er vanskelig å spå prognose for, grunna lite innverknad på dei faktorane som avgjer kva utgiftene faktisk blir.

Forvaltning, drift og utvikling

Omtale av rammeområde

Rammeområdet omfattar einingane Areal og forvaltning, Kommunaltekniske tenester og Reinhald. Vidare ligg den økonomiske overføringa til Haugaland Brann og Redning i dette rammeområdet.

Utvalde resultat

Rammeområdet har mange større planoppgåver og tverrsektorielle oppgåver. Ei samanfatning av desse er nemnt under, men utvida årsmelding er utgreidd på kvar eining.

Kommunen er godt i gang med revisjon av kommuneplanen. Planprogrammet blei vedtatt i juni 2021 og kommunen har gjennomført ein omfattande medverknadsprosess til både samfunnssdelen og arealdelen. Planarbeidet er ei oppgåve for heile kommuneorganisasjonen, men eining areal og



forvaltning har ei nøkkelrolle i dette arbeidet. I 2022 har eininga arbeida med å samanfatta innspel frå medverknadsprosessen og dette arbeidet fortset inn i 2023, grunna manglande kapasitet på plan har dette arbeidet gått seinare enn planlagt.

Arbeidet med å revidera hovudplan for vatn og hovudplan for avløp ligg litt etter framdriftsplan. Det pågår eit samarbeid med kommunane på Haugalandet knytt til reservevatnløysing. Arbeidet med å revidera Hovudplan for vatn ligg på vent til dette er avklara. Hovudplan for avløp vil bli starta når hovudplan for vatn er vedteken.

Det er stort etterslep i vedlikehald av kommunal bygningsmasse og veger. Auka areal, stadig aukande driftskrav og stor prisauke på materialar og tenester gjer at handlingsrommet vert stadig meir avgrensa. Overforbruket i 2022 skyldast heilt nødvendige reparasjonar.

Vedtatt barnehage- og skulebruksplan inneber at det må gjerast større investeringstiltak på fleire bygg. Det må gjerast ei grundigare vurdering av behov og prioritering av tiltaka.

Status økonomi

Beløp i 1000


Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
1500-Areal og forvaltning	9 209	10 502	11 947	1 444
1510-Kommunaltekniske tenester	21 747	30 967	25 776	-5 191
1515-VAR område	-8 213	-9 053	-9 707	-654
1520-Reinthal	15 238	17 403	17 319	-84
1530-Brann og redning	10 408	10 565	10 713	148
1595-Felles Forvaltning, drift og utvikling	-1 038	-1 275	-1 234	41
Sum	47 351	59 108	54 813	-4 295

Kommentar til status økonomi


Samla overforbruk på rammeområdet skyldast i hovudsak ekstraordinære straumutgifter og store kostnadars knytt til vedlikehald. Budsjettet blei tilført 4 millionar ekstra etter 1 tertial, men det blei likevel eit meirforbruk på straum på ca 2.5 million. (Dette som prognosert ved 1.tertial). Overforbruk på vedlikehald på ca 3 million skyldast heilt naudsynte reparasjonar og høg prisvekst. Det var og eit overforbruk knytt til brøyting på over 1 million. Ekstraordinære inntekter knytt til særleg utleige på Dommersnes, langtidsjukemeldingar og vakanser er årsaka til at overforbruket ikkje vart større.

Grafar Økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



— Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon — Lønn
— Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon — Overføringsutgifter — Finansutgifter



— Salgsinntekter — Refusjoner — Finansinntekter og finansieringstransaksjoner — Overføringsinntekter

KOSTRA Nøkkeltal



Kostra-analyse

	Vindafjord 2021	Vindafjord 2022	Rogaland Landet uten Oslo	Kostragruppe 01
Prioritet				
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på bioenergi, konsern	12,7 %	8,3 %	1,8 %	2,6 %
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på strøm, konsern	87,3 %	91,7 %	91,2 %	85,1 %
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	13,0	13,0	15,2	16,8
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) **)	89	117	103	124
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	8,6 %	9,0 %	9,5 %	9,5 %
Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	261	263	3	267
Produktivitet				
Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	143	193	235	189
Herav utgifter til renholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	195	192	170	177
Utgifter til driftsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	596	602	765	723
Utgifter til vedlikeholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	100	79	102	101
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr)	4 431	4 431	3 952	4 623
Miljø				
Miljø - Fornøyd m/ lokalmiljøet. Ungdata - Litt eller svært fornøyd, andel (prosent, standardisert)		63,0	68,0	
Kvalitet				
Estimert gjennomsnittsalder for kommunalt spillvannsnett med kjent alder (år)	33,0	33,0	33,0	35,0
Årsgebyr for feiling og tilsyn - ekskl. mva. (kr)	401	441	459	556
Økonomi				
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Brann og ulykkesvern	992	1 102	530	1 210
				957

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplantiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000	Ramme år 1	Status Beskriving
Tiltak		
Nye tiltak		
Fast tilsetting - ny rådgjevar byggesak	0	Ferdig Arbeidstakar tilsett i 100 % stilling.
Fast tilsetting - rådgjevar tilsyn med private avløpsanlegg	0	Ferdig Arberidstakar tilsett i 100 % stilling (med oppstart 01.03.2023)
Oppheve / utsetje innsparingstiltak	0	Ferdig Budsjettjustering



Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Auka driftstilskot Haugaland brann og redning IKS	470	Ferdig Rein budsjettjustering til faktisk tilskot
Auka drifts-/vedlikehaldsmidlar til kommunale bygg og anlegg	500	Ferdig Ekstraordinær prisvekst og mange naudsynte reparasjoner ga ingen ekstra midlar til vedlikehald, men var midlar som gjorde at underskotet ikke blei større
Sum	970	
Politisk vedtak		
Breibandsutbygging	500	I arbeid Desse midlane er restfinansieringa til breibandsprosjeket i Vikedalsdalen. Prosjektet er under bygging nå og ferdigstillast truleg i løpet av 2023.
Sum	500	
Sum tiltak	1 470	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,76 %	1,80 %	2,57 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,55 %	4,19 %	5,74 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,82 %	6,52 %	7,34 %
Årleg sjukefråvær 2022	1,08 %	4,94 %	6,02 %

Areal og forvaltning

Omtale av rammeområde

Eining Areal og forvaltning dekkar fagområda plan, byggjesak (inkl. deling), oppmåling/matikkelføring/kart landbruk (jord- og skogbruk), vilt- og fiskeforvaltning, adressering, eigedomsskatt, utslepp frå og tilsyn med private avløpsanlegg og forureining (i hovudsak frå landbruk). Eininga har og arbeidsoppgåver knytt til forvaltning av vatn (ferskvatn og fjordar) gjennom vassområdeforvaltninga (både i Rogaland og i Vestland) og deltek i eit prosjekt på frivillige tiltak i landbruket på Haugalandet.

Eininga arbeider for eit aktivt jord- og skogbruksmiljø og ei positiv samfunnsutvikling med tilrettelegging av planar for tenlege bustad- og næringsområde. Viktige delar av arbeidsdagsoppgåvene er handsaming av søknadar og planar og å yta god service og gi god rettleiing til kundar innanfor alle fagområda.

Eining Areal og forvaltning er lokalisert på Teknisk bygg i Sandeid. Pr 31.12.2022 hadde eininga 16,2 årsverk, dette er ekskludert stillingar som er vakante.

Utvalde resultat

Planarbeid

Kommunen er godt i gang med revisjon av kommuneplanen. Planprogrammet blei vedtatt i juni 2021 og kommunen har gjennomført ein omfattande medverknadsprosess til både samfunnssdelen og arealdelen. Planarbeidet er ei oppgåve for heile kommuneorganisasjonen, men eining areal og forvaltning har ei nøkkelrolle i dette arbeidet. I 2022 har eininga arbeida med å samanfatta innspel frå



medverknadsprosessen og dette arbeidet fortset inn i 2023, grunna manglande kapasitet på plan har dette arbeidet gått seinare enn planlagt.

Planarbeid omfattar og behandling av kommunale og private reguleringsplanar. Kommunen har i liten grad den kapasiteten me har behov for når det gjeld arealplanlegging. For liten kapasitet kan gå på bekostning av private forslagsstillarar, gebyrinntektene for kommunen, og ikkje minst den kommunale planlegginga (kommuneplanen, kommunedelplanar/områdeplanar for tettstadar og detaljplanar for einskildområde, til dømes bustadfelt). Eininga har i 2022 kjøpt noko tenester frå plankonsulent. Dette har vore naudsynt for å sikre framdrift i det privat- og kommunal planarbeid og det vil fortsette å vera naudsynt i 2023. Sjå nøkkeltalet lenger ned.

Byggjesak og tilsyn

Kommunen skal vera buattraktiv for alle aldersgrupper. Det er derfor ei viktig oppgåve å fremja gode buminiljø i nye bustadområde og å ta vare på kvalitetane ved eksisterande buminiljø. Byggjesaksarbeidet er prega av mange enkeltsaker som skal behandlast etter omfattande regelverk og innanfor fastsette fristar. Det blei behandla 43 nye bustadar eller tilbygg i 2022. Dette er ganske likt med åra frå 2019 til i dag.

Eininga har ført tilsyn etter Vindafjord kommune sin vedtatt «Strategiplan for tilsyn og oppfølging av ulovlegheiter etter plan- og bygningslova». Som oppfølging til strategiplanen vart det utarbeidd ein handlingsplan. Formålet med handlingsplanen er å sikra ei samla og heilskapleg styring av Vindafjord kommune sitt tilsynsarbeid og oppfølging av ulovlegheiter. Handlingsplanen vart godkjent i utval for drift, utvikling og kultur i november 2021 og gjeld for 2022 og 2023.

Oppmåling og kart

Å utføra oppmåling og grensepåvising og å få dette tinglyst er viktig for eigedomsforvaltninga i kommunen. Viktige oppgåver er og ajourføring av kart, inkludert matrikkelføring av eigedomar, bygg og adresser. Dette arbeidet skjer fortløpande. Det er over tid ganske jamnt med saker, men varierer år for år etter aktivitet på plan og byggesak.

Landbruk – vilt/fisk

Vindafjord kommune er ein stor jordbruks- og skogbrukskommune. God forvaltning av jord- og skogressursane til det beste for landbruket og busetnad i bygdene er prioriterte oppgåver. Forvaltning av ulike tilskotsordningar og handsaming av søknadar til Innovasjon Norge er viktige og arbeidskrevjande oppgåver.

Viltforvaltning knytt til hjort og rådyr er i periodar arbeidskrevjande. Det blir lagt vekt på å oppnå bestandar av god kvalitet på eit berekraftig nivå, dyr med høgare kroppsvekter, redusert skadeomfang knytt til landbruket og færre trafikkdrepne dyr. Uttak av hjort i jakta 2022 var på 1126 felte dyr.

Vindafjord har i perioden 2019-2021 hatt arbeidsgjevaransvar for den interkommunale stillinga i prosjektet "Frivillige tiltak i landbruket på Haugalandet". I januar 2022 over tok Tysvær arbeidsgjevar ansvaret for stillinga. Prosjektstillinga skal gi informasjon og rettleiing om kva tiltak ein grunneigar kan gjere på sin landbrukseigedom, som mellom anna kan bidra til redusert næringsavrenning til lokale vassdrag. Arbeidsområdet er heile Haugalandet.



Forvaltning av vassressursane

Noreg er gjennom EØS-avtalen (vanndirektivet) forplikta til å følgja opp den nasjonale vannforskrifta. På Haugalandet er dette koordinert gjennom ein felles vannkoordinator. Haugesund kommune har arbeidsgivaransvaret for den tilsette. I 2022 har det blitt utført tiltak i Åmstølsbekken, ein har rehabiliteret bekkeløpet(greve ut fintstoff og lagt ut stein og grus), samt planta kantvegetasjon her. Det har også blitt laga ein kulp i skiftesbekken. Vidare har det blitt prosjektert nytt bekkeløp i sidebekk til Blikraåna og byrja med arbeidet for å prosjektere rehabilitering av Passelva. Prosjekta er finansiert med midlar frå Miljødirektoratet, Rogaland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Rogaland.

Tilsyn med private avløpsanlegg

Utslepp frå avløpsanlegg har stor påverknad på vasskvalitet i vassførekomstar i Vindafjord kommune. Det er difor viktig at anlegga fungerer som dei skal, og at utsleppet er tilstrekkeleg reinsa før det går til resipienten. Tilsyn av avløpsanlegg er lovpålagt. I 2022 har ein tilsett utført arbeidet i 40 % stilling. I 2022 har 100 % fast stilling blitt utlyst og det er blitt tilsett ein person med oppstart 01.03.2023.

Nøkkeltal

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Nye bustad og tilbygg	55	35	41	49	41	43
Nye fritidsbygg og tilbygg	11	22	10	9	12	16
Ferdigattest	78	67	40	112	95	75
Mellombels bruksløyve	11	23	7	7	28	26
Oppmålingssaker	100	80	71	65	118	83
Krav om retting i matrikkelen	19	17	21	12	17	27
Vedtekne reguleringsplanar	8	2	9	2	5	4
Planar under arbeid	7	12	7	4	7	9
Produksjonstilskot	380	386	376	375	380	377
Regionalt miljøtilskot	224	238	239	232	240	258



Avløysartilskot ved sjukdom/fødsel	41	43	29	55	54	28
Innovasjon Norge	19	18	12	14	14	12
Miljøtiltak i landbruket	36	69	31	33	34	27
Skogbruk (NMSK)	29	13	16	30	31	28
Jordlov og konsesjonsaker	26	40	36	41	22	20
Landbruksvegar	16	14	13	25	23	19
Eigenfråsegn om konsesjonsfridom	240	191	203	204	236	191

Viktige hendingar

I 2022 har fokuset til eining for areal og forvaltning vore på å oppretthalde god og forsvarleg drift.

Eininga har bytta einingsleiar i 2022, Erle Mæland Aasheim hadde siste arbeidsdag i juli 2022, medan Thomas Vestbø tok til som ny einingsleiar 01.09.2022.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	9 209	10 502	11 947	1 444

Kommentar til status økonomi

Mindreforbruk for eining areal og forvaltning på kr 1 444 403,- i 2022. Avviket skuldast hovudsakleg:

- Mindre lønsutgifter enn budsjettet for. Det blei mellom anna budsjettet for 100 % fast stilling, på tilsyn med avløpsanlegg, men i 2022 fungerte tilsett i 40 % stilling. Ny tilset i stilling startar i 100 % stilling frå 01.03.2023. Det har og vore nokre sjukmeldingar som har gjort at eininga har hatt lågare lønsutgifter.
- Mindre utgifter til konsulentbruk enn det har blitt budsjettet for, eit mindreforbruk på 728 906,- i 2022. Årsaka til dette er mellom anna at rammeavtalen for plankonsulent blei signert først i juni, difor blei det brukt mindre midlar enn budsjettet på konsulenter på plansakar i første halvdel av året. Merk at kostnad for bruk av konsulenter i samband med regulering på Ølen idrettsområde er ført på investeringsbudsjettet og ikkje på budsjettet til areal og forvaltning.

Kommunaltekniske tenester



Omtale av rammeområde

Eining Kommunaltekniske tenester har mellom anna ansvar for drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar, anlegg, vegar, idrett- og grøntområde, sal og utleige av næringsareal, samt dei gebyrbelagte tenestene vatn og avløp. Eininga har også ansvar for sakshandsaming innanfor dei ovannemde fagområda.

Eininga held til i Teknisk bygg og på Steinsland i Sandeid, og har 25,9 årsverk.

Utvalde resultat

Vatn og avløp

I økonomiplanperioden har Statens vegvesen og Rogaland Fylkeskommune hatt store utbyggingsplanar i Vindafjord kommune. Fleire av desse utbyggingane gjeld område der eksisterande VA-anlegg er modent for fornying. Eininga deltar derfor i fleire fellesprosjekt med SVV, RogFk og ev. andre kabeletatarar, i perioden. Vedtekne hovudplanar for vatn og avløp viser at det er naudsynt med store investeringar i åra framover for å sikra god kapasitet og trygg levering av desse tenestene i framtida. Etterslep er stort. Investeringane medfører auke i vass- og avløpsgebyr.

Det pågår eit samarbeid med kommunane på Haugalandet knytt til reservevatnløysing. Det er så langt både sett på større felles løysingar samla for alle kommunane og 0- alternativ (med ulike hybrid variantar) der kvar kommune i hovudsak løyser krav til reservevatn lokalt. Arbeidet med å revidera Hovudplan for vatn ligg på vent til dette er avklara.

Arbeidet med å revidera hovudplan for avløp står på vent, og vil bli starta når hovudplan for vatn er vedteken. I hovudplan for vatn er ein av hovud-konklusjonane at det må setjast større fokus på å redusera tal på, og omfang av lekkasjar på vassleidningsnettet. Dette har vore og vil vera eit viktig satsingsområde for drifta framover.

Det er gjort innkjøp av nytt overvakkingssystem for VA og ny løysing for avlesing av vassmålarar via sms. Det blir jobba godt med å gå igjennom og oppdatera gamle avtalar, og leita etter «gratisspasjerar». Arbeidet med avtale om kjøp av digitale vassmålarar (gjeldande frå 2025) er starta.

Bygg og eigedomsforvaltning

Det er stort etterslep i vedlikehald av kommunal bygningsmasse, og vedlikehaldsbudsjettet ligg lågt samanlikna med både normalt for vedlikehald og samanliknbare kommunar. Auka areal, stadig aukande driftskrav og stor prisauke på materialar og tenester gjer at handlingsrommet vert stadig meir avgrensa. Ein stor del av ramma går til lovpålagde krav.

Vedlikehaldsetterslepet har økonomiske konsekvensar. Bygga får kortare levetid, eller det krev meir ressursar ved istandsetting/rehabilitering. Mangel på vedlikehald får også verknad på arbeidsmiljø i form av dårlegare inneklima og trivsel. Nedslitne og lite føremålstenlege lokale kan også gi dårlegare tenestetilbod til brukarane. For å ta tilbake handlingsrommet arbeider kommunen langsiktig med å få styrking av drifts- og vedlikehaldsbudsjettet. Det er viktig å sikra god forvaltning av byggmassen ved å følgja opp vedtak om bygging med vedtak om tilstrekkeleg ressursar til drift og vedlikehald.

Vedtatt barnehage- og skulebruksplan inneber at det må gjerast tiltak på fleire bygg som var utsett i påvente av vedtaket. Det må gjerast ei vurdering og prioritering av tiltaka. Når det gjeld avvik frå miljøretta helsevern er dei fleste avvika utbetra og godkjente i løpet av 2022. Det er gitt fråvik for blant anna Vats barnehage som skal leggjast ned.



For å betra system for forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av kommunale bygg og anlegg har ein dei siste åra tatt i bruk eit digitalt FDV-system. Systemet er tatt i bruk på alle kommunale bygg, og vil gi grunnlag for eit meir strategisk vedlikehald, betre og meir tilgjengeleg dokumentasjon og ein meir oversiktlege arbeidskvardag for fagarbeidarane.

Det har vore fleire langtidssjukemeldingar i 2022, noko som fører til større belastning på tilsette og oppgåver som tar lengre tid.

Veg, bruer og kaiar

Det kommunale vegnettet er på ca 10 mil. Det er utfordrande å ha eit godt nok førebyggjande vedlikehald. Vegbudsjettet ligg langt under tal for samanliknbare kommunar samstundes som lengda communal veg som skal haldast ved like aukar t.d. ved opparbeiding av nye bustadfelt.

Vegvedlikehald har ikkje hatt høg økonomisk prioritet i kommunen sine budsjett. Ut frå kommunen sin økonomiske situasjon er det vanskeleg å sjå at dette vil betre seg. Det er difor naudsynt å vurdere nedlegging/privatisering av fleire kommunale vegar og kaiar for å oppnå at budsjettmidlar og omfang stemmer betre overeins.

Det er gjennomført inspeksjon av kommunale kaiar og mange av dei er i dårlig forfatning. Det vil vera naudsynt å gjennomføra tiltak eller å privatisera desse. Det må derfor gjerast ei prioritering på kva kaiar som skal forsetja å vera kommunale.

Generelt

Eininga kommunaltekniske tenester har totalt 25,9 stillingar. Eininga har fokus på kompetanseheving gjennom deltaking på kurs og i interkommunale nettverk. Å ta vare på og vidareutvikle fagmiljø er viktig for å fylle dei forventingar eininga blir møtt med. Eininga har dyktige og engasjerte tilsette, men arbeidsomfanget høver ikkje til talet på stillingar. Dette fører til manglande tilbakemeldingar på førespurnadar, lang sakshandsamingstid, etterslep i arbeid, og at prosjekt må utsetjast. Det er ei utfordring at dokumentasjonskrav og arbeidsomfang aukar. Difor arbeider eininga med å betre rutinar og arbeidsflyt for å nå over mest mogleg med dei ressursane som er tilgjengelege. Det blir fokusert på å arbeida både sikkert og effektivt, og nye HMS-mål er etablert i avdelinga.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	21 747	30 967	25 776	-5 191

Kommentar til status økonomi

Samla meirforbruk på eininga er kr 5 190 863,-

Avviket skuldast hovudsakleg:

- Høge straumkostnader som fordeler seg på alle bygg med kr 2 448 147 (Dette er etter tilførte budsjettmidlar på 4 million etter 1. tertial)
- Smitteavfall, kostnad med smitteavfall som ikkje er budsjettert på eininga med kr 269 122
- Vedlikehald bygg og materiale til vedlikehald - meirkostnad til vedlikehald av bygg på heilt nødvendige tiltak med kr 2 413 862



- bl.a reparasjon av lekkasje på speidarbygg i Vikebygd, vasslekkasje tak Skjold skule, sanering sopp Ølen skule, kontroll varmepumpe Ølen skule, nytt gjerde Skjold barnehage, ombygging vaktrom Vindafjordtunet, brann i klasserom Vik skule, oppgradering etter nytt brannkonsept Sandeid skule m.m.
- Vedlikehald veg - meirkostnad til bl.a grusing, rep stikkrenner, soping av vear med kr 831 903
- Snøbrøyting - meirkostnad til snøbrøyting på grunn av tilgjenge for coronatesting, nye brøytekontraktar og høgare beredskapskostnad kr 1 257 463

Det er eit mindreforbruk på lønn på grunn av langtidssjukemeldingar. Det er noko meir bruk av overtid. Totalt mindreforbruk 761 490,-

Det er og ekstra inntekter utover budsjett på ca kr 1.5 million som blant anna skyldast utleige på Dommersnes.

VAR område

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	-8 213	-9 053	-9 707	-654

Kommentar til status økonomi

Det er eit mindreforbruk på VAR-område med 653 597,-

Stor aktivitet har gitt eit overforbruk på lønn med ca kr 300 000. Straum har eit meirforbruk på kr 742 128 som skuldast høge straumprisar.

Vedlikehald anlegg har eit meirforbruk på 1 991 322,- Dette skuldast stor aktivitet og fokus på å stoppa lekkasjar, byte av kummar etc.

Det er ein auke i inntektene på kr 3 390 212. Det har vore stort fokus på å kontroll av gebyr og tilknytingsavgifter, og det er funne mange «gratispassasjerar» som har blitt etterfakturert, og dette viser igjen i rekneskapet.

På vedlikehald veg er det eit overforbruk på kr 518 231. Det er budsjettert for lågt.

Reinhald

Omtale av rammeområde

Eininga har 34 tilsette fordelt på vel 25,3 årsverk totalt. Administrasjon 1,1 årsverk, fordelt på 1 årsverk leiar og 0,1 årsverk merkantil. Vaskeri 1,27 årsverk og resten på reinhald.



Eininga sitt reinhald på kommunale bygg består av dagleg reinhald, ekstra periodisk reinhald nokre gonger gjennom året, samt årleg grundigare hovudreingjering. Smittereinhald vert utført ved behov.

Vaskeriet på Vindafjordtunet vert drifta av eining reinhald. Her blir privattøy til bebruarane på begge omsorgssentra vaska, i tillegg til dyner, puter, gardiner, dukar osb. I tillegg utføres smittevask av tøy, noko som er ei utfordring å få utført på tilfredsstillande måte, utan barrieremaskin.

Eininga sel reinhald til private som ynskjer å kjøpe reinhald ved utflytting av kommunal bustad.

Dei tilsette i eininga representerer mange forskjellige land og kulturar. Dette gir eit variert og lærerikt arbeidsmiljø, men også nokre utfordringar med kommunikasjon og opplæringsbehov.

Utvalde resultat

Året 2022 har ført oss nærmare ei normal drift enn det me har vore dei to føregåande åra. Covid har i ei viss grad påvirka 2022 gjennom etterslep på periodisk reinhald, større fokus og forventingar til reinhald, endra forbruksvanar samt slitasje på personalet. Har derfor også i 2022 medført ein del bruk av ekstrahjelp.

Svært høg prisstigning, i tillegg til endra vanar vedr håndhygiene etc, har ført til stor auke i kosntader på reinhaldsutstyr. Sannsynlegvis vedvarande kostnad.

Der er starta innkjøpt av it-utstyr for å starte nødvendig digital løft i eininga. Kjem meir kostnader.

Der er kjøpt inn nye maskiner/utstyr for å erstatte gamle utslitte maskiner/utstyr. Kjem meir kostnader.

Der er starta innkjøp nye maskiner til bygg/avdelingar som ikkje har hatt maskiner før. Dette både for å avlaste reinhaldar mht slitasje, samt bidra til høgare kvalitet på reinhaldet.

Viktige hendingar

2022 har vore eit driftsmessig meir normalt år enn «covid-åra» 2020 og 2021.

Generell forventning og fokus på reinhald har auka. «Ny normal» vil nok aldri verta heilt som før mht reinhald og hygiene. Dette vil gjelde både forbruk av reinhaldsartiklar, tidsbruk og kvalitet på utføring.

Svært høg prisstigning, i tillegg til endra vanar vedr håndhygiene etc, har ført til stor auke i kosntader på reinhaldsutstyr.

Kommunen sin overgang til papirlaus kvardag mht timelister, eigenmeldingar, personalmeldingar etc har vore, og er, ein krevjande overgang for eininga. Svært få reinhaldarar har hatt tilgang til kommunalt it-utstyr, svært få har hatt kommunal e-post eller tilgang til kommunale digitale plattformer.

Eininga har starta eit digitalt løft for reinhaldarane når det gjeld IT-utstyr og tilgang/opplæring til digitale kommunale plattformer. Fleire tilsette har nå tilgang til kommunal e-post, teams, intranett, digitalt stoffkartotek, kan sende inn digitalt timelister, eigenmeldingar, søknader om ferie/permisjon etc. Arbeidet vert vidareført, både med å gjøre det mogeleg for enda fleire tilsette å nytte dei digitale systema, samt få fleire oppgåver i eininga digitalisert. Dette digitale løftet er utfordrande å få til både mht digital forståing, språk og kapasitet til opplæring/oppfølging av den administrative delen av eininga, som består av einingsleiar og berre 0,1 årsverk merkantil.



Vedtaket i skulebruksplanen om å oppretthalde skule- og barnehagestrukturen tilnærma lik som før, er med å legg føringar i drifta vidare. Dette gir utfordringar i logistikk, effektivitet og ikkje minst i kostander når det gjeld f.eks gamal maskinpark, mange deltidsstillingar etc.

Eininga har hatt samarbeid med Nav om periodevis arbeid i vaskeri og merkantilt arbeid, i samband med arbeidsavklaring. Me har opplevd dette positivt, og har fått same tilbakemelding til oss. Samarbeidet fortsetter i 2023.

Eininga fekk i slutten av 2022 samarbeid med AOF om oppstart av gratis 50-timars norskurs i Ølen. 13 av reinhaldarane takka ja til dette. Samarbeidet fortsetter i 2023.

Endringar i personalet som frigir stillingsprosentar er løyst med at tilsette som har ufrivillig deltid har fått høgare stillingsprosent og vikarar med opparbeida rettigheter har fått fast tilsetjing.

Knapp ressurs på 0,1 årsverk merkantil i ei eining med 34 fast tilsette + mange vikarar, flat organisasjon utan noko form for avdelingsleiarar eller fagleiarar, har vore svært utfordrande i drifta av eininga. Einingsleiar har i tillegg til einingsleiar-oppgåver og personalansvar for 33 personar både koordinering og oppfølging dagleg drift. Mangel på merkantil hjelp fører til at framdrift på forskjellige områder i eininga tar lang tid, oppfølging av dei tilsette er krevjande. For einingsleiar er det vanskeleg å få tatt ut ferie etc, og har ingen løysing for stedfortredar.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	15 238	17 403	17 319	-84

Kommentar til status økonomi

Meirforbruk per 31.desember 2022 er kr 85.000 Eininga har fått dekka koronakostander i 2022.

Det går tilnærma i null når direkte kostnadene til Korona er trekt av. Før 2020 hadde eininga stort sett eit underforbruk og det er derfor også lagt inn eit framtidig nedtrekk på driftsbudsjettet. Dette var eigentleg allereie lagt inn frå 2022, men er sagt må vurderast på nytt.

Generell forventning og fokus på reinhald har auka. «Ny normal» vil nok aldri verta heilt som før mht reinhald og hygiene. Dette vil gjelde både forbruk av reinhaldsartiklar, tidsbruk og kvalitet på utføring. Det har vore kraftig auke i prisar på reinhaldsutstyr.

Det har og vore auke i reinhaldsareal utan at tilsvarende ressurs vert tilført eininga. På Ølen omsorgssenter har det vore behov for utstrakt ekstrahjelp på kortidavdelinga. Det er stadig inn- og utflytting av pasientar. Reinhaltsressursen er ikkje lenger i samsvar med drifta i avdelinga.

Der er starta innkjøp av it-utstyr for å starte nødvendig digital løft i eininga. Det har og vore behov for å kjøpe inn nye maskiner/utstyr for å erstatte gamle utslitte maskiner/utstyr. Fortsatt mykje gamalt utstyr. Der er starta innkjøp nye maskiner til bygg/avdelingar som ikkje har hatt maskiner før. Dette både for å avlaste reinhaldar mht slitasje, samt bidra til høgare kvalitet på reinhaldet.



Brann og redning

Omtale av rammeområde

Vindafjord kommune er med i Haugaland brann og redning IKS. Selskapet er eit samarbeid mellom fleire kommunar på Haugalandet for å løse kommunene sitt ansvar og sine plikter etter brannvernloven.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	10 408	10 565	10 713	148

Kommentar til status økonomi

Det er eit mindreforbruk på omlag kr 150 000 for 2022.

- Inntekter frå feiring er på budsjett.
- Kjøp av tenester frå Haugaland brann og redning IKS er i tråd med budsjett. Kjøp av tenester frå Haugesund kommune er omlag kr 10 000 under budsjett.
- Det låg ein udisponert post på felles administrasjonsutgifter på omlag kr 150 000.

Felles Forvaltning, drift og utvikling

Omtale av rammeområde

Fellesområder for rammeområdet. Her er det budsjettet midlar til lønnsvekst og reguleringspremie pensjon, i tillegg til at det ligg midlar til satsing på breiband.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr
	2021	2022		
Sum	-1 038	-1 275	-1 234	41

Kommentar til status økonomi
